



# Jakta på russisk stordom

**Ungdomsrørsla Nasjis idéhistoriske  
rammeverk i to politiske manifest**

**SVF-3906**

**Skriven av**

**Kristian Dischler**

*Mastergradsoppgåve i russlandsstudiar  
Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning  
Universitetet i Tromsø  
Våren 2013*





# Jakta på russisk stordom

**Ungdomsrørsla Nasjis idéhistoriske  
rammeverk i to politiske manifest**

**SVF-3906**

**Skriven av**

**Kristian Dischler**

*Mastergradsoppgåve i russlandsstudiar*  
*Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning*  
*Universitetet i Tromsø*  
*Våren 2013*



# Forord

Kjære leser, det å skriva ei masteroppgåve er ein smertefull prosess. Det er til tider interessant, artig, stimulerande og heilt fantastisk, men det som dominerer er kjensla av kvalar og liding. Det heile starta litt utpå hausten i 2011. Medan mørkret breidde om seg, vaks idéen om å skriva om ei Kreml-venleg ungdomsrørsle fram. Eg såg på dette som ein unik sjanse til å få eit innblikk i den politiske stoda i dagens Russland. Alle som fylgjer litt med, veit at det er ikkje lett å fylgja med, om du forstår kva eg meiner.

Medan eg las bakgrunnsmaterialet kom eg fram til at det er ei kjerne av sanning i myten om at dess meir du les, jo betre forstår du at du ikkje veit så mykje. Det å skriva ei masteroppgåve har vore svært lærerikt. I samråd med rettleiar vaks det fram eit historisk perspektiv på oppgåva som gjorde det mogleg å setja ideologiske idéar i den russiske samtida i samanheng med historia. Resultatet av denne prosessen, som vart avslutta i midten av mai 2013, sit du no med mellom hendene og eg er glad for at du gjer det. Det betyr a) at eg har minst éin leser og b) at prosessen er over. Både delar vekkjer stor glede i meg.

Eg ynskte å syna mine kunnskapar i russisk språk, men ikkje direkte. Nett difor var det sentralt for meg å velja eit tema som ville gjera at eg fekk bruk for denne kompetansen, mellom anna ved å lesa primærkjelder og sekundær litteratur på russisk. Å lesa akademiske tekstar og ideologiske programfråsegn er noko anna enn å lesa skjønnlitteratur eller læreboktekstar som har språkopplæring som hovudføremål. Læringskurva var bratt, men artig. Dessutan kan eg stolt meddela om at eg *ikkje* sleit ut fleire ordboksett medan masteroppgåveskrivinga pågjekk, noko som kan tyda på at russisken min ikkje er så verst.

Det er på sin plass å takka ei rad menneske og omstende. Fyrst og fremst retter eg takksemد til rettleiar Kari A. Myklebost ved Institutt for historie og religionsvitenskap ved Universitetet i Tromsø, takk for faglege og oppmodande innspel av ryddig og konstruktiv art. Tusen hjartleg takk for at du aldri spurde om eg ikkje heller ynskte å utsetja innleveringa! Å verta ferdig på normert tid var særskilt viktig for meg.

I tillegg er det viktig for meg å takka medstudentane mine for det gode miljøet i Breiviklia. Dette inkluderer både dei som var i same båt som meg og dei som nyss hadde borda det

søkkande skipet og ikkje skulle levera føre året etter meg. Til dei vil eg seia som Åge Aleksandersen: *Hald stø kurs mot stupet, folkens!* For mi eiga rekning legg eg til: NAV ventar på dykk! Elles er det sanneleg på sin plass å retta ein stor takk til riksringkastarens solide nettbaserte fjernsynsteneste samt til korrekturlesarane mine og elles familie og dei som står meg nær. Dei sistnemnde har stadig minna meg om at det finst eit liv etter innleveringsdatoen som det er verdt å sjå fram til. Tusen takk til alle saman! Spesielt vil eg takka E. A. R. Fagerheim, H. M. Molde for korrekturlesing og sist men ikkje minst A. A. Abramova for at ho heldt ut.

Mine gode hjelparar har utan tvil reist sentrale spørsmål ved oppgåva mi som har i sin tur har gjort det mogleg å skriva betre og unngå misvisingar og feil. Eventuelle feil og manglar er det likevel eg som har det fulle og heile ansvaret for.

Kristian Dischler

Breiviklia, Tromsø, 15/5-2013

# Komplett innholdsliste for masteroppgåva

Forord.....	III
Innhaldsoversikt.....	V
Merknader om transkripsjon og omsetjing.....	VII
<b>1.0 Nasji: ei innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Problemstillingar.....	3
1.2 Analytiske kategoriar.....	4
1.3 Kjeldemateriale.....	5
1.4 Metode.....	7
1.5 Tidlegare forsking.....	8
1.5.1 Sekundær litteratur om <i>Nasji</i> .....	9
1.5.2 Annan sekundær litteratur.....	12
1.6 Omgrepssavklåring.....	14
1.7 Oppgåvestruktur.....	16
<b>2.0 Russland og russisk ungdom etter 1985.....</b>	<b>17</b>
2.1 Frå Sovjetunionen til Den russiske føderasjon.....	17
2.1.1 Eit imperium går i oppløysing.....	18
2.1.2 Det kaotiske demokratiet.....	19
2.1.3 Eit samfunn i økonomisk og moralsk oppløysing.....	21
2.1.4 Oligarkane ser dagens ljós.....	22
2.1.5 Vilkåra til ungdomen vert endra.....	23
2.1.6 Minne om det som var.....	24
2.2 Russland i Putins tistelmjuke jarngrep.....	26
2.2.1 Russland etter år 2000.....	27
2.2.2 Maktsentralisering under Putin.....	28
2.2.3 Karakteristikkar av det noverande regimet i Russland.....	32
2.2.4 Russiske media og ungdomen, eit teikn på mistillit.....	35
2.2.5 Det russiske sivilsamfunnet og ungdomen.....	37
<b>3.0 Nasji: bakgrunn, oppstart, utvikling og framferd.....</b>	<b>41</b>
3.1 Byrjinga.....	41
3.1.1 Frå <i>Idusjtsjie</i> vmeste til <i>Nasji</i> .....	42
3.1.2 Ukraina som fødselshjelpar.....	42

3.2 <i>Nasjis</i> liv i tre fasar.....	44
3.2.1 «Street warfare» – 2005–2007.....	44
3.2.2 Inkorporering inn i partipolitikken – 2007–2008.....	45
3.2.3 Lov og orden? – 2009–2012.....	46
3.2.4 Omdaning til eit politisk parti? – 2012–2013.....	47
3.3 <i>Nasjis</i> framferd i det offentlege rom.....	47
3.4 Dei politiske og økonomiske banda mellom <i>Nasji</i> og Kreml.....	51
3.5 Medlemstal og organisasjonsstruktur.....	53
3.5.1 Storleik.....	53
3.5.2 Oppbygging.....	55
<b>4.0 Nasjis politiske retorikk: Nasjonsbygging, utopisme og putinisme.....</b>	<b>57</b>
4.1 Dei innhaldsmessige hovudtrekka i manifesta.....	57
4.2 <i>Nasji</i> og tankar om Russlands eigenart.....	60
4.2.1 Slavofile og vestvendte.....	61
4.2.2 <i>Nasji</i> og slavofile idéar.....	62
4.2.3 <i>Nasji</i> og vestvendte idéar.....	65
4.2.4 <i>Nasji</i> og ein russisk Sonderweg.....	67
4.3 <i>Nasji</i> og uttrykk for realpolitiske tilhøve.....	70
4.3.1 Kreml-venleg kraftpatriotisme.....	71
4.3.2 Etableringa av eit fiendebilete.....	76
4.3.3 Modernisering.....	79
4.3.4 Suverenitet.....	83
4.3.5 Leiarskap.....	85
4.4 <i>Nasji</i> og førestillingar om eit utopisk samfunn.....	88
4.4.1 Utopi i russisk historie.....	89
4.4.2 Sonderweg, ein utopi om Russland som ein verdsfrelsar.....	90
4.4.3 <i>Nasjis</i> generasjon, eit <i>homo russikus</i> .....	92
<b>5.0 Oppsummering.....</b>	<b>95</b>
5.1 Om historia og rørsla.....	95
5.2 Frå manifesta: Om russisk stordom.....	97
<b>6.0 Litteraturliste.....</b>	<b>101</b>
Appendiks.....	121

# **Merknader om transkripsjon og omsetjing**

I denne oppgåva har eg nytta russiskspråkleg litteratur og omtala russiske institusjonar, namn og liknande. Direktesitat frå russiske kjelder, anten det er frå primærkjeldene eller frå sekundærlitteraturen er ikkje transkribert. Ein lesar som ikkje kan russisk vil ikkje ha særleg nytte av ein transkribert versjon. I staden har eg vald å omsetja sitata til norsk, medan originalsitatet i russisk språkdrakt, med kyrilliske bokstavar, er ført inn i ei fotnote. Dette gjeld berre russiskspråklege kjelder. Der kjeldespråket har vore engelsk eller norsk, står direktesitata på originalspråket. Eg kunne ha vald å ha direktesitata på russisk i hovudteksten og ikkje i fotnotar, men dette vart vurdert som lite omsynsfullt overfor lesarar som ikkje er kjende med russisk språk.

Namn på institusjonar og organisasjonar som har innarbeida norske namn er førde opp med det norske namnet i teksten, medan det i ei fotnote er førd opp det russiske namnet både med kyrilliske og latinske bokstavar. Dette vert gjort fyrste gongen institusjonen eller organisasjonen vert nemnd. I somme tilfelle har det vore vanskeleg å finna gode norske omsetjingar av namn på russiske institusjonar og organisasjonar. Desse har i hovudsak vorte omtala i hovudteksten med ein transkribert versjon av namnet. I ei fotnote har eg førd inn det russiske namnet med kyrilliske bokstavar fyrste gongen det vert nemnt.

Eg har transkribert frå russisk til norsk slik Språkrådet tilrår. Dette vil kunne føra til inkonsekvens i høve direktesitat frå engelsk som har eit anna transkripsjonssystem. Til dømes gjeld dette den russiske bokstaven *ě* som i engelsk ofte vert transkribert til *e*. Eg har nytta *jo* for denne bokstaven, der *o*-elementet vert utalt tilnærma norsk *å*. Eit anna problem oppstår ved transkripsjon av teiknet *ь*, òg kjent som *blautt teikn*, som i russisk inneber ei palatalisering av den føregåande konsonanten. Dersom teiknet står føre ein vokal, fører dette til at vokalen skal uttalast med *j* fyrst. I denne oppgåva har eg nytta ' for å markera det blaute teiknet. Eg har freista å leggja transkripsjonen så tett opp til uttale som mogleg, men med Språkrådets tilrådingar i botn. Avvik vil førekomma, men der har det vorte teke omsyn til nett uttalen.



# 1.0 Nasji: ei innleiing

"Sjekk deg sjølv: dersom du drøymer om å verta jurist, økonom, psykolog eller noko anna fullstendig unyttig i framtida, dersom du ikkje ynskjer å arbeida, men drøymer om ein [arbeids]plass 'på kontor', dersom du ynskjer å leva livet slik som foreldra dine, så betyr det mest sannsynleg at konturane til livsambisjonane dine er låge og enkle. Dei høyrast slik ut: 'Å leva og å halda ut' - først ut utdanningslaupet, deretter til lønsutbetalinga, vidare til pensjonsavgangen og etterpå til grava. Dersom det er slik, då er du ikkje på same sti som oss. Du er rett og slett ikkje VÅR. DU ER OVERFLØDIG: ballast, ein som flyt med straumen. DU ER GRUNNNVOLLEN I NEDERLAGET!

Dersom du drøymer om å verta noko ekstraordinært, som samstundes om 10 år er heilt naudsynt: nanomedisinlar, spesialist på alderdomsstyring, romskipspilot eller romguide, arkitekt eller designar av russiske måne- og marsbasar, astrogeolog, virtuell pedagog, dersom du drøymer om di eiga verksemd innafor klimakontroll, vertikalt jordbruk, dersom du reknar med å gjera ein praktisk innsats for å løysa problemet med udøyeliggjord hjå mennesket eller utviding av det menneskelege minnet ved hjelp av overføringer som inneheld informasjon frå andre berarar, då er DU heilt sikkert VÅR og oppgåva til RØRSLA er å hjelpe deg med å realisera drøymen din i Russland"<sup>1</sup> (Nasji 2010: 9, originalens kapitalar).

Dette står å lese i det politiske programmet til *Den demokratiske antifascistiske ungdomsrørsla VÅRE*,<sup>2</sup> frå 2010. I *Adresseavisen* kunne me mandag 29. august 2011 lesa om ein dansk-russisk journalist sitt møte med ein av sommarleirane til denne ungdomsrørsla:

"Det høres kjent ut: Store telt reist i skogen. Kjempeportretter av landets ledere. Propagandaplakater [...]. Når man [...] er vokst opp i det tidligere Sovjetunionen, føler man seg nesten tilbake til Sovjettidens Komsomol-leirer for patriotiske ungdomskommunister når du besøker den russiske ungdomsbevegelse Nasjis stor sommerleiren [sic!], Seliger Forum, ved en vakker innsjø ca. 380 km fra Moskva"<sup>3</sup> (Serebriakov 2011).

---

<sup>1</sup> Original: Проверь себя: если ты мечтаешь стать юристом, экономистом, психологом или еще кем-то совершенно ненужным в будущем, если ты не хочешь работать, а мечтаешь о месте «в конторе», если ты хочешь прожить жизнь так же, как твои родители, значит, скорее всего, контур твоих жизненных амбиций приземист и прост. И звучит он так: «Протянуть и Дотянуть» - сначала до окончания вуза, потом - до зарплаты, потом до пенсии, потом – до могилы. Если это так, то нам с тобой не по пути, ты – не НАШ по своей сути. ТЫ – ПОТЕЧЕНЕЦ: балласт, плывущий по течению. ТЫ – СУБСТРАТ ПОРАЖЕНЧЕСТВА!

Если ты мечтаешь стать кем-то совершенно неординарным, но при этом совершенно необходимым через 10 лет: наномедиком, специалистом по управлению старением, космическим пилотом или экскурсоводом, архитектором и дизайнером российских лунных и марсианских баз, астрогеологом, виртуальным педагогом, если ты мечтаешь о своём бизнесе в сфере управления климатом, вертикального земледелия, если ты рассчитываешь внести практический вклад в решение проблемы бессмертия человека или расширения человеческой памяти путём переноса, накопившейся в ней информации на иные носители, то ТЫ - определенно – НАШ, и задача ДВИЖЕНИЯ – помочь тебе реализовать свою мечту в России.

<sup>2</sup> Original: Молодёжное демократическое антифашистское движение "НАШИ".

Transkribert: Molodjoznoe demokratischeskoe antifasjistskoe dvizjenie "NASJI".

Heretter: Nasji, som eigentleg er eit egedomspronomen som på norsk betyr våre.

<sup>3</sup> Artikkelen, slik han stod på trykk i *Adresseavisen*, var omsett frå dansk, opphavleg trykt i avis *Politiken*, og dei skjemmande skrive- og språkfeila skuldast nok denne omsetjinga, samt at journalisten truleg ikkje hadde dansk som morsmål.

Sidan opplysinga av Sovjetunionen<sup>4</sup> i 1991 har hovudarvtakarstaten, Den russiske føderasjon, endra seg på mange vis, først under Boris Jeltsin med liberaliserande marknadsøkonomiske og demokratiske reformer, deretter under Vladimir Putin med sentralisering og innstrammande reformer.

I 2005, eitt år uti den andre presidentperioden til Putin, vart ungdomsrørsla *Nasji* skipa. Ifylgje sine eigne fråsegner såg ho på seg sjølv som ein støttespelar for det sitjande regimet, det vil seia Vladimir Putin og Dmitrij Medvedev.<sup>5</sup> I februar 2013 skreiv den russiske avisa *Izvestija* at *Nasji* skulle omorganiserast og døypast om til Det allrussiske ungdomsforbundet<sup>6</sup> (Izvestija 2013). Ungdomsrørsla kom ikkje med nokon offisielle fråsegner i samband med dette, men det er mykje som tyder på at rørsla ikkje lenger er aktiv.

Når det gjeld storleiken til *Nasji*, kjem ulike kjelder med ulike medlemstal. Somme opererer med tal på 300 000 medlemmar (Petrone 2011<sup>A</sup>: 181), andre med tal på 100 000 (Levintova og Butterfield 2010: 157–158). Trass i medlemstalsspriket var rørsla blant dei mest synlege ungdomsrørslene i heile Russland medan ho eksisterte.

*Nasji* vert skildra som ei regimevenleg rørsle, eller ei Kreml-venleg rørsle (Lassila 2012, Atwal 2011). Innafor russisk politikk vert namnet Kreml nytta som ei samlenemning for sentralstyresmaktene som er underlagde presidentembetet, særleg presidentadministrasjonen (Hønneland 2006: 30). Mykje tyder på at sentrale krefter i Kreml både var med på å skipa rørsla og finansiera henne (Loskutova 2008: 260, Jørgensen 2008: 92–94).

Pussig nok eksisterte det ingen offisielle band mellom *Nasji* og dei russiske styresmaktene, men både Putin og andre har vore til stades på *Nasji*-arrangement, til dømes på sommarleirane ved Seligersjøen, òg kalla Seliger Forum. Støtta til det sitjande regimet må kunne skildrast som bortimot ukritisk. Ved fleire høve har ungdomsrørsla samla mange tusen unge i gatedemonstrasjonar der det har vorte uttrykt støtte til regimet, særleg til Putin. Punkta over vil eg koma attende til i mellom anna kapittel 3.

<sup>4</sup> Sovjetunionen: Heretter: SSSR (Samveldet av sosialistiske rådsrepublikker. På russisk: Союз социалистических советских республик).

<sup>5</sup> Vladimir Putin vart vald til president i 2000, gjenvald fire år seinare og i 2012 gjekk han igang med sin tredje periode etter fire år med Dmitrij Medvedev som var Russlands øvste leiar frå 2008 til 2012.

<sup>6</sup> På russisk: Всероссийское сообщество молодёжи. Transkribert: Vserossijskoe soobsjtsjestvo molodjozji.

Det at *Nasji* har vore hyppig omtalt i media og at rørsla har tilsynelatande nære band til Kreml vekte interessa mi for henne. I tillegg ville det å skriva ei masteroppgåve om rørsla gjeva meg ein sjanse til å få eit betre innblikk i moderne russisk politikk, samt å forstå den idéhistoriske grunnmuren som denne regimevenlege ungdomsrørsla kvilte på. Sitatet som innleia dette kapittelet er ganske typisk for henne. Fyrst identifiserer rørsla dei som ho ikkje vil ha noko med å gjera og omtalar denne gruppa som unyttig og overflødig. Deretter identifiserer rørsla dei som ho ser på som nyttige i framtidas Russland. Allereie her ser me fleire interessante aspekt. For det fyrste har *Nasji* klåre tankar om framtida og Russland i framtida. For det andre ser det ut til at det viktigaste er ikkje å vera til nytte berre for seg sjølv, men til fordel for landet. Av sitatet ser me at rørsla er budd til å hjelpe dei som ynskjer å velja yrke som er viktige i eit framtidig Russland.

## 1.1 Problemstillingar

Hovudproblemstillinga i denne masteroppgåva er formulert slik: *Kva slags idéhistoriske tradisjonar kviler den Kreml-venlege ungdomsrørsla Nasji på?* For å finna svaret ynskjer eg å gjennomføra ei retorisk analyse av to politiske program som *Nasji* har publisert, høvesvis i 2005 og 2010, for å identifisera det politiskideologiske rammeverket som rørsla byggjer på. Dette vil kunne hjelpa oss med å forstå kva *Nasji* meiner er viktig i historia og kva slags idéhistoriske tradisjonar rørsla meiner at framtidas Russland skal byggjast på. Alt her er det viktig å understreka at ungdomsrørsla ikkje berre ser bakover i tid, men òg framover.

For å kontekstualisera hovudproblemstillinga ser eg det som naudsynt å kartleggja etableringa, utviklinga, framferda, storleiken og organiseringa av *Nasji*. Naturlege underproblemstillingar i den samanheng er: *Korleis såg Nasji dagens ljós? Korleis endra rørsla seg i laupet av levetida si? Kor mange medlemmar har ho? Kva kan seiast om banda mellom Kreml og Nasji?* Dette er sentrale spørsmål som gjev hovudproblemstillinga eit breiare fundament, slik at det er mogleg å danna seg eit bilet av denne rørsla. Underproblemstillingane vil eg svara på i kapittel 3, hovudsakleg ved hjelp av sekundær litteratur, medan hovudproblemstillinga vert tema i kapittel 4, der primærkjeldene mine, dei nemnde politiske programma, vil utgjera hovudgrunnlaget for analysen. Kjeldematerialet vert presentert i kapittel 1.3, sekundær litteraturen vert fyldig omtala i kapittel 1.5.

Målet med denne analysen er ikkje å vurdera gjennomslagskrafta til manifesta. Det er heller ikkje sentralt å avdekkja faktafeil eller motsetnader i dei politiske programma. Målet er å identifisera det idéhistoriske rammeverket som rørsla byggjer opp omkring i manifesta sine og prøva å finna historiske røter tilbake i tid. Ei djupneanalyse av det russiske samfunnet i perioden då *Nasji* var aktiv, fell utanfor horisonten til denne masteroppgåva, men eg vil skildra historia i Russland etter oppløysinga av SSSR i korte trekk av di det er behov for å ha ein viss oversikt over utviklinga i Russland i den nære fortida og samtidia til rørsla. Det er sjølv sagt relevant å skildra rørsla, korleis ho oppstod og sjå på den akademiske forskinga på henne føre eg går laus på hovedanalysen.

## 1.2 Analytiske kategoriar

For å kunne analysera manifesta i høve til dei metodiske parameterane, er det fornuftig å ha nokre kategoriar eller båsar som analysen kan fylgja. Desse kategoriene eller båsane er sjølv sagt overforenkla, men eg ser på dei som eit godt hjelpe middel for å identifisera den idéhistoriske arva som *Nasji* syner i sine to politiske program. Eg har landa på tre kategoriar, som utgjer grunnlaget for inndelinga av kapittel 4.

Den fyrste kategorien, *Nasji* og tankar om Russlands eigenart, har eg vald for å kunne identifisera bodskap til rørsla i tilknyting til den "evigvarande" kampen mellom vestvendte og slavofile i den russiske idéhistoria. Svært kort kan denne usemja samanfattast i spørsmålet om Russland skal verta mest mogleg lik dei vestlege landa og på den måten oppnå stordom i lag med Vesten eller om landet skal gå sin eigen veg, *Sonderweg*,<sup>7</sup> og slik oppnå stordom. Denne debatten har gått livleg føre seg i Russland heilt sidan tidleg på 1800-talet (Tolz 2003, Nistad 2004). Ein slik idéhistorisk arv kan koma i kontrast til realitetane i samtidia, noko som kan skapa problem for ein moderne organisasjon å kvila for mykje på honom. Når det er sagt, så bør det leggjast til at det er lett å tolka alle russiske idéar i høve til dette dogme om vestvendt og slavofilt innhald. Det har heilt klårt noko føre seg, er framleis relevant i dagens Russland, men ein bør vera varsam med å gjera dette til dei einaste kriteria for å vurdera den idéhistoriske tilknytinga til ei fråsegn.

Den andre kategorien, *Nasji* og uttrykk for realpolitiske tilhøve, har eg vald nett av di det er svært vanskeleg å eksistera utan å ta omsyn til realitetane i notida. Rørsla vart oppretta i 2005

<sup>7</sup> Nemninga *Sonderweg* har i denne oppgåva inkje å gjera med Tyskland i mellomkrigstida, men fungerer som ei omsetjing av russiske omgrep åla *osobyj put'* som skulle kunne omsetjast til norsk med *ein særskilt veg*.

og var aktiv fram til byrjinga av 2013. For å skapa blest om seg sjølv og verka relevant for ungdom i samtid, måtte rørsla ta omsyn til hendingar, strøymingar og idéar i samfunnet. Dette må ha sett spor i haldningane som *Nasji* ynskte å vidareformidla. Kan hende kom desse på kollisjonskurs med meir tradisjonelle verdiar som kunne høyra heime inn under den fyrste kategorien. Samstundes er noverande politikk og verdiar ofte knytt til historiske verdiar og idéar, noko som kan gjera det vanskeleg å skilja den fyrste og den andre kategorien frå kvarandre, men eg skal likevel prøva. Det kan sjå ut til at retorikken til rørsla er tufta på ei rad historiske døme på russisk stordom og peikar framover mot russisk stordom i framtida, samt korleis dette kan verta oppnådd.

Den tredje kategorien, *Nasji* og førestillingar om eit utopisk samfunn, har eg laga delvis som eit resultat av å ha lese gjennom manifesta. Heilt sidan 1980-talet har Russland vore i stadig endring, først gjennom perestrojka, deretter 90-talets marknadsliberalisme og etter kvart kaos, føre 00-talet kom med maktsentralisering og innstrammingar på mange vis. *Nasji* vart skipa midt i denne siste perioden og i manifesta ser me tydelege spor av at rørsla på mange vis ynskjer å skapa eit nytt samfunn. Utopismen hjå *Nasji* har òg ein historisk parallel, hovudsakleg til byrjinga av 1900-talet, då Russland gjekk gjennom store brigde, inkludert 1917-revolusjonane. Ei bylgje av optimisme og framtidstru gjekk igjennom det russiske og tidlegsovjetiske samfunnet, noko som resulterte utopisme. I manifesta til ungdomsrørsla ser me både optimism og framtidstru samt ynske om å byggja eit nytt samfunn.

### 1.3 Kjeldemateriale

Primærkjeldene som utgjer grunnlaget for denne studien er to publikasjonar som går under namnet *manifest*. Desse må reknast som *Nasjis* politiske program. Dei to dokumenta er av ei slik lengd at dei gjev rom for samanhengande argumentasjon og djuptgåande presentasjon av den politiske ståstadelen til rørsla. Både er publiserte på heimesida hennar.<sup>8</sup>

Ingen av dei to manifesta er daterte i sjølve dokumenta eller på heimesidene til *Nasji*, men i det eine manifestet står det at det andre manifestet vart vedteke på skipingskongressen 15/4-2005 (*Nasji* 2010: 1) og viser til at det har gått fem år sidan det førre manifestet vart skrive (*Nasji* 2010: 1) som dimed kan tidfestast til 2010. Det var interessant å observera at både manifesta låg ope og tilgjengelege samstundes, sjølv om dei låg på ulike stader på heimesida

---

<sup>8</sup> Heimesida til *Nasji*: [www.nashi.su](http://www.nashi.su).

til *Nasji*.<sup>9</sup> Dette kan anten tyda på at dei har gløymd å fjerna det gamle manifestet, eller, noko eg meiner er meir sannsynleg, at dei ynskjer å lata lesarane ha tilgang til både manifestet frå 2005 og det frå 2010. Dette skulle tyda på at rørsla ikkje har gått tilbake på dei påstandane som vart setne fram i 2005. Dei er framleis gyldige, men fungerer kan hende som ein bakgrunn for 2010-manifestet.

Av di manifesta er publiserte utan paginering, har eg vald å ha både to som vedlegg til masteroppgåva i eigne appendiks der eg sjølv har paginert sidene. Dette vil gjera det mogleg å referera til meir spesifikke stader i dokumenta og refereringa i den laupande teksten vil korrespondera med sidetala slik dei står hjå meg i appendiksa mine, ikkje slik publikasjonane måtte framstå på nettstaden til *Nasji*. 2005-manifestet er på 44 sider, 2010-manifestet på 18. I refereringa til manifesta vil det alltid verta nytta sidetalsvisingar (til dømes slik: Nasji 2010: 12). Der det ikkje er referert med årstal og sidetal, men berre årstal (til dømes slik: Nasji 2010) er det ikkje innhaldet i manifesta det vert vist til, men til ein artikkel på heimesidene til ungdomsrørsla, som vil vera oppførd i litteraturlista bak.

Kven står så bak manifesta? Ikkje noko forfattarnamn er å oppdriva korkje på heimesidene til *Nasji* eller andre stader. I eit intervju med *Nasji*-kommisären Mikhail Kulikov, publisert på heimesidene til rørsla, vert det vist det til påstandar om at manifesta har vorte forfatta av tilsette i Kreml. Det avviser Kulikov: "Det er berre vrøvl. Manifestet kom til som eit resultat av kreftane til mange, mange deltakrar på dei regionale samlingane, konferansane og diskusjonsforuma til NASJI"<sup>10</sup> (*Nasji* 2005, originalens kapitalar). Vladislav Surkov<sup>11</sup> som frå 1999 har arbeidd for sentralstyresmaktene i Presidentadministrasjonen, skal, ifylgje tidlegare leiar for ideologi på nasjonalt nivå hjå *Nasji* Jevgenij Ivanov, ha uttalt at han var stolt av 2005-manifestet til ungdomsrørsla, men han har ikkje skrive det (Jørgensen 2008: 78).

<sup>9</sup> Det var litt krunglete å finna fram til 2005-manifestet. Fyrst måtte ein klikka på fanen *проекты* (rus.: *проекты*) og deretter gå inn på lenka som heiter *Manifest med kommentarar* (rus.: *Манифест с комментариями*). Eg har ikkje lese dokumentet utan kommentarar av di eg ynskte å lesa så djuptgåande som mogleg om *Nasjis* synspunkt. 2010-manifestet var det langt lettare å finna fram til. Det låg under lenka *Manifest* (rus.: *Манифест*) på framsida til *Nasji*. Dette manifestet var ikkje publisert med kommentarar.

<sup>10</sup> Original: Полная чушь. Манифест явился результатом усилий многих и многих участников региональных сборов, конференций и дискуссионных клубов "НАШИХ".

<sup>11</sup> Vladislav Surkov (1964–) omtalaast av mange kjelder som sjefsideologen i Putins Russland. Han har òg vorte rangert som landets nest mektigaste person (Der Spiegel 2005). Surkov har hatt fleire posisjonar i Presidentadministrasjonen sidan 1999. I mai 2012 vart han i eit presidentdekret utnemnd til visestatsminister, for andre gong (Kreml 2012). Surkov vert ofte omtalt som opphavsmannen til omgrepet *det suverene demokratiet*, som er eit sentralt omgrep hjå *Nasji*.

Det er altså mogleg å trekka i tvil om *Nasji* sjølv står bak manifesta sine, men på heimesidene til rørsla vert dei presenterte som om dei er eigenproduserte og slik sett uttrykkjer ideologien og synspunkta til rørsla. Samstundes bør det påpeikast at ho ikkje viser til manifesta sine så veldig ofte. Eit sok på heimesidene hennar gjev berre ei handfull treff der manifesta vert nemnde eller siterte, trass i at det er lagt ut fleire tusen artiklar der, men lenka til det nyaste manifestet er plassert ganske openbart, slik at det ser ikkje ut til at rørsla freistar å gøyma det bort heller. Korleis manifesta har vorte mottekne elles i Russland, er det vanskeleg å seia noko om. Innhalldet i manifesta har ikkje vekt nokon stor debatt, samanlikna med debatten kring framferda og eksistensen til rørsla. 2005-manifestet vert nemnt i nokre blogginnlegg,<sup>12</sup> men det er vanskeleg å slå fast om dei uttrykkjer meiningar som har brei resonans blant russarar.

## 1.4 Metode

Ei retorisk analyse av politiske program krev ein framgangsmåte kalla kvalitativ teksttolking. Knut Kjelstadli skriv om denne forskingsmetoden at det er naturleg å taka omsyn til konteksten som ein tekst vart skriven i, sjå på nykelord som går att og å leita etter "tomrom" i teksten, altså om noko ikkje vert nemnt, men som kan hende burde ha vorte nemnt (Kjelstadli 1999: 185–187). Dette er ein studie av det idéhistoriske innhalldet i manifesta til *Nasji*. Som Kjelstadli skriv, er det viktig å lesa tekstane både i ljós av samstundes tenking og politikk, samt med utviklinga av hovudomgrep og idéar gjennom hundreår in mente (Kjelstadli 1999: 184). Dette passar godt med problemstillinga mi, *kva slags idéhistoriske tradisjonar kviler den Kreml-venlege ungdomsrørsla Nasji på?* Eg skal undersøkja korleis bestemde førestillingar om historia til Russland, hovudsakleg frå tida etter år 1800, vert spegla i dei politiske programma til denne ungdomsrørsla. Manifesta inneheld fleire passasjar om korleis Russlands framtid skal sjå ut òg, ofte tufta på bestemde tolkingar av den russiske historia.

I samband med min gjennomgang av dei to politiske programma til *Nasji*, vil eg nytta retorisk analyse. Kva er så retorikk? Retorikk er kommunikasjon som har som siktemål å overtala (Heradstveit og Bjørgo 1992: 11). Korleis kan ein så analysera retorikk? Konflikten mellom israelarane og palestinrarane kan nyttast som døme på korleis ein kan analysera retorikk: Frå både sider i konflikten har det vorte fremja påstandar som ikkje har stått til truande, men "[...] skal ein forstå korleis desse påstandane fungerer politisk i dag, må ein sjå på korleis utvalde fakta blir brukte til å underbyggje interesser og argumentere for bestemte løysingar på

---

<sup>12</sup> Til dømes: <http://www.juggernotes.com/nashi.html> og <http://botinok.co.il/node/24904> (lesedato: 28/3-2013).

konflikten" (Heradstveit og Bjørgo 1992: 13). Retorisk analyse skal ikkje påvisa faktafeil i dei påstandane som kjem til syne, men skal sokja å forstå konteksten deira og undersøkja kvifor dei vert brukt på den måten dei vert brukt. Dette ser eg som mitt hovudmål i analysen av manifesta til *Nasji*, nemleg å kontekstualisera, altså identifisera og setja inn i ein større idéhistorisk samanheng, det ideologiske innhaldet i manifesta.

Ein kan undra seg over kor føremålsretta og gjennomtenkte to politiske program for ei ungdomsrørsle kan vera. Heradstveit og Bjørgo meiner at "vi [må] halde fast på at politisk retorikk i utgangspunktet er intensionell og situasjonsbestemt: Politiske aktørar har til hensikt å overtale tilhøyrarane og mobilisere dei til sosial handling" (Heradstveit og Bjørgo 1992: 64). Så òg med *Nasji*.

Sentralt i denne masteroppgåva vert å undersøkja kva slags hendingar og idéhistorisk tankegods rørsla nytter i manifesta for å sanka støtte. Samstundes skriv *Nasji* i innleiinga til 2005-manifestet: "Manifestet er ikkje meint, som rubelen, til å verta likt av alle, det har ikkje velviljuglikesæle [sic!] lesarar, men støttespelarar og motstandarar"<sup>13</sup> (*Nasji* 2005: 1). Vidare skriv *Nasji* at "[m]e skreiv dette manifestet av di me trur på idéane [i det] [...]"<sup>14</sup> (*Nasji* 2005: 1). Rørsla skriv altså sjølv at manifesta er intensionelle og krev at lesarane tek eit standpunkt til innhaldet i hennar politiske program.

## 1.5 Tidlegare forsking

Sidan *Nasji* såg dagens ljós i 2005 har det vorte skrive ein del om rørsla både av vestlege og russiske forskrarar. Det er ikkje plass til å detaljert skildra kva aspekt alle har skrive om, men dei viktigaste publikasjonane vil handsamast her. Eg vil òg taka opp anna sekundær litteratur som har vore sentral i både bakgrunns- og analysekapitla slik at det er mogleg å danna seg eit bilet av forskingsmaterialet som utgjer bakteppet til denne masteroppgåva om ungdomsrørsla *Nasji*. Etter mitt syn har ikkje forskingslitteraturen greidd å koma med djuptgåande analyser av den idéhistoriske bodskapen til rørsla slik han kjem til uttrykk i dei politiske programma til rørsla, manifesta. Her sokjer eg å kunne yta min skjerv. Dessutan vil masteroppgåva mi vil utgjera eit tilskot til den norske forskinga på denne ungdomsrørsla.

---

<sup>13</sup> Original: Манифест не должен как рубль нравится всем, он имеет не равнодушноблагожелательных читателей, а сторонников или противников.

<sup>14</sup> Original: [м]ы писали этот манифест, потому что верим в [его] идеи.

### **1.5.1 Sekundær litteratur om Nasji**

Lesaren vil oppdaga at mesteparten av sekundær litteraturen i denne masteroppgåva, særlig han som omhandlar ungdomsrørsla *Nasji*, er skiven eller gjeven ut i Vesten. Det kunne ha vore på sin plass med meir russiskspråkleg litteratur som hadde vore skiven i Russland, men av forskingsøkonomiske omsyn har eg sett meg nøydd til å gjera bruk av engelsk- og norskspråkleg sekundær litteratur. Dessutan byggjer den vestlege litteraturen til dels på russisk forsking og russiske kjelder, slik at det russiske elementet er sterkt til stades, òg hjå meg. Her skal det nemnast at eg òg har nytta russisk litteratur og forskingsmateriale, noko eg kjem attende til i kapittel 1.5.2.

Douglas R. Buchacek, leverte i 2006 ved Universitetet i Nord-Karolina avhandlinga *NASHA Pravda, NASHE Delo: The mobilization of the Nashi generation in contemporary Russia*. Han kjem inn på innhaldet i det fyrste manifestet, utan at han gjer ei grundig analyse av det. Han freistar ikkje å setja innhaldet inn i ein historisk kontekst, men identifiserer ein samanheng mellom innhaldet i manifesta og handlingane til rørsla, anten i form av demonstrasjonar eller på andre vis. Avhandlinga er skiven berre eitt år etter at *Nasji* vart skipa, og trass i at 2005-manifestet vert omtala, kjem han naturleg nok ikkje inn på 2010-manifestet. For meg er avhandlinga nyttig som bakgrunnsmateriale om den tidlege perioden til rørsla.

Våren 2008 leverte Elisabeth Helle Jørgensen ved Universitetet i Oslo masteroppgåva *Sivilt samfunn po-russki: Russiske myndigheters organisering av det sivile samfunnet illustrert med Nasji*. Hennar hovudtema har vore å sjå på *Nasji* som ein del av eit stats- eller Kreml-kontrollert sivilsamfunn. Jørgensen har gjennomført fleire intervju, både med medlemmar i rørsla og russiske forskrarar og har ein grundig gjennomgang av korleis rørsla er bygd opp. Denne gjennomgangen vil verta sentral for meg, særleg når det kjem til opplysningar om storleiken og strukturen til samt finansiering av *Nasji*. Hovudkjelder for desse opplysingane er Aleksej Mukhin, direktør for Senter for politisk informasjon<sup>15</sup> i Moskva og Tatjana Stanovaja, leiar for analyseavdelinga ved Senter for politisk teknologi<sup>16</sup> i Moskva. Jørgensen kjem inn på manifestet til ungdomsrørsla, men gjev berre ei oppsummering.

Maya Louise Atwal ved Universitetet i Birmingham, har kome med fleire publikasjonar om *Nasji*. I doktorgradsavhandlinga *Investigating the democratic effects of state-sponsored youth*

<sup>15</sup> På russisk: Центр политической информации. Transkribert: Tsentr polititsjeskoj informatsii.

<sup>16</sup> På russisk: Центр политических технологий. Transkribert: Tsentr polititsjeskikh tekhnologij.

*participation in Russia: Nashi and the Young Guard of United Russia* frå 2011, undersøkjer Atwal dei demokratiske verknadene av deltaking i statsstøtta ungdomsorganisasjonar. Hennar hovudmål har ligge eit stykke unna mitt, men eg har hatt god nytte av hennar avhandling til bakgrunnsinformasjon om *Nasji*, mellom anna korleis rørsla har utvikla seg. Atwal går ikkje djupt inn på innhaldet i 2005-manifestet til ungdomsrørsla og set det heller ikkje inn i ein idéhistorisk kontekst. 2010-manifestet omtalar ho ikkje.

I artikkelen *Bnepëd! Exploring the Dialectic between Continuity and Transformation in the Development of the Pro-regime Russian Youth Organisation Nashi* publisert i 2011, skriv Atwal litt om verdiane og haldningane til *Nasji*, men dei er stort sett tufta på intervju gjort i 2008, altså føre 2010-manifestet vart publisert. I denne artikkelen freistar Atwal å finna ut om rørsla har lukkast med strategiane sine eller ikkje. I 2009 skrev Atwal artikkelen *Evaluating Nashi's Sustainability: Autonomy, Agency and Activism* som fokuserte på overlevingsevna til rørsla etter ei reorganisering av rørsla i 2008. Artikkelen er viktig for å forstå *Nasji* på eit overordna nivå, altså korleis ein skal forstå rørsla som ein del av det russiske samfunnet. I 2012 skrev Atwal, i lag med Edwin Bacon, nok ein artikkel om ungdomsrørsla. I *The youth movement Nashi: contentious politics, civil society, and party politics* fokuserer dei på overgangen frå gatedemonstrasjonar til meir "sivilisert" partipolitikk. Alle desse artiklane gjev verdifull bakgrunnsinformasjon. Atwal skildrar *Nasji* som ei autonom rørsle, ei rørsle som ikkje berre er eit passivt instrument i hendene på dei russiske styresmaktene.

Jussi Lassila, forskar ved Aleksanderinstitutet ved Helsingfors universitet, har òg skrive fleire verk om *Nasji*. I artikkelen *Making sense of Nashi's Political Style: The Bronze Soldier and the Counter-Orange Community* frå 2011 skriv Lassila om framferda til *Nasji* i det offentlege rom. Doktorgradsavhandlinga hans har vorte revidert og omsett frå finsk til engelsk i boka *The Quest for an Ideal Youth in Putin's Russia II. The Search for Distinctive Conformism in the Political Communication of Nashi, 2005-2009* frå 2012. Her skriv Lassila om den politiske kommunikasjonen til *Nasji* i dei fyrtre fire leveåra til rørsla. Til skilnad frå Lassila freistar eg å sjå på dei historiske botnlinene i manifesta til rørsla. Lassila har i større grad nytta artiklar og publikasjonar frå heimesidene til rørsla i analysen sin, ikkje manifesta. Dessutan tek han ikkje med seg perioden frå 2010 og framover og har dimed ikkje teke med det nyaste manifestet som ungdomsrørsla har publisert, trass i at boka vart revidert så sein som i 2012. For å få ein god oversikt over *Nasji*, har Lassila vore sentral.

Forskar ved Universitetet i Basel Ivo Mijnsen, har revidert masteroppgåva si og omsett henne frå tysk til engelsk. I 2012 kom ho ut som boka *The Quest for an Ideal Youth in Putin's Russia I. Back to Our Future! History, Modernity and Patriotism according to Nashi*, 2005–2012. Denne boka byggjer delvis på Atwal og Lassila. Mijnsen tek føre seg tre hendingar, skipinga av rørsla, konflikten med Estland i samband med flyttinga av eit krigsminnesmerke i 2007 og sommarleiren ved Seligersjøen i 2010. Boka tek mellom anna føre seg korleis det historiske medvitet spelar ei rolle i tryggingspolitikken mot eksterne og interne fiendar hjå Nasji, hovudsakleg ved hjelp av ei mytologisk og glorifisert omtale av andre verdskrigen. Det boka ikkje tek føre seg, er 2010-manifestet. Mijnsen har heller ikkje gått djupt inn i manifesta for å identifisera deira idéhistoriske røter.

Det har òg vorte skrive ein del artiklar om Nasji av andre forskrarar. Her skal eg nemna eit utval. Julie Hemment ser i to artiklar, den eine *Soviet-Style Neoliberalism? Nashi, Youth Voluntarism, and the Restructuring of Social Welfare in Russia* frå 2009 og den andre *Nashi, Youth Voluntarism, and Potemkin NGOs: Making Sense of Civil Society in Post-Soviet Russia* frå 2012, på Nasji i samanheng med friviljug arbeid blant ungdom og som eit døme på eit statleg styrt sivilsamfunn i dagens Russland. Som bakgrunnsinformasjon er desse artiklane nyttige. Andre artiklar tek føre seg visse aspekt ved Nasji. I *Pro-Kremlin Youth Movements in Russia and the Ideas of Conservative Modernisation* frå 2011 ser Laura Petrone nærmare på Nasjis og andre Kreml-venlege ungdomsorganisasjonar sin idé om modernisering. Ljubov' Borusjak drøftar i 'Nasji': *kogo i kak utsjat spasat' Rossiju* frå 2005, korleis Nasji ynskjer å redde Russland, altså korleis Nasji ynskjer å stogga dei som rørsla ser som fiendar av Russland. Denne artikkelen er skrive i det fyrste leveåret til rørsla og omfattar dimed ikkje utviklinga dei seinare åra. Artikkelen er i tillegg tufta på lesing av blogginnlegg skrivne av ungdom som på ein eller annan måte har vore i kontakt med Nasjis meiningsytringar. Eg kjem til å sjå på meiningsane til rørsla og ikkje på meiningsane til lesarane og tilhøyrarane hennar.

Til slutt vil eg nemna filmen *Putins kys* frå 2012, ein dansk dokumentarfilm om ungdomsrørsla Nasji. Dokumentaren har gjeve verdifull bakgrunnsinformasjon om rørsla sett gjennom augo til ein tidlegare medlem. Personen det er snakk om, Marija Drokova, var talsvinne og i ein periode ideologisk ansvarleg i rørsla. Då dokumentaren vart laga, var Drokova ikkje lenger knytt til Nasji. Av di ho har gått ut av rørsla vil ho kunne vera ein meir frittalande kjelde enn nokon som framleis er med i rørsla. Forteljaren i dokumentaren er journalisten Oleg Kasjin, som må reknast som ein regimekritisk journalist. Dimed skulle det

vera grunn til å tru at dokumentaren i størst mogleg grad presenterer eit negativt bilet av rørsla, men eg meiner at det òg er via plass til positive trekk ved rørsla i denne dokumentaren. Det gjev meg eit inntrykk av at rørsla er balansert skildra.

### 1.5.2 Annan sekundær litteratur

Av annan sentral bakgrunns litteratur vil eg nemna to russiske forskings- og analysesenter, det eine heiter Jurij Levadas autonome ikkjekommersielle analysesenter<sup>17</sup> og det andre heiter Det allrussiske senteret for studering av opinionsmeiningar.<sup>18</sup> Desse sentra vert ofte brukte som ei kjelde til uavhengig informasjon om interne politiske tilhøve i Russland. Begge sentra gjev ut sine eigne tidsskrift som inneholder artiklar både om den politiske utviklinga i Russland og publikasjonar om meiningar og verdihaldninga blant russarar, noko eg har hatt stor nytte av. Båe tidsskrifta er brukarvenlege med eit elektronisk arkiv for alle tidlegare utgåver. Levada-senteret gjev ut tidsskriftet *Vestnik obsjtsjestvennogo mnenija. Dannye. Analiz. Diskussii*, medan VTSIOM gjev ut tidsskriftet *Monitoring obsjtsjestvennogo mnenija: ekonomitsjeskie i sotsial'nye peremeny*. Desse har eg nytta flittig, særleg for å analysera regimet i Russland etter år 2000.

Av standardverk om den politiske utviklinga i Russland etter 1985 vil eg særleg trekka fram Thomas F. Remingtons *Politics in Russia* frå 2012. Boka vert nytta som pensumsmateriale i emne om russisk politikk mellom anna ved Universitetet i Oslo. Geir Hønnelands og Jørgen Jørgensens bok *Moderne russisk politikk. En innføring i Russlands politiske system* frå 2006 gjev òg ei god innføring i russisk politikk på norsk, men verket lir under at det ikkje har vorte oppdatert på over sju år. Pål Kolstøs bok *Russland. Folket, historien, politikken, kulturen* frå 2008 tek føre seg mange aspekt ved Russland. Ho må nok karakteriserast som populærvitskapleg, men Kolstø har lang fartstid som professor ved Universitetet i Oslo, og denne boka skal ein ikkje kimsa av. Ho utgjer eit nyttig tilskot til den andre sekundær litteraturen. For å kunne peika på brigde i levevilkåra til ungdom, har eg hatt stor nytte av Nadia Diuks bok *The Next Generation in Russia, Ukraine, and Azerbaijan. Youth, Politics, Identity, and Change* frå 2012 og Dennis Dafflons forskingsrapport *Youth in Russia*.

---

<sup>17</sup> På russisk: Автономная некоммерческая организация Аналитический Центр Юрия Левады.

Transkribert: Avtonomnaja nekommertsjeskaja organizatsija Analitsjeskij Tsentr Jurija Levady.  
Heretter: Levada-senteret.

<sup>18</sup> På russisk: Всероссийский центр изучения общественного мнения (ВЦИОМ).

Transkribert: Vserossijskij tsentr izutsjenija obsjtsjestvennogo mnenija (VTSIOM).  
Heretter: VTSIOM.

- *The Portrait of a Generation in Transition* frå 2009, samt dei allereie nemnde russiske forskingssentra.

Fleire verk om russisk idéhistorie har vore sentrale for analysen min. To standardverk på norsk har vore særstakkt nyttige, den eine boka, *Russisk politisk idéhistorie fra opplysningsperioden til idag*, er skriven av Bjørn Nistad i 2004, den andre, *Kampen mot Vesten i russisk åndsliv*, av Erik Krag i 1932. Boka til Krag handlar hovudsakleg om korleis Vesten har vorte oppfatta som ein motsats til Russland. Eg såg det som naudsynt å nytta ei bok som er skriven nærmere vår tid òg, og slik sett passar Nistad godt. Boka hans inngår i pensumlitteraturen ved Universitetet i Oslo og er av solid akademisk kvalitet.

I tillegg har eg hatt stor nytte av Nikolaj Berdjajevs bok *Den russiske idé* som i 2012 endeleg kom i norsk språkdrakt. Denne boka kom på russisk i 1947 og er naturleg nok farga av samtidens politikk, men ho er skriven medan Berdjajev var i eksil, og han trengte difor ikkje å uroa seg for sensuren i SSSR. Samstundes er Berdjajev til tider tendensiøs og ganske påståeleg om kva den russiske idéen går ut på og kva som er typisk russisk. Når det er sagt, Berdjajev treffer i mange høve spikaren på hovudet, slik at ein skal ikkje undervurdera påstandane hans, ei heller vera ukritiske til dei.

I tillegg til dei over, vil eg nemna tre publikasjonar som har vore sentrale. Den eine er den hyppig siterte boka *In the Name of the Nation. Nationalism and Politics in Contemporary Russia* skriven av Marlène Laruelle i 2009. Dette verket gjev ei innsiktsfull analyse av nasjonalismen slik han artar seg i Russland i dag, særleg i den varianten som vert fremja av styresmaktene, Kreml og Putin. Den andre, som er sentral både for bakgrunnsinformasjon om russisk nasjonsbygging og russisk idéhistorie, er Vera Tolz' bok *Inventing the nation. Russia* frå 2003. Hennar bok vert brukt som pensumsmateriale både ved Universitetet i Oslo og i Tromsø og må reknast som eit standardverk. Den tredje publikasjonen, *The Novelistic Approach to the Utopian Question. Platonov's Čevengur in the light of Dostoevskij's Anti-Utopian Legacy*, er skriven av Audun Johannes Mørch i 1997. Hans hovudmål er å visa at skjønnlitteratur ikkje er godt eigna for å skriva om utopi, men i staden dystopiar og antiutopiar. Likevel har avhandlinga gjeve meg verdifull innsikt i korleis utopiar kjem til syne, særleg innafor ein russisk samanheng, noko som er nyttig for den tredje kategorien som vart skildra i kapittel 1.2.

## 1.6 Omgrepssavklåring

I ein studie av ulike fenomen, hendingar og liknande er det alltid nokre omgrep som er så sentrale at det er verdt å forklåra desse. Så òg i samband med *Nasji* og deira manifest. Det er særleg to omgrep eg vil sjå nærmare på, det eine er *suverenitet* og det andre er *nasjonalisme*. Det fyrstnemnde vert flittig brukt av *Nasji*, det andre kan vera med å analysera retorikken til rørsla. Dessutan, i denne oppgåva vil eg definera min bruk av ordet "ungdom".

Omgrepet *suverenitet*<sup>19</sup> vert brukt fleire stader i manifesta til *Nasji*, mellom anna i samansettader som suverent demokrati, nasjonal suverenitet og ivaretaking av Russlands suverenitet.<sup>20</sup> *Nasji* hevdar at eit land er suverent dersom borgarane kontrollerer heile territoriet i landet, banksystemet, valutareguleringsmekanismane, militærret og andre væpna styrkar, spesialtenestene og andre statlege tenester, regjeringspolitikken, landsdekkande massemidiakanalar, infrastrukturen, greiner av økonomien som er viktige for statsbudsjettet og det politiske systemet, er landet suverent (*Nasji* 2005: 23). Nasjis forståing av kva som inngår i suverenitetsomgrepet er altså omfattande. Vanlegvis vert suverenitet i statspolitisk forstand berre oppfatta som det å ha internasjonalt anerkjente grenser, samt å vera i stand til å kontrollera desse. *Nasji* er ikkje åleine om å bruka desse omgropa i utvida forstand. Både Kreml-partiet *Det sameinte Russland*<sup>21</sup> og Putin, samt andre i presidentadministrasjonen, inkludert Medvedev og Surkov, nyttar omgrepet suverent demokrati til å skildra og omtala det noverande og framtidige styringssettet i Russland. Berre det suverene demokratiet kan taka vare på dei russiske verdiane og særtrekka.

Nasjonalisme er eit sentralt omgrep i analysen min av Nasjis retorikk. Det finst fleire moglege definisjonar, men eg vil stø meg på Anthony D. Smiths definisjon som seier at nasjonalisme er "[a]n ideological movement for attaining and maintaining autonomy, unity and identity for a population which some of its members deem to constitute an actual or potential "nation" (Smith 2001: 9). I vestleg tradisjon finst det i hovudsak to forståingar av kva ein nasjon er. I fylgje Smith er nasjonen målet til nasjonalismen. Den eine forståinga av kva ein nasjon er, vert knytt til den tyske tradisjonen som seier at ein nasjon er eit språkleg og kulturelt fellesskap tufta på etnisitet, altså at statsgrensene skal falla saman med dei språklege og kulturelle grensene (Smith 2001: 39–42) Denne varianten er ekskluderande overfor alle andre

<sup>19</sup> På russisk: суверенитет.

<sup>20</sup> På russisk: суверенная демократия, национальный суверенитет, сохранение суверенитета России.

<sup>21</sup> På russisk: Единая Россия. Transkribert: *Jedinaja Rossija*.

folkeslag, språkleg og kulturell homogenitet er det ideelle. Den andre forståinga er knytt til den franske tradisjonen som anerkjenner alle innafor grensene til staten som borgarar av Smith 2001: 34). I si reine form står desse to forståingane i motsetnad til kvarandre.

Korleis passar så Russland inn i det vestlege omgrepa kring nasjon og nasjonalisme? Vera Tolz hevdar at det i dagens Russland ikkje finst éi oppfatning av kva den russiske nasjonen bør innebera. Ho meiner at russiske intellektuelle og politikarar held fast på å konstruera ein nasjonalstat i opposisjon til Vesten, medan dei tek vare på idéen om eit imperium og nærer eit fellesskap med austslavarane, men imperiet eksisterer ikkje lenger (Tolz 2003: 2). Tolz identifiserer fem oppfatningar av den russiske nasjonen i det postkommunistiske Russland. Den fyrste omtalar russarane som eit imperiefolk som har som oppdrag å skapa ein overnasjonal stat. Felles historiske minne vil vera rammene for denne staten innafor grensene til det gamle SSSR. Den andre oppfatninga ser på russarane som ein austslavisk nasjon samla av felles opphav og kultur samt felles historiske minne.<sup>22</sup> Den tredje avgrensar russarane til eit samfunn av russisktalande, uavhengig av etnisk opphav. Den russisk-ortodokse trua er eit sentral bindeledd. Den fjerde oppfatninga omtalar russarane som dei med russisk blod. Den femte ser på alle borgarane i Den russiske føderasjon som russarar, uavhengig av kulturell bakgrunn og etnisitet. Det er lojaliteten til dei politiske institusjonane som bind dei saman<sup>23</sup> (Tolz 2003: 237–250). Definisjonane til Smith kjem med andre ord litt til kort når det gjeld Russland, og slik sett er det verdt å ha Tolz i mente. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 4.

I denne oppgåva vil ordet ungdom verta nytta i ein vidare forstand enn det som me er vande med i daglegspråket. Ofte vert orda tenåring og ungdom nytta synonymt, og dei fleste norske språkbrukarar vil nok vera samde i at ordet ungdom vert brukt om menneske i alderen frå 13–14 år og opp til 17–19 år. I forskingslitteraturen som eg har sett på vert det engelske ordet *youth* nytta om menneske i alderen frå 15 til 30 år. Dette gjeld både Dennis Dafflon og Nadia M. Diuk. Det same gjeld fleire russiske forskingsprosjekt, der ordet *molodjozj* har vorte nytta. Menneske i aldersgruppa frå 18 til 30 år vert på norsk gjerne omtala som unge vaksne. Eg vil i denne masteroppgåva nytta det norske ordet ungdom om heile aldersspennet frå 15 til 30 år

---

<sup>22</sup> Denne definisjonen ligg tett opp til den *tyske* nasjonalismetradisjonen, jfr Smith.

<sup>23</sup> Denne definisjonen ligg tett opp til den *franske* nasjonalismetradisjonen, jfr Smith.

for å korrespondera med forskingslitteraturen. Med andre ord vil min bruk av ordet omfatta både den tradisjonelle tydinga og omgrepene unge vaksne.<sup>24</sup>

## 1.7 Oppgåvestruktur

Denne masteroppgåva er delt inn i fem hovudkapittel. Det første har me alt lagt bak oss, medan kapittel 2 tek føre seg utviklinga i Russland etter 1985. Denne tida spelar ei sentral rolle i manifesta til *Nasji* og er samstundes den tida då dei som er kring tretti år i dag, vaks opp. Dette vil kunne setja ungdomsrørsla som skal studerast inn i eit breiare historisk-politisk perspektiv enn ved å berre presentera rørsla. Lesaren vil få eit kort innblikk i situasjonen fram til år 2000, før kapittelet går djupare inn på tilhøva i landet etter tusenårsskiftet. Det vil særleg fokuserast på sentraliseringa under president Vladimir Putin. Dessutan vil kapittelet kasta ljós over forma til regimet og freista å kategorisera det som demokratisk eller autoritært.

Kapittel 3 har som føremål å svara på underproblemstillingane som vart nemnde i kapittel 1.1. Etableringa av *Nasji*, utviklinga av rørsla i perioden 2005–2013 vil vera sentralt. Dessutan, for å få eit bilet av rørsla, vil kapittelet skildra både storleiken og strukturen til rørsla, samt gå inn på banda mellom henne og Kreml. Dessutan vil framferda til rørsla i det offentlege rom verta skildra.

Analysen er samla i eitt langt kapittel 4. Ideelt sett bør kapitla i ei masteroppgåve vera omrent like lange, men det lét seg ikkje dela opp analysen på ein fornuftig måte. I kapittel 4 vil eg svara på både hovudproblemstillinga og underproblemstillinga ved å analysera innhaldet i dei politiske programma til *Nasji* og freista å identifisera det idéhistoriske rammeverket til rørsla. Eg vil freista å spora desse idéane tilbake i historia, men òg sjå på samtidene for å finna faktorar der som kan ha spela ei rolle. Til slutt, i kapittel 5, vil eg koma med ei oppsummering av alle kapitla, inkludert dei viktigaste funna frå analysen i kapittel 4.

---

<sup>24</sup> I Russland utgjer befolkninga under 30 år nesten 35 millionar menneske (Dafflon 2009: 9) av drygt 145 millionar innbuarar.

## 2.0 Russland og russisk ungdom etter 1985

Det er naturleg å tenkja seg at ungdom er forma både av samtida og den nære fortida, tida då ungdomen i samtida var born. Eg ser ingen viktige grunnar til at *Nasji*-medlemane skulle vera eit unnatak her. Av den grunn vil den fyrste delen av dette kapittelet, *2.1 Frå Sovjetunionen til Den russiske føderasjon*, i korte trekk taka føre seg den historiske utviklinga frå 1985, då Mikhail Gorbatsjov tok over makta i det dåverande SSSR, og fram til år 2000, då Vladimir Putin vart president i Den russiske føderasjon. Ein fullstendig oversikt over hendingane i dette tidsrommet fell utafor føremålet med denne masteroppgåva, men eg vil freista å trekka fram tydinga og verknaden av hendingane for ungdom.

Del to av dette kapittelet, *2.2 Russland i Putins tistelmjuke jarngrep*, vil innleiingsvis dreia seg om det politiske regimet i Russland etter år 2000 og vidare freista å definera regimet i Russland slik det etter kvart stod fram under Putin og Medvedev og no igjen Putin. *Nasji* skriv at dei støttar politikken til Putin og for å forstå meir av kva type ideologi som er å finna i manifesta til ungdomsrørsla, kan det vera nyttig å granska regimet i Russland etter år 2000. For å sjå på korleis regimet artar seg og korleis russisk ungdom vert råka av politikken til regimet, vil eg nytta to døme. I det fyrste dømet skal eg ta føre meg den russiske mediekvarden og ungdomen sin bruk av media, medan eg i det andre dømet vil sjå på sivilsamfunnet i Russland, vitaliteten til ikkje-statlege organisasjonar<sup>25</sup> og deltakinga i desse.

### 2.1 Frå Sovjetunionen til Den russiske føderasjon

"One of the interesting paradoxes of the USSR (often referred to as the Soviet Union) was that it was built on values of youth, but grew to be the ultimate suppressor of innovation and generational change. [...] Youthful enthusiasm, hope for a brighter future and love of life and of work were placed at the centre of the newly emerging Communist ideology" (Diuk 2012: 17–18).

Ein del av dei revolusjonære leiarane var tilårskomne alt i 1917, men det betydde ikkje at SSSR skulle vera eit gamalmannsregime, i alle fall ikkje på teikneblokka. Den kommunistiske ungdomsorganisasjonen, Komsomol,<sup>26</sup> skulle vera ei bru frå barndomen og inn i vaksenlivet, frå pionér til fullverdig medlemskap i Kommunistpartiet, men han var òg

<sup>25</sup> Heretter vil eg i omtale av ikkje-statlege organisasjonar nytta den engelske forkortinga NGO (non-governmental organization). I Russland nyttast omgrepene ikkje-kommersielle organisasjonar (NKO (некоммерческие организации)) og ikke-kommertsjeskaja organizatsija (некоммерческая организация)). Desse to omgrepene er ikkje 100% ekvivalente, men dét har ikkje vore ei sak under skrivinga av denne masteroppgåva.

<sup>26</sup> På russisk: Коммунистический союз молодожи (Комсомол).

Transkribert: Kommunistitsjeskij sojuz molodjozji (Komsomol).

meint som ein mekanisme som skulle hindra unge menneske frå å koma i maktposisjonar for tidleg. Kommunistpartiet hadde ingen prosedyrar for å friska opp medlemsgassen sin. Difor vart Komsomol stadig viktigare etter kvart som "ungdomen" vart eldre og eldre.<sup>27</sup> Samstundes vart den kommunistiske ungdomsrørsla stadig meir rigid av di utskiftingane skjedde i eit svært lågt tempo (Diuk 2012: 17–20). SSSR vart til ein stat der lite endra seg i dei politiske strukturane. I eit fjernsynsintervju i 1994 uttalte vokalisten i det russiske rockebandet *Masjina Vremeni*<sup>28</sup> Andrej Makarevitsj, at ingen hadde trudd at noko som helst kunne brigda seg i SSSR, for ikkje å snakke om at landet kunne kverva. For både vaksne og ungar var det heilt uventa, meinte Makarevitsj (Yurchak 2005: 1), men ved utgangen av 1991 stod eit heilt folk plutselig på terskelen til ein ny æra.

### 2.1.1 Eit imperium går i oppløysing

Kva var det som eigentleg tok slutt i 1991? Sovjetunionen, bygd opp ikring Kommunistpartiet, vart offisielt oppløyst, mellom anna ved at partiet vart forbode i august 1991, men forvitringa av makta til partiet hadde byrja lenge før, allereie under Mikhail Gorbatsjov, som vart statsleiar i 1985 (Sakwa 2013: 65). For Gorbatsjov var det viktig å visa effektiviteten til Kommunistpartiet. Dét ville han gjera ved å betra dei økonomiske tilhøva i landet og blant folk (Remington 2012: 47). Nemninga *perestrojka*, omstrukturering, vert ofte brukt som ei samlenemning på dei økonomiske og politiske reformene som Gorbatsjov sette i verk. *Glasnost*, openskap eller sensurletting, utgjer ein del av perestrojka.

Trass i Gorbatsjovs reformer vart ikkje økonomien betre, snarare tvert om. I industribyane vart det stadig vanskelegare å få tak i mat. Mange lokale styresmakter freista å halda att varer med tvang for å hindra at deira region vart råka av varemangel. Ukraina sendte mindre korn, Georgia sendte mindre frukt. Økonomien var prega av ein stadig aukande inflasjon, budsjettunderskot, stigande arbeidsløyse og meir bytihandel (vare mot vare) (Moss 2005: 469). At det var mogleg for lokale styresmakter å stogga vareutsendingar, tyder på at sentralstyresmaktene hadde mista mykje av kontrollen dei tidlegare hadde hatt.

Brigda i den psykologiske og materielle situasjonen som fann stad frå midten av 1980-talet og fram mot midten av 1990-talet vart òg for unge russarar særsviktig. Det vart synleg i mellom

<sup>27</sup> Offisielt hadde Komsomol monopol innfor nesten alle aspekt som rørte ved ungdom, trass i at det fanst undergrunnsrørsler som Komsomol ikkje rådde over, til dømes *stiljagi*-generasjonen på 60-talet og undergrunnsrocken på 70- og 80-talet.

<sup>28</sup> Namnet kan omsetjast til norsk som *Tidsmaskina*.

anna arbeidsmarknaden og forretningslivet. Nærmast i takt med den stigande inflasjonen, sokk talet på arbeidsplassar som var tilgjengelege for ungdom. Samstundes stod det stadig fleire ungdom med høgare utdanning på trappene til arbeidsmarknaden (Diuk 2012: 21–24). Som eit ledd i perestrojkapolitikken vart det oppretta ei rad, nærmast private verksemder, såkalla *kooperativ*, som skulle skapa nye arbeidsplassar (Moss 2005: 459) Kooperativa skulle òg tilfredsstilla forbrukaretterspurnaden som dei statlege verksemndene ikkje greidde å dekkja (Keep 1995: 395). Kooperativa vart oppretta innafor felt som lenge hadde vore neglisjerte, særleg innafor tenesteytingane (Moss 2005: 459). På grunn av arbeidsløysa strøymde ungdomane til desse kooperativa. Ungdomsorganisasjonen Komsomol fekk løyve til å oppretta kooperativ og hadde etter kvart verksemder innafor turistnæringa, vitskap og teknologi, restaurantar og bankar (Diuk 2012: 21–24). Ein skal rett nok ikkje overvurdera tydinga av kooperativa. Dei var sjeldan særleg store og sysselsette aldri meir enn fem prosent av den totale arbeidsstokken i Sovjetunionen (Store norske leksikon<sup>B</sup> 2012). I eit land med vel over 200 millionar innbyggjarar er fem prosent heller ikkje ein ubetydeleg del.

Etter kvart byrja mange å murra. Dei meinte at reformene til Gorbatsjov ikkje gjekk langt nok. Blant desse vart Boris Jeltsin den fremste talspersonen. Liberaliseringa under perestrojka hadde mellom anna moggjort danninga av sjølvstendige politiske grupperingar som kjempa for brigde i langt større grad enn det Gorbatsjov ynskte (Remington 2012: 50). Professor ved Universitetet i Oslo Pål Kolstø omtalar Gorbatsjov som ein reformator som ufriviljig skapte ein revolusjon. Det viktigaste resultatet av perestrojkapolitikken var at SSSR gjekk i oppløysing (Kolstø 2008: 71). Nyårsaftan 1991 var det ugjenkalleleg slutt for SSSR og fyrste nyårsdag 1992 var Jeltsin på plass i Kreml som leiar av eit heilt nytt land: Russland.

### **2.1.2 Det kaotiske demokratiet**

Sjølv om SSSR kvarv, var ikkje problema løyste. Ved inngangen til 1992 stod president Boris Jeltsin overfor eit enormt arbeid. Ikkje berre det økonomiske systemet skulle leggjast om, men òg det politiske. Det nye regimet skulle vera demokratisk og var dimed avhengig av støtte i folket. Omlegginga ville, i allfall på kort sikt, føra til så store vanskar i daglegliva til folk at regimet mest truleg ville mista popularitet (Kolstø 2008: 84). Maktgrunnlaget til dei liberale demokratane i krinsen kring Jeltsin ville kunne erodera i takt med den aukande misnøya blant innbyggjarane i landet og slik sett var det ein viss fare, eller frykt for, ei tilbakevending til det sovjetiske regimet.

Jeltsin kravde at parlamentet skulle gjeva honom utvida fullmakter slik at han kunne implementera ei nokså radikal økonomisk reform ved hjelp av dekret,<sup>29</sup> noko parlamentet ikkje utan vidare var samd i. Det oppstod òg usemje mellom Jeltsin og parlamentet i samband med utforminga av Russlands fyrste grunnlov. Ho skulle erstatta SSSR-grunnlova som inntil vidare var den gjeldande. Usemja stod mellom anna om rekkjevidda av dei økonomiske reformene og kven som skulle ha mest makt, presidentembetet eller parlamentet. I den sistnemnde sakana mjøla både partar si eiga kake (Remington 2012: 57–59). Usemja enda med at ei gruppe parlamentarikarar hausten 1993 barrikaderte seg i Det kvite hus,<sup>30</sup> regjeringsbygget i Moskva, i protest mot at Jeltsin nokre dagar i førevegen hadde tvangssoppløyst parlamentet. Situasjonen var svært spent, og til slutt vart det opna eld mot Det kvite hus. 200 menneske omkom. Ordren kom frå forsvarsminister Pavel Gratsjov som, etter ei lengre tids nøling, valde å støtta Jeltsin (Kolstø 2008: 87–88).

Jeltsin-fløya sigra, men hadde demokratiet vunne? Det eksisterte ei viss frykt for at dersom dei marknadsliberalistiske reformene vann fram, ville det verta vanskeleg å få på plass eit demokratisk regime i Russland. Mange, deriblant vestlege kommentatorar, såg på Jeltsin som ein naudsynt faktor for at demokratiet skulle verta etablert i landet. Trass i at det er vanskeleg å skapa ein demokratisk tradisjon på kort tid, har Kolstø ein treffande analyse av hendingane hausten 1993 sett i ljós av demokratisering:

"Demokratene og reformtilhengerne i kretsen rundt Jeltsin hadde trukket det lengste strået og et tilbakefall til sovjetkommunismen var forpurret. Alle Jeltsins motstandere ble unyansert fremstilt som tilhengere av å gjeninnføre det gamle regimet. Samtidig kan det argumenteres for at det russiske demokratiet i disse hustriige høstdagene hadde strøket for første gang det var oppe til eksamen. Grunnleggende demokratiske holdninger som viljen til å rette seg etter spillets regler og inngå kompromisser var eklatant traværende – på begge sider" (Kolstø 2008: 89).

Jeltsin fekk det som han ville då den nye grunnlova vart vedteken i desember 1993. Med henne vart det innført direkteval på presidenten, han peikar ut og godkjener statsrådene som statsministeren vel ut, samt at fleire av departementa, mellom anna utenriks- og forsvarsdepartementet, ligg direkte under presidenten (Remington 2012: 60–61). Den russiske regjeringa har dimed ikkje sitt utspring i parlamentet slik me er vande til i Noreg. I tillegg vart parlamentet såpass veikt at det ikkje er særleg avgjørande om det speglar dei politiske preferansane til russarane eller ikkje (Kolstø 2008: 91). Det kan sjå ut til at demokratiet aldri

<sup>29</sup> Eit dekret er i russisk samanheng eit framlegg frå presidenten som har kraft som ei lov. Vanlegvis er det parlamentet som er det lovgjevande forsamlinga, men når ein president styrer med dekret, vil implementeringa av innhaldet i dekreta utan å involvera den lovgjevande forsamlinga, parlamentet.

<sup>30</sup> På russisk: Белый дом. Transkribert: Belyj dom.

fekk einærleg sjanse og at politikarane ikkje våga å lita på dei demokratiske mekanismane. Forskar ved Institute for European, Russian and Eurasian Studies (IERES), The Elliott School of International Affairs og George Washington University Marlène Laruelle meiner at det russiske demokratiet har mislukkast på tre frontar. For det fyrste ved at SSSR-borgarane eigentleg ikkje ynskte ei oppløysing av SSSR. For det andre vart folket utarma under Jeltsin, noko som gjorde at termen *demokrati* fekk eit dårleg rykte i lag med marknadsøkonomien. For det tredje opptrådde regimet i "demokratiets namn" på ein ikkje-demokratisk måte, noko som diskrediterte både termen og reelle liberaldemokratar. Dette skjer den dag i dag (Laruelle 2009: 18).

### **2.1.3 Eit samfunn i økonomisk, politisk og moralsk oppløysing**

Midt i det politiske kaoset, var økonomien slett ikkje betre stilt. Då dei tidlegare statsregulerte prisane vart marknadsliberaliserte i 1992, skaut inflasjonen i været til 2000 prosent. I 1997 var inflasjonen nede i tolv prosent, føre han i 1998, grunna ei finanskrisje, igjen steig til 85 prosent (Moss 2005: 539). Livet til den jamne russar var ikkje lett. I uformelle samtalar med russarar har eg fått høyra dei mest utrulege historier om dei økonomiske vanskane på 90-talet. Eitt døme er tobarnsfaren som over ein lengre periode fekk utbetalt løn i form av flasker med tomatketsjup. Han arbeidde ikkje på ein tomatplantasje, men på eit statleg forskingsinstitutt. Det fanst rett og slett ikkje pengar til lønsutbetaling.

Det stod ikkje berre dårleg til med økonomien. Som nemnd var sentralstyresmaktene allereie under Gorbatsjov svekte. Medan Jeltsin og parlamentet var i tottane på kvarandre sklei situasjonen endå meir ut. Dei føderale subjekta kunne gjera nesten som dei ville. For å skaffa seg støtte frå provinsane landet over, lovde både Jeltsin og parlamentet dei meir makt. Dette demma neppe opp for dei sentrifugale kreftene i landet (Kolstø 2008: 132–133). Landet stod i fare for å verta endå meir splitta opp.

Folk var usikre på kva oppløysinga av SSSR hadde å seia i praksis. Det er ingen tvil om at dei sovjetiske styresmaktene hadde lagt seg borti meir enn dei burde, i alle fall meir enn det som det er naturleg å tenkja seg at staten skal taka del i. Kolstø peiker på eit viktig aspekt som råka det russiske samfunnet etter oppløysing av SSSR:

"Når [sic!] sovjetsystemets statsfetisisme mistet sin legitimitet, sank respekten for lover og regler generelt. Blant de økonomiske aktørene i det nye Russland var det en utbredt oppfatning at lover var til for å brytes, ikke overholdes. I Jeltsin-tiden var derfor lovlydigheten blant folk flest sterkt nedadgående, og dette skjedde på en tid da myndighetenes evne til å håndheve lovene også var sterkt svekket" (Kolstø 2008: 129).

Blant ungdom spreidde narkotikamisbruket og kriminaliteten seg, og mange ungar og ungdom vart sendt ut på gata av foreldra sine. Dei sosiale problema vart meir og meir alvorlege, medan helsebudsjettet skrumpa inn. Til slutt utgjorde det berre éin prosent av statsbudsjettet (Moss 2005: 541–544). Dei økonomiske vanskane førde til at korruptionen spreidde seg til mange yrke, mellom anna politiet. Alle desse problema gjorde det lett å diskreditera den nye marknadsøkonomien (Kolstø 2008: 129–130).

90-talet var altså prega av eit politisk og økonomisk, samt eit moralsk forfall der samfunnsgrupper tok seg til rette og i endå større grad perforerte russarane sin respekt for lov og orden. Dette kjem til syne i korleis russisk ungdom forstår verda den dag i dag. Heile 55 prosent av ungdomen seier at deira eigen framgang i livet ofte heng saman med det å av og til lukka augo for sine eigne prinsipp og leva livet etter tesen om at "den moderne verda er brutal, og for å oppnå suksess må ein til tider sjå bort i frå moralske prinsipp og normer" (Gorsjkov og Sjegeri 2010: 8–9). Dette skulle tyda på at russisk ungdom har høge moralske standardar, men for å få til noko i livet, må moralen setjast til side. Resultata i ei anna undersøking kan tyda på at ungdom har vanskar med å skilja mellom rett og galt. 50 prosent av dei spurde svarte at dei er samde i påstanden om at målet heilaggjer middelet, 58 prosent er viljuge til å driva med korruption, dersom det skulle gjeva nokre fordelar. Kan hende skuldast dette at dei store samfunnsbrigda etter at SSSR gjekk i oppløysing har ført til at mange unge har mista grepet om situasjonen (Dafflon 2009: 36). Dei to undersøkingane kan tolkast ulikt, men det ser ut til at ungdom flest meiner at uærlegdom gjer vegen til suksess lettare. Er dette ei form for moralsk relativitet eller speglar dei levevilkåra i det russiske samfunnet? Eg trur mest på det siste, jamfør mellom anna spreiinga av korruption i Russland under Putin, som eg kjem inn på i kapittel 2.2. Dersom ungdomen ikkje støyter på sosiale korrektiv for slike haldningar, er det urovekkande.

### **2.1.4 Oligarkane ser dagens ljós**

Då dei økonomiske realitetane kom for ein dag under Gorbatsjov, byrja mange å nytta dei tidlegare nemnde kooperativbankane, oppretta av Komsomol, til å kanalisera partikapitalen til "tryggare stader". Dei fleste som gjorde dette, var kring tretti år gamle, eller yngre. Dette utgjer nok ein god del av forklaringa på korleis ei gruppe unge, rike bankmenn, tidlegare knytt til Komsomol, kunne dukka opp nærmast over natta. Dei utnytta kooperativbankane, eit gode som berre var tilgjengeleg for nomenklaturaen, toppeliten i SSSR (Diuk 2012: 24). Denne

samfunnsgruppa skulle gå under tilnamna *nyrike*.<sup>31</sup> Dei nyrike som samarbeidde tettast med styresmaktene vart, og vert, kalla *oligarkar*.

Etter 1992, då mange av statsverksemndene skulle privatiserast, vart det delt ut verdibrev, vouchrar, til alle innbyggjarane i Russland slik at dei skulle få eit utbyte av privatiseringa. Ikkje alle forstod verdien til, eller poenget med, desse dokumenta. Mange frå den gamle sovjeteliten, nomenklaturaen, nytta høvet til å gjera seg sjølve rike ved å kjøpa opp store mengder slike verdibrev for ein slikk og ingenting. På denne måten fekk ei relativt lita gruppe menneske stor kontroll over tidlegare statleg eigedom. Det var snakk om både fabrikkar, bankar, massemedia og naturressursar (Moss 2004: 538). Etter kvart rådde desse menneska over store rikdomar.

Føre valet i 1996 var statskassa bortimot tom. Samstundes var populariteten til Jeltsin på veg ned, men han var fast bestemt på å vinna valet og brukte store ressursar på valkampanjen. Det vart inngått ein avtale mellom styresmaktene og fleire av oligarkane om at sistnemnde skulle låna ut pengar til staten mot aksjar i verksemder der staten hadde eigardelar (Remington 2012: 202–203). Det utvikla seg tette band mellom Jeltsin og oligarkane, og dei statlege kontraktane gjekk stadig til den same klikken menneske. Desse avtalte seg i mellom om kven som skulle by og ikkje by i dei store privatiseringsauksjonane (Kolstø 2008: 95). Folk flest såg på dei nyrike og oligarkane som skurkar som hadde tent pengar på uærleg vis (Moss 2005: 541).

## 2.1.5 Vilkåra til ungdomen vert endra

I SSSR hadde ungdom, på lik line med alle andre, krav på arbeid, men til ei lægre løn enn eldre arbeidstakrarar. Ungdomen var rett og slett den fattigaste i landet, men dette skulle endra seg med kooperativa. Dei gjorde sitt til at ungdomen byrja å visa interesse for å tena pengar og mot slutten av 90-talet var det russisk ungdom, det vil seia unge vaksne, som utgjorde grunnfjellet i den russiske middelklassen (Diuk 2012: 21–27). Dersom ein tek omsyn til inntekter og kjøptekraft som ein definisjon, fell berre sju prosent innafor middelklassedefinisjonen (RIA Novosti 2008). Dette talet er henta inn under finanskrisa i 2008 og har truleg stige litt i etterkant.

---

<sup>31</sup> I dag vert omgrepet *nyrik* oppfatta som litt utdatert.

I SSSR vart det som nemnd vanskeleg for ungdom å koma inn i maktposisjonar. Etter perestrojka var det lettare for eldre ungdom å koma inn i styre og stell, men dette skulle berre vara ei kort stund, nærmare bestemt til 1995 (Diuk 2012: 100). Slik er det den dag i dag. Det er dagens unge som skal avgjera den vidare politiske vegen til Russland inn i framtida, men dei har vokse opp i ei svært ustabil tid og mange har mista retningssansen (Korzjenko 2010: 31). På eit tidleg tidspunkt har ungdomen rett nok stor interesse for politikk, særleg i tenåra, men i den alderen har ungdomen svært små sjansar til å gå inn i politikken og vert etter kvart mindre politisk aktive. I staden byrjar dei å interessera seg for katastrofar og for sin eigen arbeidssituasjon (Zvonovskij 2007: 54–56). Dessutan, ungdom vert etter kvart mindre opptekne av politiske rettar enn av å leva under gode sosioøkonomiske omstende (Dafflon 2009: 46). Dersom ungdom ikkje føler at dei ikkje har særleg stor påverknadskraft, er det vel naturleg at dei mister interessa for politikk.

Rett nok var det ikkje beksvart. Ungdom fekk nemleg sleppa til på særleg éin stad, nemleg i den nye private sektoren i arbeidsmarknaden. Mange unge gjekk inn i lukrative yrke som advokatar, forretningsmenn og dataprogrammerarar. Dei tradisjonelle statusyrka lege, universitetslektor og ingeniør, mista popularitet. Dette kan skildrast som eit materialistisk skifte som gjev oss to motståande biletet av russisk ungdom. Det eine biletet skildrar ungdom som betre rusta til å takla skiftande omstende, og som dimed er meir attraktive for arbeidsgjevarane. Det andre biletet skildrar det at ungdomen går inn i den private delen av arbeidsmarknaden som eit teikn på at ungdom har degradert verdien av arbeid. Fleire undersøkingar<sup>32</sup> syner at russisk ungdom ofte er viljuge til å "gjera alt for pengar", inkludert pengeutpressing og liknande (Walker 2011: 49–50). Mange unge greidde seg altså bra på 90-talet, men forfallet i det postsovjetiske Russland ser ut til å ha påverka ungdomen òg. Kan hende mangla dei gode rollemodellar.

### **2.1.6 Minne om det som var**

Korleis hugsar så russarane det fyrste tiåret til den nye staten? I all hovudsak hugsar folk hendingar frå fortida som kan skrivast inn i konteksten til notida, hendingar som gjer det mogleg å tolka og forklåra det som hender no. Det historiske minnet til mennesket, sjølv om det er snakk om ei relativ nær fortid, er selektivt (Petrenko 2011: 73).

---

<sup>32</sup> Her visast det til to undersøkingar, Tsjuproff og Zubok 2000: 176 og Losvskij 1998: 40, både siterte i Walker 2001: 50.

Forskningsdirektør ved Fond "Obsjtsjestvennoe mnenie"<sup>33</sup> Jelena Serafimovna Petrenko, har gjennomført ei undersøking som syner kva for felles minne folk har frå perioden 1985–1999. Ho har freista å finna hendingar som kan reknast som nykelhendingar for landet og dimed utgjera ein del av det felleshistoriske minnet for russarane. Petrenko har kome fram til fire hendingar som vart nemnde av alle, uavhengig av alderen til respondentane, og som etter hennar mening er med på å danna eit felleshistorisk minne om tida under Gorbatsjov og Jeltsin. Dei fire hendingane er Tsjernobyl-ulukka i 1986, den fyrste og andre Tsjetsjenia-krigen, høvesvis i 1994–96 og 1999–2002, misleghaldet av økonomien gjennom heile 90-talet og uttrekkinga av soldatane frå Afghanistan i 1989 (Petrenko 2011: 80). Med unnatak av tilbaketrekkinga av troppane frå Afghanistan, er det vanskeleg å finna positive minner her.

Ei liknande undersøking vart utført av direktør ved Institutt for sosiologi ved Det russiske vitskapsakademiet<sup>34</sup> Mikhail Gorsjkov, og direktør ved Senter for sosial prognosering og marknadsføring<sup>35</sup> Franz Sjegeri. Dei kom fram til at ungdom i alderen 14–30 år såg på Russland under Gorbatsjov som eit samfunn i politisk og sosial krise på randa av oppløysing. Jeltsin-perioden vart karakterisert som ei tid der Russland var i ei djup økonomisk og sosial krise med åndelag forfall og ei tid då staten var korrupt og framandgjort for folk flest (Gorsjkov og Sjegeri 2009: 25–26). Inntrykket av den nære fortida er stort sett negativt, ikkje berre blant vaksne, men òg hjå den yngre garde.

I ljós av dei negative minna om fortida, er det interessant å trekka fram ii undersøking frå 2011 som syner at 60 prosent av den russiske ungdomen var i mot oppløysinga av SSSR, mot 38 prosent i Ukraina (Nikolayenko 2011: 62–63). Omtrent like mange meiner at det er synd at SSSR ikkje finst lenger. Som tidlegare nemnd kan det tyda på at mange russarar ikkje har godteke dei nye politiske realitetane (Jakusjeva 2011). Som hovudgrunnar til at ein tykkjer det er synd at SSSR kvarv, vert fylgjande trekt fram: mindre påverknadskraft i verda, økonomisk nedgang, sosial utryggleik, meir kriminalitet og urettferdig handsaming av russarar i utlandet (Nikolayenko 2011: 67).

<sup>33</sup> På russisk: Фонд "Общественное мнение". Dette er ein uavhengig NGO, opphavleg tilknytta VTsIOM.

<sup>34</sup> På russisk: Институт социологии, Российская Академия Наук (РАН).

Transkribert: Institut sotsiologii, Rossijskaja Akademija Nauk (RAN).

<sup>35</sup> På russisk: Центр социального прогнозирования и маркетинга.

Transkribert: Tsentr sotsialnogo prognozirovaniya i marketinga.

Undersøkinga til Petrenko synte ikkje berre negative minne. Særleg unge respondentar nemnde valet av Russlands fyrste president som ei viktig hending i denne perioden (Petrenko 2011: 80). Det har vorte hevdat Boris Jeltsin var den einaste russiske leiaren som nokosin har vorte vald ved eit fritt val (Gessen<sup>B</sup> 2012: 18). Det hadde vore rart om dette ikkje vart nemnd. Det er interessant at desse to undersøkingane ser ut til å passa godt til korleis *Nasji* ser på den same perioden, noko eg skal koma attende til i både kapittel 3 og 4.

## 2.2 Russland i Putins tistelmjuke jarngrep

Russland fekk altså i 1993 ei grunnlov som favoriserte presidentembetet. Ho vart skriven av ei gruppe menneske peikt ut av Jeltsin. Parlamentet, som på dette tidspunktet hadde vorte tvangstoppløyst, vart aldri konsultert. Det er kan hende ikkje så rart at presidentembetet har ei slik mektig stilling i dagens Russland (Hønneland og Jørgensen 2006: 27). Posisjonen til presidenten har vore så mektig at det nærmast vert ei sjølvfylgje å ha ei svært presidentfokusert framstilling. I så måte er heller ikkje denne kortfatta gjennomgangen av hendingane i perioden 1985–2013 eit unnatak. Om presidenten i dag reelt sett har så mykje makt, skal eg koma kort innom i kapittel 2.2.2. Eitt år uti den andre perioden til Putin såg *Nasji* dagens ljos og dei har heile tida utbasunert store ovasjonar og sterkt støtte til fordel for Putin og hans politiske retning. Difor ser eg det som naudsynt å sjå litt nærmare på Russland i tida etter år 2000, året då Vladimir Putin kom til makta.

Det er ingen tvil om at Vladimir Putin har sett sit preg på Russland sidan vart president i år 2000. Etter at Jeltsin takka for seg i 1999, regjerte Putin i to periodar føre Dmitrij Medvedev vart vald i 2008. Både Putin og Medvedev var tilknytta partiet *Det sameinte Russland*. I perioden 2008–2012 kvarv ikkje Putin or det sentrale regimet. Han fungerte som statsminister, utnemnd av Medvedev. I 2012 vart Putin vald til president for tredje gong, medan Medvedev tok over statsministerposten.

I dette delkapitlet vil eg sjå på nokre hovudtrekk i utviklinga i Russland etter at Putin kom til makta. Deretter vil eg sjå på korleis Putin-regimet har vorte og kan verta karakterisert føre eg mot slutten av kapitlet ser nærmare på utviklinga innan media og sivilsamfunnet, to område som kan fungera som døme på korleis regimet har innverknad på ungdom. Eg vil òg taka opp i kor låg grad ungdom har tillit til dei statlege institusjonane og media.

## 2.2.1 Russland etter år 2000

Under dei to fyrste presidentperiodane til Putin, 2000–2008, opplevde Russland framgang på fleire vis. Realløna gjekk opp, arbeidsløysa gjekk ned frå tretten til fem prosent, og fram mot finanskrisa i 2008 opererte landet med budsjettoverskot (Bacon 2010: 136–138). Dessutan gjekk talet på dei som levde i fattigdom ned frå kring 40 prosent på slutten av 90-talet, til 20 prosent i 2008 (Remington 2012: 211). Putin opplevde stor popularitet på grunn av den økonomiske framgangen, men han skal neppe ha all æra for veksten. Velstandsauka og den økonomiske framgangen skuldast nok for ein stor del inntekter frå oljeprisane som heldt seg jamt høge gjennom både presidentperiodane (Kolstø 2008: 116). Russarane opplevde ei velstandsauke som særleg presidenten fekk påskjøning for i form av popularitet. For mange unge i etableringsfasen, men òg for andre, må det ha verka langt meir attraktivt å ha Putin i leiarstolen enn Jeltsin då den økonomiske situasjonen verka meir stabil under Putin.

Økonomien betra seg, men langt i frå alle problema vart løyste under Putin. Både han og Medvedev har peika på det låge produktivitetsnivået i det russiske arbeidslivet (Remington 2012: 8–9). Dessutan heldt kriminalitet fram med å vera eit stort problem (Moss 2005: 545). Drapsratene er høge, born og ungdom vert utnytta, og organisert kriminalitet innafor alle dei økonomiske sektorane er berre nokre av problema (Shelley 2013: 192). På generelt plan vart Russland eit meir lovlydig land, og staten vart betre til å handheva lovene enn på 90-talet, men var kan hende ikkje så opptekne av å fylgja lovverket sjølv (Kolstø 2008: 135). Det har altså vorte betre, men russiske styresmakter har enno ein lang veg å gå for å heva rettstryggleiken.

Særleg korruptionen fekk eit oppsving under Putin, og mange oligarkar heldt fram med å øva stor påverknadskraft på statsadministrasjonen, nett som dei hadde gjort under Jeltsin. Putin tok eit oppgjer med oligarkane, men ikkje med alle. Dei som spelte på lag med regimet, fekk gå i fred. Dessutan førde antioligarkkampanjane til at Putin styrkte populariteten på meiningsmålingane (Kolstø 2008: 105–106). Saka om Mikhail Khodorkovskij er eit kjent døme på ein oligark som fall i unåde. Arrestasjonen av honom i 2003 gjorde det klårt at liberale oligarkar ikkje ville verta tolererte av Putin (Diuk 2012: 26).<sup>36</sup> Sjølv om livet for den

<sup>36</sup> Eit anna døme på ein antioligarkkampanje er Putins reise til byen Pikaljova der eigarane av hyrnestefabrikken ynskte å leggja honom ned. Oligarken Oleg Deripaska var blant eigarane. Føre Putin kom til staden hadde det vorte ferda ut ein plan, men han mangla signaturen til Deripaska. Putin bad, medan fjernsynskameraa filma, Deripaska om å signera avtalen der og då ved å gi bort penna si for så å bryskt krevja henne attende. Professor ved Universitetet i New South Wales i Australia Stephen

jamne russaren har vorte meir stabilt, er det ikkje til å stikka under stol at korkje Putin eller Medvedev har lukkast med å løysa problema i landet. Dessutan ser det ut til at dei har eit ynske om å kvitta seg med mektige meiningsmotstandarar, noko som òg er tydeleg hjå *Nasjji*. Meir om dét i kapittel 4.

## 2.2.2 Maksentralisering under Putin

Mot slutten av 1990-talet var nesten alle kommentatorarar samde om at den russiske staten måtte styrkjast. Ein nykelfaktor for Putin, særleg i den fyrste perioden sin, vart nettopp å styrkja statsmakta, men mot slutten av Putins andre periode, i 2008, var det brei konsensus om at demokratiet og pluralismen hadde vorte innskrenka. Kva hadde skjedd? Iver B. Neuman argumenterer for at Putins sentralisering og styrking av staten har møtt motbør i ei tid der trenden er å minska den statlege styringa. Tidlegare har staten vore sterk òg i Vesten, meiner Neumann, men då Russland gjekk inn for å styrkja maktvertikalen under Putin, hadde Vesten allereie forlate denne strategien (Neumann 2013: 35). Her er det ikkje plass til å gå i djupna, men dei viktigaste hendingane fortener litt merksemrd.

Sommaren 2001 vart det i den russiske nasjonalforsamlinga vedteke at parti som skulle stilla til val, og ikkje allereie var representerte i parlamentet, måtte kunne dokumentera ein lokal partiorganisasjon i minst helvta av dei 84 føderasjonssubjekta i landet. Kvar lokalorganisasjon måtte ha minst eitt hundre medlemar. Denne lova favoriserte heilt klårt store parti. I tillegg vart einmannskrinsane avskaffa i 2004, og alle representantane skulle røystast inn frå partilister. Attpåtil vart sperregrensa heva til sju prosent. Totalt sett kan desse endringane både føra til eit meir stabilt partisystem, men òg til at det vert vanskelegare for små parti og nykomrarar (Kolstø 2008: 110–111). Dessutan førde brigda til at regionale parti og personar som ikkje var på line med dei etablerte partia, effektivt vart stengde ute frå det russiske parlamentet.

---

Fortescue har karakterisert denne hendinga som eit PR-stunt, trass i at det kan verka som om Putin her kom og redda arbeidsplassane til heilt vanlege menneske. "One of the buttons Putin pressed in Pikalevo – and not for the first time – was the anti-business and in particular anti-oligarch button" (Fortescue 2009: 33). Episoden i Pikaljova har òg vorte trekt fram som eit døme på at Putin har framstått som meir autoritær i møte med journalistar, utanlandske statsleiarar og russiske direktørar og leiarar, særleg etter 2004 (Goscilo 2013: 19).

For å ha kontroll over parlamentet,<sup>37</sup> og for å minska påverknadskrafta til opposisjonelle parti, har det vorte oppretta såkalla maktparti. Desse partia er sterkt president-venlege parti. Det mest kjente er *Det sameinte Russland*, oppretta i 2002 som ei vidareføring av to andre Kreml-venlege parti (Kolstø 2008: 110). Partiet skildrar seg sjølv som eit sentrumsparti, partiet for stabilitet og sjølvstendige menneske, samt partiet for det suverene demokratiet<sup>38</sup> og partiet for den russiske politiske kultur (Remington 2012: 176). I parlamentet, der *Det sameinte Russland* har hatt flest sete heilt sidan valet i 2003, har partiet stort sett fungert som eit parti som vedtek lovframlegga som president Putin og Medvedev har kome med (Remington 2012: 177). *Det sameinte Russland* vert nytta rett og slett for å kontrollera Statsdumaen. Som nemnd utgår ikkje regjeringa frå parlamentet, statsministeren vert utnemnd av presidenten. Presidenten hadde god kontroll både over regjeringa og over parlamentet.

Medan Jeltsin og det russiske parlamentet kjempa seg imellom, fekk føderasjonssubjekta meir og meir makt. Putin såg det som ei høgt prioritert oppgåve å resentralisera makta i Russland. Mellom anna oppretta han i år 2000 sju føderale krinsar som skulle ha som hovudoppgåva å overvaka føderasjonssubjekta, syta for at skatteinntektene hamna der dei skulle og at det regionale lovverket var i samsvar med det føderale. Under Medvedev vart det oppretta ein åttande krins med særleg ansvar for økonomiske og sosiale problem i Nord-Kaukasus. Presidenten utnemner leiarane av desse krinsane og ordninga har vorte skulda for å vera eit ledd i å skapa eit sentralisert og autoritært styre. Samstundes har den faktiske rolla til dei føderale krinsane vore noko avgrensa (Remington 2012: 80). Opprettinga moglegger, ved behov, meir direkte styring av regionane, utan å måtte gå til kvar og ein guvernør.<sup>39</sup>

Som nemnd har ikkje det russiske parlamentet særleg stor makt samanlikna med presidentembetet. Ein institusjon som det er verdt å kasta eit nærmare blikk på er presidentadministrasjonen i Russland. Han er sett saman av ei rad direktorat, råd og kommisjonar, og leiarane her har ei makt som berre vert overgått av presidentmakta. I daglegtale og i media vert heile denne strukturen med bortimot 2000 tilsette referert til som Kreml (Hønneland og Jørgensen 2006: 30). Det statlege russiske statistikkbyrået skriv at talet på faste tilsette i 2012 var på 1547 (Federal'naja sluzjba gosudarstvennoj statistiki 2012) utan

<sup>37</sup> Den russiske nasjonalforsamlinga er delt i to, Føderasjonsrådet og Statsdumaen, der sistnemnde er mest sentral.

<sup>38</sup> Sjå kapittel 1.6 for meir om omgrepet suverenitet.

<sup>39</sup> Putin avskaffa på eit tidspunkt direktevalet på guvernørar, men under Medvedev vart guvernørvala gjeninnførde. Slik sett er ikkje lokaldemokratiet fullstendig underlagt Kreml.

at det tyder på at presidentadministrasjonen har vorte mindre viktig. Forskarane Geir Hønneland og Jørgen Holten Jørgensen ved Fridjof Nansens Institutt i Oslo oppsummerer funksjonen til presidentadministrasjonen slik:

"Dens maktutøvende rolle er vanskelig å overvurdere, og dens avdelinger dupliserer og overstyrer på mange områder regjeringens arbeid. Samlet framstår presidentadministrasjonen som en skyggeregjering, et organ med en restriktiv informasjonspolitikk og stor makt, men lite direkte ansvar" (Hønneland og Jørgensen 2006: 30).

Nikolaj Petrov, tidlegare tilknytt Carnegieinstituttet i Moskva,<sup>40</sup> har ei rad døme på institusjonar som heilt eller delvis vert dupliserte av Kreml-kontrollerte organ, mellom anna dei føderale krinsane til erstatning for den lokale utøvande makta i dei føderale subjekta, presidentadministrasjonen som erstatning til regjeringa i oppgåva med den laupande styringa av landet og i oppgåva med å taka langsiktige strategiske avgjerder med meir (Petrov 2009: 16). Dette gjer sitt til at Russland har lovleg valde organ som arbeider nett slik ein hadde venta i eit velfungerande demokrati, men på toppen av det heile, ute av syn for folk flest, står presidentadministrasjonen og spinner sine trådar som ein gigantisk edderkopp. Resultatet er at Kreml kan hevda at Russland er eit demokrati, men det er berre på papiret. Dei faktiske avgjerdene skjer i presidentadministrasjonen som ikkje er folkevald.

Kvífor protesterte ikkje russarane? Ei undersøking frå 2006 synte at ein tredel av russisk ungdom er likegyldig til kva for styre det var i landet, og kan hende er nett likesæle blant ungdom den beste støtta for eit autoritært regime, så lenge dette regimet syter for ein sosioøkonomisk stabilitet (Nikolayenko 2011: 20–24). "Bearing in mind the hardship Russian citizens went through in the 1990s, it is obvious that the economic boom Russia is experiencing [with Putin] is a key factor in the present regime's popularity" (Dafflon 2009: 12).

Så langt har tida etter 2000 vorte omtalt som regjeringstida til Putin. Kva så med presidentperioden til Dmitrij Medvedev, 2008–2012? Statsminister under Medvedev var Putin, noko som kan tyda på at det kan ha vore vanskeleg for Medvedev å gå for sterkt i mot forgjengaren sin. Stephen K. Wegren skriv at det var konsensus både blant russiske og vestlege observatørar om at Putin hadde den reelle makta i Kreml, sjølv om han "berre" var statsminister og Medvedev mislukkast i å få til store brigde i Russland (Wegren 2013: 3). Blant russarar vart det vitsa om at Medvedev ikkje fekk gjort noko som helst i laupet av sine

---

<sup>40</sup> På russisk: Московский Центр Карнеги. Transkribert: Moskovskij Tsentr Karnegi.

fire år. Dette har òg kome til uttrykk i populærkulturen hjå til dømes gruppa Vasja Oblomov, godt hjelpt av journalisten, opposisjonsleiaren og fjernsynskjendisen Ksenija Sobtsjak i lag med journalisten, skodespelaren og regissøren Leonid Parfjonov i låta *Farvel bjørn*<sup>41</sup>: "Han [Medvedev] greidde, liksom, å føreslå ei reform, men utanom ein "dustete" politiuniform, greidde han ikkje å etterlata seg noko som helst"<sup>42</sup> (Vasja Oblomov 2012<sup>B</sup>). I låta vert det hinta det til ei reform der det russiske politiet skifta namn frå *militsija* til *politsija*, derav nye uniformer, og til at dette var det einaste synlege provet på at Medvedev hadde vore president.

Som eit ledd i sentraliseringa har det etter år 2000 vorte fokusert på patriotisme, særleg i ungdomspolitikken (Blum 2007: 121).<sup>43</sup> I dagens Russland opererer Kreml med to omgrep: *nasjonalisme* og *patriotisme*, der sistnemnde utgjer ein positiv og konstruktiv verdi, medan fyrstnemnde er noko destruktivt og aggressivt. Ved hjelp av termen patriotisme styrer Kreml kva som er politisk legitimt i dagens Russland og alt som ikkje fell under patriotismeparaplyen, kort sagt all politisk opposisjon, vert omtala som ekstremistisk og fascistisk (Laruelle 2009: 144–145). I kapittel 3 vil me sjå at òg *Nasji* nyttar omgrepet *fascisme* for å skildra sine politiske motstandarar.

Patriotismen vert nyitta til skapinga av ein russisk nasjonalidentitet (Blum 2007: 121). Slik eg forstår det er Kremls patriotisme ei form for nasjonsbygging. Av kapittel 1.6 er det fleire oppfattingar av kva den russiske nasjonen er eller bør vera. Emil Pain hjå Sosiologisk institut ved Det russiske vitskapsakademiet hevdar at etter SSSR gjekk i oppløysing, oppstod det ei identitettskrise i Russland, nett som i mange av dei andre tidlegare sovjetrepublikkane (Pain 2009: 40). Det gamle verdisystemet vart avslørt som ein bløff, det fanst plutselig ingenting å vera stolt over (Melnikova 2013: 48). Noko måtte gjerast.

I eit nasjonsbyggingsprosjekt er det viktig å finne felles verdiar. Nasjonsbyggjarane, i dette tilfellet Kreml, må kunne slå an strengar hjå folket for å oppnå suksess, så òg i Russland, sjølv om politikkutforminga der i mindre grad er utsett for haldningsbrigde i opinionen enn i til dømes Noreg (Blakkisrud 2004: 251). Det ligg utafor rammene til denne masteroppgåva å vurdera suksessen til Kreml på dette området, men patriotismen har førd til at mellom anna

<sup>41</sup> På russisk: *Пока медведь* [sic!]. Transkribert: *Poka medved*. Låta fekk ein musikkpris i 2012 (Lenta.ru 2012).

<sup>42</sup> Original: /Успел, вроде как, предложить реформу,// Но, кроме, «дебильной» полицейской формы,/ /Ничего после оставить не смог!/ Omsetjinga til norsk er mi eiga og yter ikkje originalen rettferd.

<sup>43</sup> Ei undersøking frå år 2000 viser at på den tida var russarar flest mindre stolte av landet sitt enn innbuarane i dei fleste land i verda, noko som kunne tyda på ein låg grad av patriotisme (Tyldum og Kolstø 2004: 38). Dette kan vera ei forklåring på kvifor patriotisme vart sentralt.

historiebøkene vart skrivne om for å fjerna såkalla "pseudoliberalisme" og retta opp karakteristikkar av SSSR som hadde vore overdrive negative. Utdanningsministeriet i Russland hevda at patriotismen var ein svært viktig komponent av di han kan nyttast til å integrera og sameina sosiale, åndeleg-moralske og kulturhistoriske fragment. I tillegg meinte utdanningsministeriet at patriotisme var viktig for å reetablera stormaktsstatusen til Russland (Blum 2007: 120–121). Både patriotisme og stormaktsstatus er, ikkje overraskande, sentrale element i manifesta til *Nasji* og eg vil koma tilbake til dette i kapittel 4.

### 2.2.3 Karakteristikkar av det noverande regimet i Russland

Etter at Den kalde krigen tok slutt, har demokratiet spreidd seg til heile den gamle austblokka som den einaste reelle alternative styreforma til kommunisme. På eit G8-toppmøte i St. Petersburg i 2006 lanserte Kremls sjefssideolog, Vladislav Surkov, omgrepet *det suverene demokratiet*,<sup>44</sup> eit omgrep som bar bodskap om at Russland må taka omsyn til sin eigenart. Mange analytikarar har omtala bruken av omgrepet som ei fråsegn til Vesten om å ikkje blanda seg inn i russisk innanrikspolitikk (Nikolayenko 2011: 17). Ifylgje Surkov var ikkje Russland budd til å gjennomføra demokratiske reformer då SSSR fall. Han meinte at orden og suverenitet var naudsynt å ha i botna føre Russland gjekk sin eigen veg mot eit demokratisk regime. Han har argumentert for at maktpartiet *Det sameinte Russland* bør styra landet i denne overgangsfasen, i ein periode på minst 15–20 år (Remington 2012: 127). Dessutan:

"The adjective 'sovereign' is meant to indicate the idea that Russia has a specific path of development: therefore it must refuse the *pax americana* imposed by Washington and define its own rythm of development and priorities. Sovereign democracy is the Kremlin's direct response to the 'colored revolutions' of 2003–2005: no Western interference will be accepted in the name of democratic values" (Laruelle 2009: 145–146).

Blomerevolusjonane<sup>45</sup> kjem eg attende til i kapittel 2.2.5, men allereie her er det verdt å merkja seg at russarar flest, inkludert Kreml, meinte at desse hendingane var støtta av vestlege kreftar og vart ikkje vurdert som positive (Hemment 2012: 243).

Når det gjeld omgrep som det suverene demokratiet kan det føyast til at det ikkje er uvanleg at undertrykkande regime unngår å taka i bruk demokratiske idéar og prinsipp ved å forfekta ein lokal eller spesiell versjon av demokrati som skal innførast ved hjelp av gradvise reformer og syta for sosial stabilitet (Nikolayenko 2011: 17). Ved å snakka om eit suverent demokrati,

<sup>44</sup> Sjå òg kapittel 1.6 for meir om omgrepet suverenitet.

<sup>45</sup> Det engelske omgrepet *colour revolution*, omsett til norsk blomerevolusjon, nyttast som ei samlenemning om tre liberalistisk retta regimeomveltingar: Roserevolusjonen i Georgia i 2003, Oransjerevolusjonen i Ukraina i 2004 og Tulipanrevolusjonen i Kirgisistan i 2005.

hamnar vel Russland i kategorien "undertrykkande regime. Fråsegna til Surkov kan òg tyda på at han ikkje ser på Russland som eit fullt utvikla demokrati per no, men at landet vil verta meir demokratisk på sikt, men med tanke på maktsentraliseringa under Putin og funksjonen til presidentadministrasjonen, som eg såg på i kapittel 2.2.2, så er det svært vanskeleg å definera Russland som eit demokrati i noverande stund.

Vanskane med å klassifisera styret i Putins (og Medvedevs) Russland kan vera årsaka til at ein i forskingslitteraturen finn nemningar som *putinisme* (Gudkov 2009), *ovanifråstyrt demokrati* (Petrov 2009) og *styrt demokrati* (Hønneland og Jørgensen 2006). Eg oppfattar desse omgrepene som synonyme, men vil nytta dei omgrepene som forfattarane sjølv brukar i dette kapittelet. For å forstå det russiske samfunnet etter år 2000, er det føremålstenleg å sjå litt på korleis styresettet i landet har vorte karakterisert. *Nasji* vart som nemnd skipa som ei Kreml-venleg rørsle i 2005, og dette delkapittelet vil karakterisera styresmaktene som rørsla støttar.

Direktør ved Levada-senteret Lev Gudkov skildrar putinismen som ei form for statsfetisjisme<sup>46</sup> av di Putin-regimet har teke over kontrollen av massemassa, særleg fjernsynskanalane, domstolane og parlamentet. Systemet er laga for å blokkera og lamma utviklinga av resten av samfunnet, deriblant økonomien, utdanninga, forskinga, samferdsela, sivilsamfunnet og den offentlege sfären (Gudkov 2009: 6). Nikolaj Petrov meiner at Russland er eit ovanifråstyrt demokrati av di presidenten ikkje får avgrensa makta si av andre institusjonar, som til dømes parlamentet. Samstundes kan han manipulera folket ved hjelp av sin kontroll over massemassa. Demokratiske institusjonar har vorte svekte og delvis erstatta av substitutt. Samstundes har alle delane av systemet som er knytte til presidenten, vorte mindre fleksible og därlegare til å tilpassa seg (Petrov 2009: 6–7). Gudkov støttar opp om Petrov og skriv at putinismen syner veikskapen til styresmaktene. Dei gamle institusjonane er delvis øydelagde, dei nye er ineffektive – dersom me ser på dei som ein del av eit demokrati og ikkje gjennom brillene til styresmaktene (Gudkov 2009: 12). Det kan sjå ut til at regimet er mest interessert i å taka vare på sin eigen posisjon og si eiga makt.

Den russiske journalisten Masja Gessen hevda i eit intervju med NRK at Putin på mange vis er ein KGB-offiser som har bygd opp Russland slik at det i stor grad liknar på organisasjonen KGB, men ikkje slik han var på sitt mest effektive. Dagens Russland er bygd opp slik KGB

---

<sup>46</sup> Kolstø nytta det same uttrykket om SSSR, sjå kapittel 2.1.3.

var på slutten av 80-talet, då SSSR var på veg til å gå i oppløysing. Putins Russland er dysfunksjonelt. Gessen hevda vidare at Putin er ein isolert person som ikkje er eller vert informert om kva som går føre seg i det russiske samfunnet (Gessen<sup>A</sup> 2012). Dette inntrykket har jamvel nådd ut til populärmusikken. Gruppa Vasja Oblomov i lag med Ksenija Sobtsjak og Leonid Parfjonov syng om korleis ulike menneske lyg til Putin om korleis tilhøva i landet er. I låta *VVP*<sup>47</sup> vert Putin oppmoda til å registera seg på Twitter og Facebook og "[...] deretter kjem De til å verta à jour om hendingane i landet – dét er meir informativt enn vakuumet Dykker i Kreml"<sup>48</sup> (Vasja Oblomov 2012<sup>A</sup>). Gudkov påstår at Putin er langt meir avhengig av dei ikring honom enn dei er av honom (Gudkov 2009: 12). Likevel, Putin vart attvald i 2012 for dei seks neste åra.

Eit anna kjennetrekk ved det ovanifråstyrte demokratiet er fråveret av eit fungerande *idiotvern*<sup>49</sup> i form av at massemedia for ein stor del er underlagt Kremls kontroll, at vala ikkje er frie og i form av at parlamentet har lite å stilla opp med overfor presidenten i sin funksjon som den lovgjevande forsamlinga. Idiotvernet skal verna om dei som freistar å påverka systemet og verna om systemet mot uvørdschap frå dei som freistar å påverka det (Petrov 2009: 8). Sentral er maktbalansen mellom lovgjevande, dømmande og utøvande makt.

Det ovanifråstyrte demokratiet har førd til at innbyggjarane i Russland føler seg framandgjorte av di dei i mindre og mindre grad tek del i styringa av landet. Dessutan fører dagens system til at opposisjonen ikkje berre vert politiske motstandarar, men òg motstandarar av systemet (Gudkov 2009: 10). Styret til Putin er så undertrykkande at opposisjonen vert systemkritisk. Dette kan igjen føra til at samfunnet vert mindre stabilt som fylgje av at opposisjonen vert.

Kvífor reiser ikkje det russiske folket seg og protesterer mot det sitjande regimet? Til ein viss grad har det skjedd, jamfør demonstrasjonane i samband med parlaments- og presidentvala i slutten av 2011 og 2012, men Putin er framleis populær. Fylgjande observasjon kan vera sentral for å forstå: Mange er misfornøgde med regimet, men dei har lært seg å leva med det (Rose, Mishler og Munro 2006: 201). Dessutan:

<sup>47</sup> På russisk: *БВП*. Transkribert: *VVP*. Dette er ei vanleg forkorting av namnet Vladimir Vladimirovitsj Putin.

<sup>48</sup> Original: ...и затем...//...будете в курсе событий в стране – //Это информативнее, чем Ваш вакуум в Кремле./ Omsetjinga til norsk er mi eiga og yter ikkje originalen rettferd.

<sup>49</sup> Ordet *idiotvern* er mi omsetjing av det russiske omgrepet *zasjtsjita ot duraka* (på russisk: *защита от дурака*).

"[T]he Russians have low but not uncritical expectations of government: if it perform badly, this will lower the support for the current regime a little, but if its poor performance is viewed as less bad than of the Soviet regime, this will actually increase support" (Rose, Mishler og Munro 2006: 143).

Gudkov og Petrov går langt i å definera Russland som eit ikkje-demokrati, men det er heller ikkje eit totalitært regime slik SSSR var. Gudkov forklårar: Det er til dømes slutt på partimonopolet. *Det sameinte Russland* er inga moderne utgåve av Kommunistpartiet. Det finst heller ingen samla terror eller masseundertrykking, trass i at mediekontrollen er sterk. Rett nok gjeld mediekontrollen i hovudsak dei nasjonale fjernsynskanalane der Putin eller Kreml har direkte eigardelar, men både avisene og Internett er stort sett utafor Kremls kontroll. Det er vanskeleg å slå fast at Russland er eit demokrati, men landet har fleire fellestrekks med autoritære regime, særleg på grunn av dei kvasipersonalistiske trekka som gjev inntrykk av at Putin gjer og avgjer alt (Gudkov 2009: 8–12). Det er ingen tvil om at Gudkov har gode poeng, men Kolstø argumenterer for at ikkje alt som Putin gjer, kan avskrivast som autoritære ryggmargsrefleksar. Han har til dømes ikkje reversert dei økonomiske reformene frå Jeltsin-tida, og trass i at han arbeidde for KGB var han òg aktiv i den demokratiske rørsla under perestrojka (Kolstø 2008: 102). Det er altså vanskeleg å eintydig kategorisera både Putin og dagens regime i Russland, men dei autoritære trekka er tydelegare enn dei demokratiske.

#### **2.2.4 Russiske media og ungdomen, eit teikn på mistillit**

Byrjinga av 90-talet kan skildrast som gullalderen til russisk massemedia. På denne tida var pressefridomen stor og media var uavhengige, men bransjen vart snøgt råka av den økonomiske krisa, og mange nyrike og oligarkar kjøpte opp mediakanalar. Etter at Putin kom til makta som statsminister i 1999, hamna fleire og fleire kanalar under Kremls kontroll. Alt til presidentvalet i 2000 var mediadekninga dominert av Putin, og valkampen hans drog nytte av den udelte støtta til Tsjetsjenia-krigen som kom til syne i dei statleg kontrollerte fjernsynskanalane (Nikolayenko 2011: 77). Det er ikkje slik at styresmaktene har full kontroll, men dei har nok kontroll til at dei ikkje treng å dyssa ned dei kritiske røystene. Det at somme mediakanalar utøver redaktørfridom kan jamvel vera til nytte for Kreml, då kritiske røyster kan få letta på trykket gjennom desse kanalane, og ein kan hevda at det finst ytringsfridom i Russland: kritikken vert jo ikkje dyssa ned (Lipman og McFaul 2010: 122).

Det finst frie media, men Kreml er påpasseleg med å halda dei marginale, og nyhendesaker frå denne typen media vert ikkje kringkasta på dei store føderale fjernsynskanalane, som er

kontrollerte av Kreml (Lipman 2013: 136). Dessutan, den sterke kontrollen fører til at mange journalistar utfører ei form for sjølvsensur av di ein for regimekritisk journalistikk kan få indirekte og direkte konsekvensar for liva deira. Dei kan mista arbeidet, og fleire har hamna i rettssaker skulda for ærekrenkingar mot offentlege tenestemenn (Bacon og Renz 2006: 97). Det at ein mediakanal er under statleg kontroll, treng ikkje å bety at redaktørane føler seg tvungne til å samarbeida med Kreml. I somme høve verkar det som om dei er samarbeidsviljuge partnarar (Lipman og McFaul 2010: 121). Kreml har nok rett i at det finst ytringsfridom i Russland, men det er tvilsamt om vilkåra er slik dei burde vera.

Eit slikt mediabilete kan forklåra kvifor det blant russisk ungdom eksisterer ei omfattande mistru til media (Nikolayenko 2011: 80–84). I fylgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) fylgde 68 prosent av nordmennene i alderen 16–19 år med på nyhenda i 2008, ein nedgang frå 82 prosent i 1998. Femten prosent av desse av konsumerte nyhende via fjernsyn, 48 prosent via aviser og 44 prosent via Internett (Olsen 2009). Undersøkingar frå 2010 i Russland syner at helvta av russarane i alderen 15–29 år fylgde med på fjernsynsnyhende dagleg, ti prosent les aviser dagleg, og femten prosent fylgjer nyhenda på Internett kvar dag (Nikolayenko 2011: 80–84). Tala er altså ein del lægre enn i Noreg.

Den nemnde mistrua russisk ungdom nærar overfor media kan vera knytt til ein generelt låg tillit til russiske politikarar. Ofte er det politiske utspel som set dagsorden. Ei undersøking synte at 74 prosent av russisk ungdom stolar på Putin, medan berre 22 prosent set sin lit til eit politisk parti. Dette tyder på at populariteten til Putin ikkje smittar over på maktpartiet *Det sameinte Russland* (Nikolayenko 2011: 37). Andre undersøkingar viser at over helvta av russisk ungdom meiner at ein ikkje kan lita på folk flest (Dafflon 2009: 36, 42, Nikolayenko 2011: 41). Eit anna døme på manglande tillit til offentlege institusjonar kan vera synet ungdomen har på rettssystemet av di "[t]he rule of law is central in creating and maintaining accountability" (Rose, Mishler og Munro 2006: 30). Ekspertar meiner at rettsmedvitet hjå dei unge er så lågt at det knapt nok eksisterer. Ungdomen veit lite om den russiske lovgjevinga og dei greier ikkje å trekka fram positive døme på handheving av lova. Ungdomen trur ikkje på lovverket og trur ikkje på at alle er like for lova (Gordejev 2009: 166–169). I staden for å lita på det offentlege, stolar dei heller på familie og vener (Diuk 2012: 130). Det er nok ein grunn til dette. Professor i jus og statsvitenskap ved Universitetet i Wisconsin Kathryn Hendley oppsummerer det russiske lovverket på eit noko forenkla, men like fullt treffande vis:

"The contemporary Russian legal system is best conceptualized as a dual system, under which mundane cases are handled in according with the prevailing law, but under which the outcomes of cases that attract attention to those in power can be manipulated to serve their interests. To put it more simply, justice is possible and maybe even probable, but cannot be guaranteed" (Hendley 2013: 83).

## 2.2.5 Det russiske sivilsamfunnet og ungdomen

Eit sunt sivilsamfunn vert rekna som eit teikn på eit konsolidert demokratisk system. Trass i at Russland har vorte meir autoritært samanlikna med 90-talet, er landet langt meir liberalt enn SSSR, men sivilsamfunnet vert hemja av fleire faktorar. For det fyrste var sivilsamfunnet i SSSR nesten fråverande, noko som førde til at ein etter 1985 og særleg etter 1991 har måtte byggja det opp heilt frå grunnen av. For det andre vert det sivilsamfunnet som har vokse fram, skulda av styresmaktene for å vera finansert av utanlandske interesser, i all hovudsak av Vesten, og dette sivilsamfunnet utgjer difor ein fare for landet. For det tredje må alle NGO-ar vera registrerte med fleire tusen menneske på medlemslistene, lister som ofte vert avviste som falske (Bacon 2010: 169).

Postdok i statsvitenskap ved Universitetet i Bologna Laura Petrone identifiserer tre faktorar som gjer det vanskeleg for sivilsamfunnet i dagens Russland: 1) ny lovgjeving om skatteinsetting og registrering; 2) opprettinga av Kreml-venlege ungdomsorganisasjonar; og 3) skipinga av Samfunnskammeret<sup>50</sup> (Petrone<sup>A</sup> 2011: 178). Nett som media har òg sivilsamfunnet merka den autoritære utviklinga under Putin. *Nasji*, som ei Kreml-venleg ungdomsrørsle fell inn under punkt to over, vert tema i kapittel 3. Punkt tre kjem eg straks attende til.

I 2005, i kjølvatnet av ein gisselaksjon i Beslan året før,<sup>51</sup> kom det fleire innstrammingar, denne gongen delvis rettferdigjort som ein del av kampen mot terror i lag med å styrkja sentralmakta, særleg på kostnad av regionane (Petrov og Slider 2013: 75). Mellom anna kom Putin med eit lovframlegg som kom til å redusera sjølvstenda til NGO-ane "to secure our political system from interference from outside, as well as our society and citizens from the spread of terrorist ideology" (frå nettstaden *Polit.ru* 30/11-2005 sitert i Remington 2010: 51). Kreml og Putin har særleg retta mistanke mot rørsler og organisasjonar som får

---

<sup>50</sup> På russisk: Общественная палата. Transkribert: Obsjtsjestvennaja palata.

<sup>51</sup> Beslan-tragedien skjedde i september 2004. Tretti tsjetsjenarar og ingusjetarar tok omrent 1200 menneske til gislar på ein barneskule i Beslan, ein by i det russiske føderasjonssubjektet Nord-Ossetia. Etter tre dagar storma russiske spesialstyrkar skulen og over 300 menneske, gislar og gisseltakrarar, vart drepne. 180 av desse var born. Den tsjetsjenske opprørsliaaren Sjamil Basajev tok seinare på seg ansvaret for gisselaksjonen (Store norske leksikon<sup>A</sup>: 2012).

pengedonasjonar frå utlandet (Evans Jr. 2013: 107). Det skulle rett og slett verta vanskelegare å få finansiering frå utlandet.

Ikkje lenge etter Beslan-tragedien vart òg Samfunnskammeret oppretta. Institusjonen skulle binde styresmaktene og sivilsamfunnet betre saman og NGO-ane skulle få sine representantar inn i Samfunnskammeret som fekk ein rådgjevande funksjon overfor presidenten (Kolstø 2008: 139). Samfunnskammeret skulle

"hjelpe å trekke innbyggerne med i realiseringen av statens politikk [...] [samt] kontrollere regjeringen og den utøvende makten i regionene, delta i høringer og komme med anbefalinger til lovutkast og gi råd til hvordan borgernes grunnlovsgitte rettigheter best kan innfrys. Det er kun organisasjoner som Kreml kan godta, som sitter i samfunnskammeret [...]" (Hønneland og Jørgensen 2006: 148).

Slik sett minner funksjonane mistenkeleg mykje om kva ein hadde venta at parlamentet skulle sysla med og slik sett meiner eg at det er mogleg å sjå på Samfunnskammeret som ein del av den skuggeregjeringa som presidentadminstrasjonen utgjer, altså eit substitutt eller erstatning for frie demokratiske institusjonar, jamfør kapittel 2.2.2. Med tanke på at sivilsamfunnet i Russland var nokså svakt, kunne ein institusjon som Samfunnskammeret vera nyttig for å hjelpa sivilsamfunnet opp å stå, men det er ein viss fare for at institusjonen berre vil støtta presidenten i eitt og alt.

I laupet av dei siste vel tjue åra har det vorte skipa ei lang rekke NGO-ar, deriblant mange for ungdom (Diuk 2012: 103). I tillegg har dei fleste politiske partia ungdomsfløyer og desse vert rekna som dei beste springbretta for ungdom som vil inn i styre og stell (Diuk 2012: 105–106). Det er mogleg å dela dei ungdomsrørslene som ikkje er ein del av eit partiapparat inn i to grupper: 1) dei som er skapt for bruk i eit politisk spel og som vert nytta for å oppnå politiske mål; og 2) uavhengige organisasjonar. *Nasji* høyrer til den fyrste gruppa (Korzenko 2010: 34). Dette skiljet fanst allereie på 90-talet. Dei Kreml-støtta ungdomsorganisasjonane og ungdomsrørslene heldt fram verksemda si på omrent same vis som Komsomol opptrådde i SSSR, utan at det er mogleg å klårt identifisera kjernesaka til desse organisasjonane, men dei har teke del i festivalar og arrangement som det sitjande regimet har stått bak. Dei uavhengige ungdomsorganisasjonane, altså dei som opererte utan støtte frå staten, arbeidde med saker som menneskerettar, pressefridom, miljøvern og innføring av ei sivilteneste i staden for den militære verneplikta. Desse rørslene er sjeldan ein del av eit hierarkisk system, noko som gjer det vanskeleg å diktera politikken og aktivitetane deira. Hovudproblemet er finansiering. Mange slike uavhengige ungdomsrørsler manglar pengar eller må lita på donasjonar frå

utlandet (Diuk 2012: 102–104). Ser me dette i samanheng med opprettinga av Samfunnskammeret, der berre Kreml-godkjente organisasjonar fekk tilgang, og at det vart, om ikkje vanskelegare så meir uglesett, å få pengar frå utlandet, er det liten tvil om at i alle fall den uavhengige delen av sivilsamfunnet fekk det vanskelegare etter år 2000. Samstundes bør me ha i minne, som professor emeritus i statsvitenskap ved California State University Alfred B. Evans Jr. skriv, at det er uklårt om dei nye reglane for NGO-ar har førd til at aktive organisasjonar faktisk har måtte stengja (Evans Jr. 2013: 107). Det treng rett nok ikkje å bety at nye organisasjonar har mislukkast i å etablera seg eller at dei aktive ikkje har måtte skjera ned på verksemda si.

I tillegg til Beslan-tragedien spelte òg blomerevolusjonane i Georgia i 2003, i Ukraina i 2004 og i Kirgisistan i 2005 ei rolle for korleis Putin utforma politikken overfor NGO-ane og sivilsamfunnet. I Vesten vart blomerevolusjonane tolka som demokratiske triumfar, medan dei same hendingane i Russland vart oppfatta som meir kontroversielle. Det vart særleg fokusert på kor mykje pengar vestlege styresmakter og organisasjonar hadde pøsa inn til støtte for dei som stod bak revolusjonane (Hemment 2012: 243). Trongen til å kontrollera sivilsamfunnet kom til syne tidlegare, men vart særleg tydeleg etter blomerevolusjonane (Petrone 2011<sup>A</sup>: 178). Slik eg forstår det frykta styresmaktene at ein blomerevolusjon skulle oppstå òg i Russland og dimed skapa ustabilitet og kaos – igjen. Som me har sett, ser mange russarar ut til å setja likskapsteikn mellom demokrati og kaos nett på grunn av 90-talet. Det er forståeleg at ingen ynskjer å gjenoppleva noko slikt. Professor i antropologi ved Universitetet i Massachusetts Julie Hemment skriv at det i 2005 vart skipa ei rad Kreml-venlege ungdomsorganisasjonar, deriblant *Nasji* (Hemment 2012: 234–235). Det er dimed grunn til å sjå danninga av *Nasji*, samt opprettinga av Samfunnskammeret i samanheng med og jamvel som ein reaksjon på blomerevolusjonane.



## 3.0 Nasji: bakgrunn, oppstart, utvikling og framferd

I kapittel 1.2 kom det fram tre underproblemstillingar: *Korleis såg Nasji dagens ljós? Korleis endra rørsla seg i laupet av levetida si? Kor mange medlemmar har ho? Kva kan ein seie om banda mellom Kreml og Nasji?* I dette kapittelet skal eg skildra etableringa og utviklinga av rørsla innanfor den perioden ho eksisterte, 2005–2013. Eg vil òg sjå på framferda hennar i det offentlege rom. Dessutan er det interessant å kasta eit blikk på storleiken og strukturen til rørsla samt banda mellom henne og Kreml. Med unnatak av opplysingar kring organisasjonsstrukturen, finst det ingen offisiell informasjon om medlemstal eller om at det finst band mellom rørsla og styresmaktene. I dette kapittelet vil det somme stadar siktast til *heimesidene* eller *nettsidene* til Nasji. Der anna ikkje er opplyst i fotnotane, vil nettsida som heiter *Om prosjektet* vera kjelda til informasjonen.<sup>52</sup> Rørsla opplyser ikkje om kva tid informasjonen frå denne sida vart publisert, noko som gjer det vanskeleg å referera til sida.

Åra 2004–2005 var ei tid med politisk ustabilitet i Russland. I 2004 fann fleire terroristatak stad, mellom anna den nemnde gisselsituasjonen i Beslan. Attvalet av Putin i same år førde til ei dramatisk auke i politiske protestar mot styresmaktene. Nett i denne perioden byrja den tidlegare apolitiske ungdomen å spela ei rolle og midt i dette vart Nasji skipa (Mijnsen 2012: 52). Jussi Lassila er av den oppfatning at Nasji er den ungdomsrørsla som både hadde størst påverknadskraft og var mest synleg både i oppstartsåret 2005, men òg seinare (Lassila 2012: 48).

### 3.1 Byrjinga

I kva for kontekst såg Nasji dagens ljós? Kva var dei direkte årsakene til skipinga av rørsla? Eg meiner at det er sentralt å sjå på korleis rørsla vart etablert og under kva omstende dette hendte for å forstå kva slags rørsle dette er. På heimesidene til Nasji står det å lesa at rørsla vart skipa ved at ei rad regionale ungdomsorganisasjonar i 2004 gjekk saman for å få etablert ei antifascistisk og politisk ungdomsrørsle. Fyrste mars 2005 gjekk Vasilij Jakemenko, den fyrste leiaren i Nasji, ut og erklærte ungdomsrørsla for offisielt skipa.

---

<sup>52</sup> Nettsida som det siktast til er denne: *Om prosjektet* (russisk: *o projekte*): <http://www.nashi.su/projects/66> (lesedato: 14/4-2013).

### **3.1.1 Frå *Idusjtsjie v neste*<sup>53</sup> til *Nasji***

"Etter det avisa Kommersant erfarer, førebur Kreml eit nytt ungdomsprosjekt som skal erstatta den Putin-venlege rørsla 'Idusjtsjie v neste'. Førebels har ikkje organisasjonen noko namn, men seg imellom kallar medlemane honom for 'Nasji' [norsk: 'Våre']. I slutten av den inneverande veka, møtte nestleiaren i presidentadministrasjonen Vladislav Surkov St. Petersburg-gruppa til Nasji, og lova å skapa ein politiske maktbase for rørsla, eit makt som innan 2008 kan verta til eit politisk maktparti"<sup>54</sup> (Kommersant 2005).

Ungdomsrørsla *Idusjtsjie v neste* vart skipa i 2000 og målet med denne rørsla var å etablera ein Kreml-venleg ungdomsorganisasjon. Medlemstala steig, godt hjelpte av at medlemane fekk subsidiert kinobillettar, gratis Internett fleire timer i veka og svært billeg deltaking på sommarleirane ved den allereie nemnde Seligersjøen (Finkel og Brudny 2011: 19). Visepresident ved Nasjonalstrategisk institutt<sup>55</sup> og politisk kommentator Viktor Militarjov meinte at *Idusjtsjie v neste* var gjennombetalte og at difor var medlemssamsetninga nærmast tilfeldig. Han meinte at pengar er naudsynt, men ikkje føre ein ideologi er på plass (Dievskij 2005).

I motsetnad til *Idusjtsjie v neste*, hyller ikkje *Nasji* berre Putin som person, men politikken hans (Finkel og Brudny 2011: 23–24). Ein nøye gjennomgang av manifesta vil faktisk visa at det ikkje er Putin personleg som får *Nasjis* støtte, men den politikken som han står for. *Nasji* skulle altså verta arvtakaren til ei Kreml-venleg rørsle og kan på mange vis sjå ut som eit bestillingsverk frå dei russiske styresmaktene, trass i at dei offisielle banda mellom Kreml og *Nasji* ikkje er heilt openberre. Desse banda vert tema i kapittel 3.4.

### **3.1.2 Ukraina som fødselshjelpar**

Hjå *Idusjtsjie v neste* var medlemslojaliteten heller tvilsam, medlemstalet var lågt og det ideologiske fundamentet var svakt. Difor meinte Vladislav Surkov at denne rørsla ikkje var i stand til å utgjera ei reell motvekt til dei svert motiverte gruppene som leia blomerevolusjonane i mellom anna Georgia og Ukraina. Det var behov for ei ny Putin-venleg ungdomsrørsle og difor såg *Nasji* dagens ljós (Finkel og Brudny 2011: 19).

---

<sup>53</sup> Namnet *Idusjtsjie v neste* kan omsetjast til *Me som går saman* (underforstått: *med Putin*).

<sup>54</sup> Original: Как стало известно Ъ [Коммерсант], Кремль готовит новый молодежный проект на замену пропутинскому движению 'Идущие вместе'. Организация пока не имеет названия, но между собой чиновники называют ее 'Наши'. Отделения движения должны быть созданы во всех крупных городах России под непосредственным патронатом кремлевской администрации. В конце минувшей недели с петербургским активом 'Наших' встретился замглавы администрации президента Владислав Сурков, пообещавший создать на базе движения новую политическую силу, которая к 2008 году, возможно, станет новой партией власти.

<sup>55</sup> På russisk: Институт национальной стратегии. Transkribert: Institut natsional'noj strategii.

Hadde eigentleg Kreml grunn til å uroa seg for eit ungdomsopprør i Russland i 2005? Ei spørjeundersøking frå juni dette året synte at berre tre prosent av russarane under tretti år ynskte at ein blomerevolusjon skulle finna stad i Russland. I den same undersøkinga meinte fleirtalet av dei spurde, nett som Kreml, at deltakarane i Oransjerevolusjonen i Ukraina mest truleg var kjøpte og betalte av utlendingar. Det mange i Vesten oppfatta som ei ukrainsk grasrotørslle, vart blant mange unge russarar sett på som ei konspiratorisk kringsetjing som ynskte å skada Russland (Mendelson og Gerber 2005: 85). Ein kan dimed undra seg på kva dei russiske styresmaktene eigentleg frykta.

Det vart ikkje teke nokon sjanse og *Nasji* vart skipa som eit motsvar til den russiske ungdomsrørsla *Pora*,<sup>56</sup> som kjempa for demokratiske rettar og bar same namn som den leiande rørsla i den ukrainske Oransjerevolusjonen (Finkel og Brudny 2011: 19). Leiaren av ungdomsfløya til det liberaldemokratiske partiet *Jabloko*, Ilja Jasjin, som har vore sentral i opposisjonen mot Putin, har hevda at det i Kreml oppstod paranoia på grunn av Oransjerevolusjonen og frykt for at Putin ikkje skulle greia å halda på posisjonen sin. Difor vart *Nasji* oppretta, ei rørsle som skulle vera i stand til å samla store mengder menneske på dei største plassane og torga i landet (Putins kys 2012: 0:20:41). Mykje tyder på at *Nasji* vart skipa på grunn av hendingane i Ukraina.

Trass i at *Nasji* i Russland støtta regimet, medan *Pora* i Ukraina stod i opposisjon til det dåverande regimet, finst det nokre fellestrekks ved *Nasji* og *Pora*. *Pora* kjempa for det fyrste for nasjonal sjølvstende, for det andre mot korruption, for det tredje for ei utvikling av sivilsamfunnet og for det fjerde for at folk flest skulle kunne lita på maktinnehavarane. Nett det same gjorde òg *Nasji*. Skilnaden låg i at *Nasji* støtta det sitjande regimet i Russland, Putin, medan *Pora* var i opposisjon til det sitjande regimet i Ukraina, leia av president Leonid Kutsjma<sup>57</sup> (Atwal 2011<sup>A</sup>: 87). Men det er ikkje berre i valet av slagord og kampsaker at ein kan finna likskapar mellom *Nasji* og *Pora*. Blomerevolusjonane og særleg Oransjerevolusjonen, kan skildrast som ein karnevalaktig og fargerik atmosfære med ei rad kunstnariske framføringar, rockekonsertar og liknande. *Nasji* var den rørsla som tok med seg desse verkemidla til russisk politikk i lag med aktiv bruk av Internett og andre type nye medium (Finkel og Brudny 2011: 22). *Nasji* kan altså knytast til Oransjerevolusjonen på fleire

<sup>56</sup> *Pora* er Moskva-sentrert og er ikkje særleg stor (Loskutova 2008: 241). Namnet tyder "på tide" eller "tid".

<sup>57</sup> Leonid Kutsjma var president i Ukraina gjennom store delar av 90-talet og heilt fram til oransjerevolusjonen 2005. Etter at han gjekk av, vart han skulda for maktmisbruk, korruption og medverking til drap. Drapstiltalen vart lagt bort grunna manglende prov (Encyclopedia Britannica 2012).

vis. Ikkje berre er *Nasji* ein motreaksjon på hendingane i Ukraina, men rørsla er òg påverka av og inspirert av uttrykksforma til Oransjerevolusjonen. Det at *Nasji* støtta Putin, men brukte uttrykksforma til opposisjonelle, gjorde rørsla nærmast til ein ulv i fåreham.

### 3.2 *Nasjis* liv i tre fasar

Postdok ved Universitetet i Birmingham Maya Atwal har skildra utviklinga av *Nasji* i tre kronologiske etappar. Den fyrste perioden, 2005–2007, er kjenneteikna av det Atwal kallar "gatekampar" (eng.: "street warfare"), altså store massemönstringar på opne plassar, gater og torg. I denne perioden var rørsla òg ivrig på å visa seg fram og var tydeleg inspirert av Oransjerevolusjonen i Ukraina. Den andre perioden, 2007–2008, er kjenneteikna av at kampen mot blomerevolusjonane hadde lukkast og dimed vart det mogleg for rørsla å tre inn på den meir formelle politiske arenaen. Den tredje perioden, 2008–2010, er kjenneteikna av at *Nasji* freista å oppnå legitimitet for handlingane sine og setja makt bak krava, mellom anna ved å i større grad involvera statlege styringsorgan og domstolar for å få bukt med ulike problem (Atwal 2011<sup>B</sup>: 218). Eg meiner det finst grunnar til å strekkja den tredje perioden heilt fram til 2012, noko eg skal koma tilbake til i kapittel 3.2.3.

#### 3.2.1 "Street warfare" – 2005–2007

Atwal peiker på særleg éi massemönstring eller gatedemonstrasjon som kan stå som eit kjenneteiknande døme på den fyrste perioden i levetida til *Nasji*. Det er *Vår siger*<sup>58</sup> som gjekk føre seg 15/5-2005. I Moskva samla det seg kring 50 000 ungdomar denne vårdagen til støtte for krigsveteranane frå Den store fedrelandskrigen (1941–1945).<sup>59</sup> Sidan den gong har rørsla gjennomført fleire liknande aksjonar både i samband med Frigjeringsdagen 1945. På Den nasjonale einskapsdagen 4/11 har det vorte arrangert ei massemönstring som heiter *Russisk marsj*.<sup>60</sup> I 2009 hadde det samla seg kring 20 000–30 000 aktivistar i Moskvas gater på denne dagen (Atwal 2011<sup>B</sup>: 219).

---

<sup>58</sup> På russisk: *Наша Победа*. Transkribert: *Nasja Pobeda*.

<sup>59</sup> Den store fedrelandskrigen (Velikaja otetsjetsvennaja vojna) er eit russisk omgrep som nyttast om den delen av andre verdskrigen som gjekk føre seg på austfronten. Både i Russland og i SSSR var det vanleg å sjå på denne delen av krigen som den viktigaste, den mest avgjerande, for utfallet av krigen. Utan at eg skal gå veldig djupt inn på problematikken her, så er det vel mogleg å ana ei viss undervurdering av kampane andre stader i verda, samstundes som at den vestlege krigshistoria kan hende undervurderer SSSRs rolle i krigen.

<sup>60</sup> På russisk: *Русский марш*. Transkribert: *Russkij marsj*.

Denne perioden bar altså preg av offentlege demonstrasjonar der mange menneske vart samla. I tilknyting til desse nytta ein slagord, plakatar, flagg og liknande (Atwal 2011<sup>B</sup>: 220). Så er spørsmålet kva *Nasji* kunne venta å oppnå med dette:

"Dersom ein skal analsera kva for parti som kan ha fordelar av gjennomføringa av [slike] gatedemonstrasjonar, vert det klårt at 'Det sameinte Russland' ikkje har bruk for dette. Når det er sagt, har dette partiet tilgang til kampklår ungdom som til dømes Nasji, som har spesialisert seg på det som 'Det sameinte Russland' ikkje kan tillata seg. Dessutan, i det store og heile, framfører dei [Nasji] negative slagord og det er alltid nokon å retta eit slag imot"<sup>61</sup> (Byzov 2007).

*Nasji* er ikkje direkte knytt til *Det sameinte Russland*, men i manifesta får ein inntrykk av at rørsla støttar partiet, men dette maktpartiet har si eiga ungdomsfløy, *Den unge garde*. Seniorforskar på Institutt for sosiologi ved Det russiske vitskapsakademiet Leontij Byzov går langt i å omtala *Nasji* som ei rørsle som kunne brukast til "valdsame uttrykksformer", gjera ting som ikkje passar seg for eit politisk parti.

Eit døme på det Byzov siktar til, kan vera korleis *Nasji* omtalar meiningsmotstandarane sine. Fleire gongar har rørsla marsjert med plakatar. Plakatane har vist bilet av menneske som rørsla ser på som sine fiendar. Marija Drokova sa i eit intervju at framstillinga av fiendebiletet til rørsla kan assosierast med dødslistene til Stalin, men ho påstod at *Nasji* ikkje ynskjer å avretta nokon. Rørsla skulle bruka ikkje-valdelege metodar, men ho meinte òg at *Nasjis* vane med å marsjera med plakatar der, etter *Nasjis* syn, Russlands fiendar var portretterte, var eit uttrykk for aggressjon (Putins kys 2012: 0:58:40). *Nasjis* framferd vert tema i kapittel 3.3.

### 3.2.2 Inkorporering inn i partipolitikken – 2007–2008

Omlegginga av *Nasji* i januar 2008 var mest truleg ein måte for *Nasji* å gjera seg nyttig for staten òg etter 2007- og 2008-vala (Atwal 2011<sup>B</sup>: 76–77). Fram til omorganiseringa hadde sentralleiinga i Moskva sendt ut ordrane, men innafor den nye strukturen kom initiativ på mikronivå til syne i langt større grad. Dette betyr ikkje at rørsla ikkje lenger var i stand til å organisera massedemonstrasjonar eller at rørsla vart meir demokratisk. Det er mogleg at rørsla gjennomførde desse brigda slik at det vart vanskelegare for Kreml å stogga henne, men samstundes gjekk rørsla inn for prosjekt som i større grad skulle vera tufta på statlege prioriteringar (Atwal 2011<sup>B</sup>: 231–232). Dette kjem eg attende til i kapittel 3.5.2.

---

<sup>61</sup> Если проанализировать, каким политическим силам выгодно проведение каких-либо маршей, станет понятно, что 'Единой России', например, это не нужно. Правда, у нее есть боевые молодежные отряды типа движения 'Наши', которые как раз специализируются на том, что не может себе позволить ЕР. В основном, правда, у них негативные лозунги: постоянно кому-то дают отпор.

I manifesta er *modernisering* eit litt ullent omgrep, men etter 2008 byrja *Nasji* å leggja meir vekt på nett dette, innovasjon og forretningsidéar. Faren for ein blomerevolusjon var over og stemninga på den årlege sommarleiren ved Seligersjøen endra seg markant frå 2007 til 2008:

"While Nashi's 2007 summer camp was infamous for its hard-line political ideology and ruthless degradation of the opposition, one year later the primary focus of Seliger 2008 was on finding sponsors to support the development of youth enterprise initiatives. Although Nashi's new focus on innovation and modernisation following its reorganisation is aligned with the Kremlin's own priorities in the post-election period and thus represents a blatant attempt by the youth movement to retain state support, this shift in emphasis was instigated by the youth movement itself in response to the changing socio-political environment" (Atwal 2011<sup>B</sup>: 233).

Atwal har tydeleg eit poeng, men forskar ved Universitetet i Basel Ivo Mijnsen argumenterer for at omorganiseringa kan skuldast at Medvedev, som vart president i 2008, var til dels kritisk overfor rørla. I staden for å vera ei rørsle som legg vekt på massedemonstrasjonar, gjekk *Nasji* over til fokusera på korleis rørsla kunne spela ei rolle i den økonomiske moderniseringa av Russland under president Medvedev (Mijnsen 2012: 129). Dessutan var det truleg naudsynt med ei omorganisering. Rørsla hadde avverja ein russisk blomerevolusjon. Det var med andre ord på tide å arbeida for andre politiske mål.

### 3.2.3 Lov og orden? – 2009–2012

Den siste perioden, som Atwal strekker fram til 2010, eg til 2012, kan det sjå ut til at *Nasji* byrja å sjå på rettsakar som eit middel i kampen mot opponentane sine. Mellom anna vart både russiske og utanlandske medium saksøkte, grunna reportasjar og artiklar som rørsla meinte var vinkla negativt. Den franske avisa *Le Jourale du Dimanche* vart i april 2010 dømd til å betala ungdomsrørla ein kvart million rublar for å ha kome med ærekrenkjande påstandar om henne (Atwal 2011<sup>B</sup>: 239). Etter at Atwal avslutta arbeidet sitt, har det kome fram liknande sakar, til dømes frå april 2012 der fleire regimekritikarar skulda for vandalisme under det *Nasji* hevda var ein ulovleg demonstrasjon i den russiske byen Kirov (Rambler 2012). I omtalen av prosjektet *Kjøpskontroll* skriv rørsla at rørsla kjem til å melda inn lovbro til riktig kontrollinstans.<sup>62</sup> Det er tydeleg at *Nasji* freistar å skaffa seg legitimitet for handlingane og påstandane sine, men i kapittel 2.2.4 kom det fram at tilliten til media, statlege institusjonar og rettsapparatet jamt over er därleg blant russisk ungdom.

Utviklingsinndelinga over er ikkje absolutt. Sjølv i mai 2010 stod *Nasji* bak ei massemönstring i samband med 65-årsdagen for sigeren etter Den store fedrelandskrigen (Atwal 2011<sup>B</sup>: 232). Rørsla hadde dessutan gått til sak allereie så tidleg som i 2006, men frå

<sup>62</sup> Prosjektside for *Kjøpskontroll*: <http://www.nashi.su/projects/109> (lesedato: 14/4-2013).

2009 vart det å gå til sak ein måte å skada opposisjonen på, rettferdigjort med ulike lovtekstar for å skaffa seg legitimitet (Atwal 2011<sup>B</sup>: 238). Det kan sjå ut til at *Nasji* etter kvart valde å kjempa for saka si på fleire plattformar, både på gata og i rettsapparatet.

### **3.2.4 Omdaning til eit politisk parti? – 2012–2013**

Kan hende freista *Nasji* å søkja seg inn mot den etablerte politiske kulturen. I april 2012 kom tidlegare leiar Vasilij Jakemenko, som no hadde vorte leiar i Det føderale byrået for ungdomssaker, Russisk ungdom,<sup>63</sup> med ei fråsegn som varsla at *Nasji* skulle leggjast ned. Vidare, uttalte Jakemenko, skulle det skapast noko nytt, men på dét tidspunktet var det uvisst kva det nye skulle innebera. Det heile vart grunngjeve med at rørsla føre vala i 2007 og 2008 hadde rørsla vorte kompromittert og at det å lata henne halda fram i si noverande form ville vera meiningslaust (Gazeta.ru 2012). Neste dag, 7/4, publiserte *Nasji* ei kunngjering der fråsegna frå Jakemenko og Rosmolodjozj vart avviste. Det kom lovnader om at rørsla skulle omstrukturera i mai same år, men *Nasji* korkje skulle eller kunne leggjast ned (*Nasji* 2012).

Litt seinare i 2012, i mai, vart det kjent at det skulle skipast eit nytt parti tufta på *Nasji*, støtta av staben kring Vladislav Surkov. Meldinga kom igjen frå Vasilij Jakemenko (Forbes 2012). Leiar for det nye partiet, *Umnaja Rossija*, vart Nikita Borovikov, som til då hadde vore leiar i *Nasji* (Umnaja Rossija 2012). Likevel var det framleis litt aktivitet på nett hjå *Nasji* etter dette tidspunktet, men på langt nær så mykje som tidlegare. I februar 2013 vart kom det fram at *Nasji* skulle reorganisera igjen og skifta namn til Det allrussiske ungdomsforbundet (Izvestija 2013). Kva som vidare vil skje med ungdomsrørsla og om partiet *Umnaja Rossija* er ei vidareføring og ei levedyktig vidareføring, eller korleis Det allrussiske ungdomsforbundet vil verta, vil tida visa.

## **3.3 *Nasjis* framferd i det offentlege rom**

Det er vel få russiske ungdomsrørsler frå dagens Russland som har fått så mykje merksemd som *Nasji*. Utifrå skildringane av prosjekta til rørsla på nettsidene, skulle ein tru at rørsla driv med ganske uskuldige aktivitetar. Det høyrer også med som ein del av biletet, men dette kapittelet vil eg via merksemd til nokre hendingar som er med på å skildra ei side av rørsla som dei kan hende ikkje er lystne på å på sjølve. I samband med nokre av sakene har rørsla

---

<sup>63</sup> På russisk: Федеральное агентство по делам молодёжи, Росмолодёжь.

Transkribert: Federal'noe agenstvo po delam molodjozji, Rosmolodjozj'.

fått store medieoppslag, noko som kan ha vore tilskjønt eller ynskjeleg. Om *Nasji* er av oppfatninga om at all PR er god PR er vanskeleg å slå fast.

I juli 2006 var den britiske ambassadøren, Anthony Brenton, til stades på eit politisk møte i lag med mellom andre Eduard Limonov<sup>64</sup> og andre opposisjonelle. Partiet til Limonov er ein fascistisk organisasjon, meiner *Nasji*. Rørsla kravde ei orsaking frå Brenton for å ha vist støtte til opposisjonelle grupperingar, truleg av di han viste seg på same stad som dei (BBC 2006). Det neste halvanna året fylgte *Nasji*-aktivistar etter Brenton og skulda han for å ha fornærma Russland ved å vera til stades på eit møte for fascistar, totalitaristar og tjuvar og slik sett indirekte anerkjenna dette som ein del av det russiske sivilsamfunnet.<sup>65</sup> I tillegg meinte rørsla at Brenton hadde lovt bort ein million britiske pund til støtte for saka til denne grupperinga. Då Brenton endeleg vart erstatta i mars 2008, feira *Nasji* dette som ein siger for si sak (Atwal 2011<sup>B</sup>: 222). I dokumentaren *Putins kys* er det ein videosekvens som viser korleis aktivistane fylgde etter ambassadøren. Alt i alt må reaksjonsforma til rørsla i denne saka karakteriserast som både konfronterande og valdsam.

I 2007 vedtok estiske styresmakter å flytta eit sovjetisk krigsminnesmerke, Bronsesoldaten, frå ein av dei sentrale plassane i Tallinn til ein annan stad. *Nasji* svarte med å publisera ein artikkel på heimesidene sine med overskrifta "Datoen for rivinga av den estiske ambassaden i Moskva er bestemt". Vidare i artikkelen stod det at 100 000 menneske hadde skrive under ei støtteerklæring til rivinga, at Estland var eit fascistisk regime og at den estiske ambassaden i Moskva ville verta flytta til ein meir passande stad (Lassila 2011: 265–266). Igjen er reaksjonsforma konfronterande og valdsam, men *Nasji* publiserte ikkje lenge etterpå ein annan artikkel. Han handla om ein *Nasji*-aktivist som hadde klatra opp langs veggen på ambassaden og fjerna det estiske flagget. Dette vart omtalt som lovbro. *Nasji* gav òg inntrykk av at dei ynskte å vera med på å oppklåra ei ruteknusing i samband med ei steinkastingsepisode mot ambassaden, noko som kan tyda på at rørsla likevel ynskte å verka lovlydig (Lassila 2011: 266–267). Det kan sjå ut som at rørsla freista å latterleggjera estiske styresmakter, men samstundes framstår som ein ordentleg organisasjon.

<sup>64</sup> Eduard Limonov (1943–) er ein russisk forfattar og politikar. Han er grunnleggjaren av *Det nasjonale bolsjevikpartiet* som i 2010 endra namn til *Det andre Russland*, med Limonov som leiar.

<sup>65</sup> Nasji nyttar omgrepet fascisme både ideologien i Tyskland under andre verdskrigen og om opposisjonelle samt og regimemotstandarar i dagens Russland.

I kampen mot feilparkerte bilar går *Nasji* fram på ein litt annan måte. Dette minner om ein haldningskampanje, men her går aktivistane svært direkte til verks for å nå fram til dei som rørsla meiner er dei riktige mottakarane. Bilistar som har parkert feil, har opplevd å få frontruta dekt av eit stort klistermerke der det stod "Eg bryr meg ikkje om nokon. Eg parkerer der eg vil"<sup>66</sup> (*Nasji* 2010). Igjen er metoden konfronterande. Dessutan, alle som har prøvd, veit at det å fjerna klistermerker ikkje er gjort i ein fei.

*Nasji*-kommissären Anton Smirnov uttalte i dokumentaren *Putins kys* at han er éin av tjue personar i Russland som lever av å styra massedemonstrasjonar. Han sa at ei viktig oppgåve for rørsla var å finna ut kvar det skulle gå føre seg demonstrasjonar arrangert av andre, slik at *Nasji* kunne koma dit først og okkupera området for den planlagde demonstrasjonen. Dimed må dei som har planlagt ein demonstrasjon, finna seg ein annan stad (*Putins kys* 2012: 0:21:41). Rørsla har altså ein strategi om å forpurra lovlege demonstrasjonar, noko som òg må seiast å vera ei forpurring av ytringsfridomen til meiningsmotstandarane. Dimed er det vanskeleg å definera *Nasji* som ei demokratisk rørsle, trass namnet.<sup>67</sup>

I tillegg har det vorte nemnd at alle meiningsmotstandarar ofte får stemplet "fascistar". Laruelle skriv at *Nasjis* bruk av omgrepet *fascisme* ikkje er knytt til den tradisjonelle forståinga, ei heller til nazismen. Hjå rørsla vert omgrepet nytta om alt frå islamske fundamentalistar, terrorisme og rasistisk motivert vald, til Putins politiske motstandarar, anten det er Eduard Limonov, Gennadij Zjukanov i Kommunistpartiet eller sjakkspelaren Garri Kasparov som ved fleire høve har etterlyst liberaldemokratiske reformer i Russland (Laruelle 2012: 89). Atwal peiker på at ved å stempla alle andre politiske alternativ som fascistiske, kan aktiviteten til rørsla sjølv skildrast fascistisk (Atwal 2011<sup>B</sup>: 228). Dei døma som eg har sett på over her er så talrike at dei ikkje kan reknast som unnatak. Det er dimed grunn til å omtala denne typen framferd som typisk for *Nasji*, trass i at rørsla òg arrangerer diskusjonsgrupper og treningsklubbar, ein type aktivitet som må reknast for å vera ganske uskuldig.

Opposisjonen og kritiske røyster trekkjer fram endå ein ting som dei meiner er typisk for *Nasji*. I dokumentaren *Putins kys* ser med eit videooppptak av eit menneske som midt på lyse dagen etterlatar avføringa si på direkte på bilpanseret til ungdomsleiaren i partiet *Jabloko*, Ilja

<sup>66</sup> Original: Мне плевать на всех. Паркуюсь, где хочу.

<sup>67</sup> Samstundes bør ein kan hende vera skeptisk til land og organisasjonar som tek med ordet "demokrati" i tittelen eller namnet på generelt grunnlag, jamfør namnet på landet Den demokratiske republikken Kongo.

Jasjin. Trass i at *Nasji* ikkje har teke på seg ansvar for denne hendinga, kommenterte Jasjin framferda slik: "Å drita på offentleg stad, det er grunntanken i *nasjismen*"<sup>68</sup> (Putins kys 2012: 0:32:25, mi kursivering). I den same dokumentaren hevdar Kommersant-journalist Oleg Kasjin at *Nasji* er delt i to delar, éin respektabel del og éin del som mest liknar ei ytterleggåande kampfløy (Putins kys 2012: 0:18:45).

Det er òg mogleg å spørja seg om korleis *Nasji* greier å samla så mange aktivistar. Jørgensen skildrar samansetnaden og strukturen i rørsla som eit nettverk, men det forklårar ikkje korleis rørsla greidde å samla fleire titals menneske 15/5-2005 til markeringa *Vår siger* i samband med 60-årsmarkeringa sidan Nazi-Tyskland kapitulerte. Ljubov Borusjak meiner at det så kort tid etter skipinga av rørsla, som gjekk føre seg i april same år, at det ville ha vore umogleg å samla så mange interesserte ungdom. Ho meiner av den grunn at tilfeldige menneske utgjorde størstedelen av deltakarane i denne massemönstringa (Borusjak 2005: 17–18). Dette kan òg ha vore tilfelle ved seinare arrangement.

Avisa *Nezavisimaja gazeta* skreiv i 2007 om massemönstringa *Nasji har vorte presidentens kontakter*<sup>69</sup> som i mars 2007 samla kring 15 000 deltakrar. Avisa skreiv at deltakarane hadde fått utdelt både SIM-kort, metrobillettar, vesker og jakker (*Nezavisimaja gazeta* 2007). Dersom dette var symptomatisk for korleis *Nasji* samla folk til arrangementa, så kan ein undra seg på kva for funksjon rørsla hadde og kva slags motivasjon som fanst blant dei ungdomane som deltok. Var det berre på grunn av desse "gåveutdelingane" eller var dei frammøtte genuint interesserte i bodskapen som *Nasji* ynskte å formidla?

Det var nok mange som var med i *Nasji* av di dei trudde på og var samde med rørsla. Marija Drokova er eitt døme på ein slik person, noko som kjem tydeleg fram i dokumentaren *Putins kys*. Ei anna side av saka kom fram i Atwals intervju med nokre deltakrar på sommarleiren til *Nasji* ved Seligersjøen i 2008. Somme av dei som Atwal snakka med hadde kome til arrangementet for å byggja nettverk og få støtte frå *Nasji* til deira eigne prosjekt, trass i at dei ikkje var samde med eller ikkje ein gong likte ungdomsrørsla. Atwal set svara i samanheng med omorganiseringa tidlegare same år:

"While seeking to reduce the state's ability to control the movement, the action taken by Nashi's leadership has simultaneously undermined its own influence over Nashi activists and has thus

<sup>68</sup> Ordet *nasjisme* nyttast her som uttrykk for ideologien eller framferda til *Nasji* og den lydlege likskapen til ordet "fascisme" er ikkje tilfeldig.

<sup>69</sup> På russisk: *Наша стала связными президентом*. Transkribert: *Nasji stali sviaznymi prezidenta*

provided the conditions for bottom-up youth participation in Russia. Having delegated oversight of Nashi's development in the regions to federal project coordinators and abolished almost all regional branches from which Nashi commissioners previously monitored activists at close quarters, Nashi leaders have set up a chain of command which distances not only the state but also themselves from grass-root activism (Atwal 2009: 755).

### **3.4 Dei politiske og økonomiske banda mellom Nasji og Kreml**

Etter at *Nasji* offisielt vart skipa i 2005 meinte mange kommentatorar at rørsla berre var ei forlenging av staten. Ho var ei regimetru rørsle som hadde vorte oppretta for å hindra ein blomerevolusjon i Russland. Mange meinte at rørsla fekk både finansiell og politisk støtte frå Kreml (Atwal 2009: 743). I dette kapitlet skal eg freista å kartleggja banda mellom rørsla og Kreml.

Vasilij Jakemenko, den fyrste leiaren i *Nasji*, hadde òg vore leiar i *Idusjtsje vmeste* og arbeidd ei tid i presidentadministrasjonen. Det skal ha utvikla seg nære band mellom Surkov og Jakemenko den tida sistnemnde jobba i presidentadministrasjonen (Buchaek 2006: 6). Tidlegare pressetalskvinne og ideologisk ansvarleg i ungdomsrørsla, Marija Drokova, uttalar i dokumentaren *Putins kys* at Surkov var ein av dei viktigaste ideologane i rørsla (Putins kys 2012: 0:45:17). Jevgenij Ivanov sa i eit intervju med Jørgensen at Surkov ikkje stod som forfattar av manifestet,<sup>70</sup> men han har vore ei viktig kjelde til inspirasjon og har kome med innspel (Jørgensen 2008: 78). Eg ser det ikkje som usannsynleg at Surkov òg hadde ei liknande rolle i samband med 2010-manifestet. Professor Regina Heller ved Institutt for fredsforsking og tryggingspolitikk på Universitetet i Hamburg meiner at det ikkje kan vera mykje tvil om at Surkov er skiparen av *Nasji*, både av di han er opphavsmannen til omgrepene det suverene demokratiet, har uttalt seg ved ei rekkje høve om *Nasji* og kjenner godt til den offisielle grunnleggjaren av rørsla, Vasilij Jakemenko (Heller 2008: 2–3). Det ser med andre ord ut til at *Nasji* politisk sett er tett knytt til Kreml. Dessutan var Surkov til stades på eitt av skipingsmøta til rørsla i februar 2005 (Loskutova 2008: 260). Dette skulle tyda på at rørsla er tett knytta til Kreml reint politisk.

Kva så med dei finansielle banda mellom *Nasji* og Kreml? Det er vanskeleg å finna prov på at ungdomsrørsla får pengar overførd frå presidentadministrasjonen, men det finst indikasjoner på rørsla får pengar direkte frå Kreml (Jørgensen 2008: 92). Jakemenko hevda i 2005 at *Nasji* tek i mot økonomisk støtte frå ei gruppe russiske selskap og han uttalte at han var overtydd

---

<sup>70</sup> Her siktast det til 2005-manifestet.

om at dei største selskapa i fedrelandet ville støtta rørsla, alt anna ville vera upatriotisk. *Nasji*-kommisær Mikhail Kulikov uttalte same år at mange selskap gjev pengar til rørsla av di dei tykkjer om det politiske programmet hennar (Buchacek 2006: 61). Sjølv hevdar rørsla altså at næringslivet overfører pengar til rørsla av eigen fri vilje, men Aleksej Mukhin, direktør ved Senter for politisk informasjon i Moskva, meinte i 2007 at denne støtta skjer på grunnlag av friviljug tvang. Aleksej Siderenko, koordinator ved Carnegieinstituttet i Moskva,<sup>71</sup> uttalte same år at krav eller instruksjonar frå Kreml om det eine eller det andre, til dømes å gå inn med økonomisk støtte i eit eller anna prosjekt, ofte vert gjevne via telefon og at det er Vladislav Surkov som sit og trekk i trådane (Jørgensen 2008: 93–94).

Elisabeth Jørgensen meiner at *Nasji* må ha hatt tilgang til meir pengar enn andre ungdomsrørsler, grunna utgifter til store mengder materiell i form av klesplagg, plakatar og frakt av aktivistar i samband med større demonstrasjonar. Jørgensen intervjuja i 2007 *Nasji*-kommisær Jevgenij Ivanov som sa at rørsla ikkje fekk pengar via statsbudsjettet. Dette var ifylgje honom ikkje mogleg av di rørsla ikkje var statleg, men han innrømte at ho fekk pengar frå statlege fond. Jørgensen viser til at *Nasji* har fått pengar frå det statlege fondet Gosudarsvennyj klub, som mellom anna skal forma ein patriotisk orientert klasse i Russland (Jørgensen 2008: 92–93). Tatjana Stanovaja, leiar for analyseavdelinga ved Senter for politisk teknologi i Moskva, og Sidarenko uttalte i eit intervju i 2007 at dei var visse på at *Nasji* får pengar frå staten, men kvar pengane kom frå, var dei usikre på. Stanovaja meinte at Surkov fiksa det heile under bordet (Jørgensen 2008: 93). Den siste påstanden kan nærmast verka konspiratorisk, men seier noko om kor lite ope det russiske samfunnet er. Slik eg tolkar denne informasjonen, er det liten grunn til å tvila på at *Nasji* er statleg finansiert, men det er altså særskilt vanskeleg å slå fast nett korleis pengane kjem ungdomsrørsla i hende.

Som fylgje av at mange har oppfatta *Nasji* som ei forlenging av staten, har mange forskningsbidrag presentert rørsla som til dels passiv, til dels som ein reiskap for verkeleggjering av dei politiske planane til Kreml (Lassila 2011: 255). Doktorand ved Universitetet i Birmingham Maya Atwal, argumenterer i doktorgradsavhandlinga si for at *Nasji* har ei form for autonomi og ikkje er ein gjeng passive nikkedukker for Kreml. Marija Drokova sa i eit intervju med Atwal at *Nasji* hadde gått frå å vera ei rørsle som på kort tid skulle samla mange menneske til gatedemonstrasjonar og hindra ein russisk blomerevolusjon,

---

<sup>71</sup> På russisk: Московский Центр Карнеги. Transkribert: Moskovskij Tsentr Karnegi.

til å verta ei rørsle som hjelpte aktivistar til å skapa seg ei eiga politisk karriere og stå i frontlina for utviklinga av landet (Atwal 2009: 752). Det hadde rett og slett oppstått eit politisk engasjement blant medlemane. Rørsla ser ut til å operera i det handlingsrommet som eksisterer mellom ungdom som er politisk uinteressert på den eine sida, og russiske styresmakter i form av Kreml på andre sida. Å gå djupare inn på handlingsrommet til *Nasji* ligg utafor horisonten til denne masteroppgåva, men eg meiner på bakgrunn av dei finansielle og politiske banda mellom Kreml og *Nasji* er det riktig å omtala rørsla som svært regimevenleg.

### 3.5 Medlemstal og organisasjonsstruktur

Til slutt, føre kapittel 4 der hovudproblemstillinga er tema, vil eg kartleggja storleiken og skildra oppbygginga av *Nasji*. Som allereie nemnd vart rørsla skipa i 2005 og i 2013 endra ho truleg namn til Det allrussiske ungdoms forbundet. I laupet av levetida si var rørsla kan hende den mest aktive blant alle russiske ungdomsrørsler. Dimed kan kunnskap om storlek og struktur setja rolla hennes i perspektiv.

#### 3.5.1 Storlek

Kor mange medlemar har *Nasji*? Rørsla opplyser ikkje om eigne medlemstala. Laura Petrone nemner at i tidsrommet 2007–2008<sup>72</sup> nådde rørsla eit høgdepunkt med 300 000 medlemar (Petrone 2011<sup>A</sup>: 181), men ho oppgjev inga kjelde for denne informasjonen. Den internasjonale redaktøren i den danske avisa *Politiken* Michael Jarlner skriv at rørsla har kring 170 000 medlemar, men at tala frå somme kjelder opplyser om 600 000 medlemar (Jarlner 2011). Heller ikkje Jarlner opplyser om kjeldene for tala sine. Jekaterina Levintova og Jim Butterfield, båe professorar i statsvitenskap ved Western Michigan University, viser til opplysningar frå kjelder i *Nasji* og skriv at rørsla har kring 1 500 kommisærar, 8 000 aktivistar som tek del i ulike prosjekt, samt kring 100 000 sympatisørar (Levintova og Butterfield 2010: 157–158). Omgrepet *kommisær* ser ut til å verta nytta om dei meir sentrale personane i rørsla. Dei har gjerne administrative og koordinerande funksjonar.

---

<sup>72</sup> Båe åra var valår, i 2007 var det parlamentsval, i 2008 var det presidentval. Ifylgje grunnlova kan den russiske presidenten berre sitja periodar på rad. Putin hadde på dette tidspunktet kome til slutten av sin andre presidentperiode og det var knytt ei viss spenning til om han kom til å overhalda grunnlova og gå av som president. Som kjent vart han statsminister, medan Medvedev gjekk frå å vera statsminister til å verta president.

Tidlegare leiar for ideologi på nasjonalt nivå hjå *Nasji*, Jevgenij Ivanov, har sagt at det ikkje finst nokon eksakt oversikt over kor mange medlemar rørsla har. Dei betalar ikkje medlemsavgift og kan koma og gå som dei ynskjer. Ivanov hevda at kring 8000 menneske arbeider aktivt i rørsla til dagleg, men at i snitt tek omrent 200 000 menneske del i arrangementa hennar (Jørgensen 2008: 74–75). Jørgensen peiker på at det er uklårt kva "aktivt" tyder. Det som i alle fall er sikkert er at korkje Petrone eller Jarlner ser ut til å treffa blink når det kjem til medlemstal, sidan *Nasji* ikkje opererer med slikt. Samstundes gjer fråveret av medlemsskap det vanskeleg å fastslå kven alle dei 200 000 deltakarane på *Nasji*-arrangement faktisk er: "Ettersom *Nasji* er et nettverk uten offisielt medlemskap, kan man tenke seg til at for å bli aktivist kan man rett og slett bare dukke opp på et av deres arrangementer eller møter" (Jørgensen 2008: 75, originalens kursiv). Det er altså mogleg at du vart rekna som ein aktivist ved taka del i eit *Nasji*-arrangement.

Jørgensen henta inn opplysningane sine i november 2007. Nett denne perioden påstår Petrone at *Nasjis* medlemstal nådde eit høgdepunkt (Petrone 2011<sup>A</sup>: 181). Det kan sjå ut til at ho meiner at talet på deltakarar som er med på *Nasji*-arrangement er tilsvarende medlemstalet til rørsla. Det Petrone her gjer er å seia at ei rørsle er aktiv når det er mange deltakarar eller medlemar. Den slutninga er kan hende vel lettvint, men Jørgensen skriv at det ikkje er snakk om medlemar, men om aktivistar som kjem og går litt som dei vil. Dersom det er mange aktivistar, er det stor grunn til å tru at ei rørsle er aktiv.<sup>73</sup> Med dette som bakgrunn vel eg å tolka opplysningane til Petrone som at talet på aktivistar i *Nasji* har gått ned etter presidentvalet i 2012.

Det er fleire ting som tydar på at rørsla vart mindre aktiv i den seinare tida. *Nasji* har gjennomført fleire store demonstrasjonar, men denne aktiviteten har det vorte mindre av. Dette er særleg synleg på Internett, der rørsla detaljert har skildra alle sine kampanjar og aktivitetar sidan oppstarten. Ein gjennomgang av artikkelarkivet<sup>74</sup> for 2012 viste at det nesten ikkje hadde vorte gjennomført slike aksjonar i 2012, med unnatak av nokre hyllesttar til Putin i form av gratulasjonar med sigeren i presidentvalet. Dessutan, dersom ein samanliknar mengda artiklar i arkivet for heile 2012 med mengda artiklar frå tidlegare år, er det ingen tvil om at det er skrivne langt færre artiklar i 2012. Frå 2005 til 2013 vart det lagt ut mange titals tusen

<sup>73</sup> Kva det vil seiå vera "aktiv", kan vera gjenstand for diskusjon, men å taka del i større gatedemonstrasjonar og liknande må i høgste grad reknast for å vera "aktiv".

<sup>74</sup> *Nasjis* artikkelarkiv er delt inn i fleire underarkiv, men det mest omfattande er nyhendearkivet: [http://www.nashi.su/news/archive/type\\_nashi](http://www.nashi.su/news/archive/type_nashi) (lesedato: 2/5-2013).

artiklar på nettstaden til *Nasji*, under hundre av dei stammar frå tida etter januar 2012. Dette har vore ein måte å offentleggjera informasjon om kva rørsla syslar med og liknande, men med så få publiseringar i den seinare tida, er det ingen tvil om at rørsla no er mindre aktiv enn før. Fleire russarar som eg har vore i kontakt med i 2012 og 2013, har sagt at det på sett og vis har vorte stilt både ikring partiet *Det sameinte Russland* og rørsla *Nasji*. Nedgangen i synleg aktivitet, skulle tyda på at mengda aktivistar òg har gått ned.

Til slutt er det på sin plass å sjå på alderen til aktivistane. *Nasji* skriv at for å vera med i gatedemonstrasjonar må ein vera mellom seksten og tjuefem år gammal (*Nasji* 2011). Ivanov hevdar at gjennomsnittsalderen er kring 19–20 år (Jørgensen 2008: 75). Levintova og Butterfield skriv at ein typisk *Nasji*-medlem er ein universitetsstudent i alderen 18–20 år (Levintova og Butterfield 2010: 158). Spørsmålet er om *Nasji* eigentleg har så god oversikt over dette når dei ikkje opererer med medlemsskap.

### 3.5.2 Oppbygging

Frå byrjinga av var *Nasji* hierarkisk bygd opp. Den fyrste leiaren på nasjonalt nivå var Vasilij Jakemenko. Rørsla hadde femti regionale avdelingar, frå Kaliningrad i vest til Krasnojarsk i aust. Det manglande medlemsskapet gjer at dette er ei passande skildring av *Nasji*: "Bevegelsen beskrives kanskje best som et nettverk med en kjerne av aktivister som kan mobilisere et større antall aktivister når det er nødvendig" (Jørgensen 2008: 74–75). Dette skulle kunne tyda på at *Nasji* slett ikkje er så stor, men er sett saman av ei gruppe kjerneaktivistar som greier å samla mange deltakarar til arrangement på kort tid.

Under samlinga si ved Seligersjøen i 2008, vart *Nasji* reorganisert. På sine eigne heimesider skrev rørsla at det frå no av skulle det satsast på prosjektbasert arbeid. Det vart føreslått tjue prosjekt innafor ulike sfærar, både økonomi, turisme, forretningsverksemd, innovasjon og statleg styring. Det pussige er at under prosjektskildringane er det per april 2013 berre mogleg å finna omtalar av fylgjande totalt sju prosjekt: 1) *Økologi*, eit miljøvernsprosjekt;<sup>75</sup> 2) *Din film om krigen*, eit prosjekt der deltakarane skal intervjuar veteranar frå andre verdskrigene for å tryggja dei neste generasjonane informasjon om Den store fedrelandskrigene (1941–1945);<sup>76</sup> 3) *Stål*, eit prosjekt som skal fremja patriotisme og verna om stormaktsstatusen til Russland.

<sup>75</sup> Prosjektside for *Økologi* (på russisk: Экология): <http://www.nashi.su/projects/97> (lesedato: 14/4-2013).

<sup>76</sup> Prosjektside for *Din film om krigen* (på russisk: Твой фильм о войне): <http://www.nashi.su/projects/95> (lesedato: 14/4-2013).

Dette ser ut til å vera ein systerorganisasjon til *Nasji*,<sup>77</sup> 4) *Apotek utan narkotika*, eit prosjekt som skal hindra ureglementert sal av narkotikainnhaldige legemiddel;<sup>78</sup> 5) *Kjøpskontroll*, eit prosjekt som skal stogga sal av varer som har gått ut på dato for å hindra matforgifting blant medborgarar;<sup>79</sup> 6) *Løp med meg*, eit prosjekt som skal taka opp kampen mot overvekt og dårlig helse;<sup>80</sup> og 7) *Nasji*. Ein kan dimed spørja seg om kva rørsla eigentleg vart etter denne omorganiseringa. Mykje tyder på at dei seks fyrste prosjekta vart underordna det sjuande, men med eit mogleg unnatak av *Stål*. Somme prosjekt har ikkje fått ein eigen omtale på heimesidene til *Nasji*, til dømes *Pøbelstopp*,<sup>81</sup> men har likevel ei eiga heimeside.<sup>82</sup>

I 2008-omorganiseringa vart mange av lokalkontora lagt ned. Prosjektarbeida vart gjort landsdekkande. Det var dimed ikkje lenger naudsynt med eit lokalkontor (Atwal 2011<sup>B</sup>: 102–103). Allereie i 2007 gjekk det rykte om at Kreml hadde lyst til å kvitta seg med *Nasji* og omorganiseringa i 2008 kan vera ein grunn til at *Nasji* gjekk igjennom denne omstruktureringa (Heller 2008: 3). Trass i rykta, heldt rørsla fram med å eksistera og arrangerte mellom anna sommarleirar ved Seligersjøen i åra etterpå òg. Fram til 2008 hadde sentralleiinga i Moskva sendt ut ordrar, men innafor den nye strukturen vart det opna opp for initiativ på mikronivå. Dette gjorde ikkje *Nasji* dårlagare i stand til å arrangera massedemonstrasjonar, men kan hende vart det vanskelegare for Kreml å kvitta seg med rørsla dersom Kreml skulle ynskja det. Samstundes lanserte rørsla fleire prosjekt som heller var tufta på statlege prioriteringar, enn på interessene til aktivistane (Atwal 2011<sup>B</sup>: 231–232). Same år som omorganiseringa fekk rørsla òg ein ny leiar, Nikita Borovikov. Han forklåra at omorganiseringa skuldast at staten sterkt trengte politisk og økonomisk innovasjon. Kan hende var dette ein måte for *Nasji* å gjera seg nyttig for staten òg etter 2007- og 2008-valet (Atwal 2011<sup>B</sup>: 76–77). Dessutan var blomerevolusjonsfaren avblåsen. Som nemnd argumenterer Ivo Mijnsen for at omorganiseringa kan vera ein måte rørsla gjorde seg etande overfor ein *Nasji*-kritisk Medvedev, som vart president i 2008.

---

<sup>77</sup> Prosjektside for *Stål* (på russisk: *Сталь*): <http://www.nashi.su/projects/51>. *Stål* har òg si eigan heimeside: <http://www.madeofsteel.ru/> (lesedato for båe: 14/4-2013).

<sup>78</sup> Prosjektside for *Apotek utan narkotika* (på russisk: *Аптеки без наркотиков*): <http://www.nashi.su/projects/110> (lesedato: 14/4-2013).

<sup>79</sup> Prosjektside for *Kjøpskontroll* (på russisk: *Контрольная закупка*): <http://www.nashi.su/projects/109> (lesedato: 14/4-2013).

<sup>80</sup> Prosjektside for *Løp med meg* (på russisk: *Беги за мной*): <http://www.nashi.su/projects/96> (lesedato: 14/4-2013).

<sup>81</sup> På russisk: *CmonXam*. Transkribert: *StopKham*.

<sup>82</sup> Nettlenke: <http://www.stopham.su/> (lesedato: 11/5-2013).

## **4.0 Nasjis politiske retorikk:**

### **Nasjonsbygging, utopisme og *putinisme***

Kva så med *Den demokratiske og antifascistiske ungdomsrørsla Nasji?* Kva slags idéhistoriske tradisjonar kviler ho på? Det høyrer òg med til historia at rørsla diskuterer framtida til Russland, delvis tufta på historiske tilbakeblikk. I dette kapittelet vil eg gå innhaldet i dei to manifesta til *Nasji* nærmare etter i saumane. Som nemnd i kapittel 1.4 må ein både ha samstundes tenking og politikk i mente i lag med hovudomgrep og idéar som har utvikla seg over fleire tiår, kan hende hundreår.

Som nemnd i kapittel 1.2 har eg etablert tre kategoriar som kvar og ein har fått sitt eige delkapittel: 4.2 *Nasji* og tankar om Russlands eigenart; 4.3 *Nasji* og uttrykk for realpolitiske tilhøve; og 4.4 *Nasji* og førestillingar om eit utopisk samfunn. Desse kategoriene eller båsane er sjølvsagt overforenklede, men eg ser på dei som eit godt hjelpemiddel for å identifisera den idéhistoriske arva som *Nasji* syner i sine to politiske program. Aller først vil eg sjå generelt på innhaldet i både 2005- og 2010-manifestet, samt freista å identifisera skilnader mellom dei to.

#### **4.1 Dei innhaldsmessige hovudtrekka i manifesta**

Dei to manifesta til *Nasji* er ganske overlappande når det kjem til innhald. Det vert trekt fram både element frå fortida som rørsla meiner at dagens russarar bør vera stolte av, samt at dei peikar fram mot ei lysande framtid for Russland. Dessutan er både suverenitet, modernisering og regimestøtte sentralt for rørsla. Det er litt vanskeleg å gjeva eit systematisert samandrag av både manifesta, då dei er litt rotete i forma. Rørsla går frå tema til tema og vender gjerne tilbake til tidlegare tema seinare i manifesta, men det kan likevel vera på sin plass å forsøka.

*Nasji* trekkjer fram ei rad grunnar til at russarane bør vera stolte av fortida si og nemner frå ei rad namn, både tsar Peter den Store,<sup>83</sup> forfattaren Aleksandr Pusjkin, som gjerne vert omtalt som skaparen av det moderne russiske litteraturspråket,<sup>84</sup> forfattarane Lev Tolstoj<sup>85</sup> og Fjodor

---

<sup>83</sup> Tsar Peter den Store (1672–1725) vart utropt som tsar alt i 1682.

<sup>84</sup> Aleksandr Pusjkin (1799–1837) reknast som Russlands største diktar. Han omtalast av russarar som "vårt alt" ("nasje vsjo"). Verk som *Bronserytteren* (1833) og *Jevgenij Onegin* (1825–1832) har gjeve Pusjkin eit namn for all ettertid.

Dostojevskij,<sup>86</sup> alle dei som tok del i Den store fedrelandskrigen og Jurij Gagarin, det fyrste mennesket i verdsrommet.<sup>87</sup> Generasjonen som tok del i Den store fedrelandskrigen står svært høgt for rørsla av di nett denne generasjonen greidde å verna om suvereniteten til dåverande SSSR. Ho ynskjer å skapa ein ny generasjon som vil setja liknande historiske spor etter seg. Slik eg forstår det, ynskjer *Nasji* å visa til at det finst mange russarar som har gjort noko bra og eineståande. Det å ha noko å vera stolt av, vil gjera det lettare å byggja den kraftpatriotismen som rørsla utstrålar.

Suverenitet er særdeles viktig. Russland har vore ein sjølvstendig nasjon i over 500 år, skriv *Nasji* og rørsla meiner at slik bør det halda fram. Allereie i kapittel 1.6 var eg inn på korleis rørsla forstår omgrepene suverenitet og me såg at deira bruk var langt vidare enn den tradisjonelle betydninga av ordet. Særleg i 2005-manifestet uttrykker *Nasji* at det å verna om Russlands suverenitet er viktig. I 2010-manifestet skriv rørsla at suvereniteten er ivaretaken, noko som rørsla reknar som sin viktigaste siger, men det ser ikkje ut til at kampen er over.

Suvereniteten vert sett i samanheng med eit fiendebilete. *Nasji* freistar å gjeva inntrykk av at kreftar både utafor og innafor landets grenser står klåre til å overgjeva den russiske suvereniteten til andre. Både utanlandske investorar og utanlandske organisasjonar som gjev støtte til russiske organisasjonar er med på å korrumpera suvereniteten, meiner *Nasji* og viser til eit døme der utanlandske investeringar i Brasil førde, ifylgje rørsla, til at den lokale bilproduksjonen i dag er nærmast ikkje-eksisterande. Òg dei organisasjonane i Russland som tek i mot pengestøtte frå utlandet vil vera med på å smuldra opp suvereniteten til landet. Særleg i 2005-manifestet er rørsla klår på at blomerevolusjonane, særleg Oransjerevolusjonen i Ukraina i 2004, vart kontrollert av utanlandske, i hovudsak vestlege, interessegrupper. Det går klårt og tydeleg fram av 2005-manifestet at dei ikkje ynskjer ein tilsvarende situasjon i Russland og at det å hindra ein blomerevolusjon der er eitt av hovudmåla til rørsla. I 2010-manifestet skriv *Nasji* at den russiske suvereniteten er ivaretaken mellom anna av di mange NGO-ar har gått saman til støtte for styresmaktene og Kreml. Tidlegare var alle NGO-ane opposisjonelle og rørsla hevdar at slike organisasjonar er unyttige. Sjølv om det ikkje står rett

<sup>85</sup> Lev Tolstoj (1828–1910) er kan hende mest kjent for verk som *Anna Karenina* (1875–1877). Han skrev mange av verka sine innafor den litterære retninga realismen.

<sup>86</sup> Fjodor Dostojevskij (1821–1881) er truleg mest kjent for verka *Forbrytelse og straff* (1866) og *Brødrene Karamasov* (1879–1880). I lag med Tolstoj utgjer han dei fremste representantane for den realismen i Russland.

<sup>87</sup> Jurij Gagarin (1934–1968) var ein sovjetisk kosmonaut. Han vart det fyrste mennesket som flaug i bane kring Jorda i 1961, sju år føre månelandinga i 1969. I etterkant vart Gagarin dyrka som ein folkehelt i SSSR.

ut i manifesta, vert faktisk alle meiningsmotstandarar skildra som fiendar av Russland og *Nasji* skuldar dei alle for å vera fascistar.

For å greia å halda på suvereniteten sin, må Russland verta ei stormakt igjen. For å få til det, må landet taka del i globaliseringa og setja i verk ei modernisering. Kva som ligg i omgrepet modernisering er faktisk noko uklårt. Eg forstår det slik at modernisering er det som må til for at Russland skal inntaka ei leiande rolle i verda. Kva det konkret inneber, er likevel ikkje veldig klårt. Russland må taka att dei andre industrilanda, men ikkje berre det. Landet må òg taka steget over i det postindustrielle samfunnet. Slik eg forstår det utgjer innovasjon ein sentral del av moderniseringa. Ved å velja innovative yrke, til dømes rombasearkitekt eller liknande, skal dagens ungdomsgenerasjon hjelpe Russland å hevda seg og sin suverenitet i framtida.

Fleire i stader i både manifesta ser *Nasji* på Russland i framtida, eller korleis landet skal møta framtida. I 2010-maifestet er dette kan hende meir tydeleg enn i 2005-manifestet. Ved å igjen verta ei stormakt kan landet vera med på å setja dagsordenen og bestemma spelereglane i den globale verda. Det vert hevda at landet må gå sin eigen veg. Det vil ikkje koma noka hjelp, korkje frå aust eller vest. Det er dei russiske verdiane som må verta leiande, men ungdomsrørsla nemner ikkje konkrete døme på russiske verdiar, bortsett frå kollektivisme.

Der 2005-manifestet i større grad trekkjer historiske liner tilbake i tid, ser 2010-manifestet i større grad framover. Framtidsaspektet er til stades i 2005-manifestet òg, men i mindre grad. I 2005-manifestet viser *Nasji* til døme på russisk stordom i fortida og rørsla trekkjer fram døme på historiske val gjort i Japan og Brasil og deira konsekvensar. Der rørsla i 2005 skriv om framtida, fokuserer rørsla på kva ho ikkje vil gjera, til dømes at rørsla ynskjer at Russland ikkje skal utvikla eit demokrati under utanlandsk påverknad og ho vil heller ikkje tillata ei geopolitisk omvelting i Russland àla blomerevolusjonane (*Nasji* 2005: 27–28). Dessutan ligg framtidsplanane på eit meir teknisk eller overordna plan, medan i 2010-manifestet er det meir fokus på kva som kan gjerast på individnivå, alt frå å ha god helse til å ikkje reisa ut ifrå Russland for å sökja lukka der. Kan hende gjer dette at kraftpatriotismen til *Nasji* kjem sterkare til syne. Tidlegare har det vorte nemnd at haldninga Medvedev hadde til rørsla kan ha vore årsaka til at rørsla endra strategi og brigda i 2010-manifestet kan tolkast som eit ledd i dette.

Når det gjeld språkforma, kan det sjå ut som at *Nasji* vert litt meir kompromisslause i sitt andre manifest. Det er til dømes ikkje lenger nok å ikkje vera i mot moderniseringa, men ein må arbeida aktivt for henne (Nasji 2010: 2). I staden for ei konfronterande framferd, slik me såg i kapittel 3.5, kompenserer rørsla kan hende med ein annleis språkbruk i det nye manifestet. Dette brigdet kan òg skuldast at *Nasji* ynskjer å få endå fleire overtydde om at ungdomsrørsla har rett.

I 2010-manifestet er *Nasji* òg meir konkret på kven som er "våre" og "ikkje våre". Juristar, økonomar og psykologar vert rekna som "ikkje våre" og vert omtala i ganske grove ordelag, som ikkje er til stades i det fyrste manifestet. Desse yrkene vert kalla "grunnlaget for nederlaget"<sup>88</sup> (Nasji 2010: 8–9). På russisk brukar *Nasji* ordet *nasj* for *vår* og *nenasj* for *ikkje vår*. Slik eg forstår det, er bruk til rørsla av desse orda ein variant av dei russiske antonyma *sin*, *svoj*, og *framand*, *tsjuzjoj*. I russisk kultur vert denne motsatsen nytta på fleire måte, mellom anna for å skilja dei som er medlemmar av eigen familie frå andre, dei som er frå Russland frå utlendingar og dei som er ein del av ei gruppe eller eit kollektiv frå dei som ikkje er det (Stepanov 2004: 126–131). I russisk vert ved somme høve òg *nasj* og *nenasj* nytta til å uttrykkja det same. Ungdomsrørsla *Nasji* vert i 2010-manifestet meir oppteken av å visa kven som høyrer, og ikkje høyrer, heime i deira kollektiv. Jamvel namnet på rørsla kan ein tolka inn i dette aspektet, som populistisk kan uttrykkjast slik: Dei som ikkje er med oss (*nasj*) er imot oss (*nenasj*). I 2005-manifestet er det ikkje fritt for dette heller, men der brukar *Nasji* heller formuleringa *vår generasjon*, *nasje pokolenie*, der ordet *nasje* er spelar på betydinga *vår* som ligg i namnet på rørsla *Nasji*, altså *våre*.

## 4.2 *Nasji* og tankar om Russlands eigenart

Føre eg kjem inn på *Nasjis* tankar og idéar innafor dette området, vil eg gjeva ein kort presentasjon av kva dei slavofile og dei vestvendte stod for. Tankeretningane oppstod på 1840-talet, men idéane kan sporast lenger tilbake i tid.<sup>89</sup> Dei har heldt fram med å vera sentrale heilt til våre dagar.<sup>90</sup>

<sup>88</sup> Original: субстрат пораженства.

<sup>89</sup> Allereie i mellomalderen var det ein viss opposisjon mellom dei ortodokse russarane og dei katolske européarane (Krag 1932: 6).

<sup>90</sup> Tre verk som går grundig inn på temaet er Nistads *Russisk politisk idéhistorie fra opplysningstiden til i dag*, Krags *Kampen mot Vesten* og Tolz' *Making the Nation. Russia*.

Sjølve startskotet for striden stod Pjotr Tsjaadajev<sup>91</sup> for i 1836. Han publiserte då det fyrste av sine *Filosofiske brev*. Her hevda Tsjaadajev at russarane korkje høyrer til aust eller vest, dei er ikkje påverka av den universelle danninga til menneskja, utan kontakt med andre folk er russarane som uekte barn som manglar inntrykk frå utanomverda. Vidare skreiv Tsjaadajev at Russland er eit folk utan ei historie eller ein kultur og utan denne fortida er russarane for fedrelause å rekna: "Siden det ikke er noen naturlig kulturell utvikling å bygge på, vil nye idéer uavlatelig feie bort de gamle" (Nistad 2004: 56–57). Dimed skulle det sjå ganske grelt ut for framtida til Russland. I etterkant av denne nådestøyten oppstod det to grupperingar, dei slavofile og dei vestvendte, som arbeidde for å prova at landet likevel hadde noko å sjå fram i mot, men på kvar sin måte.

#### 4.2.1 Slavofile og vestvendte

"Slavofilien er den strømning innenfor Russlands selvforståelse som betoner selvstendigheten i forhold til resten av Europa" (Egeberg 1990). Slavofilien er "*det europeiserte Russlands sukk etter å komme helt løs fra Europa igjen*" (Krag 1932: 6, originalens kursiv). Ifylgje dei slavofile skil Russland seg frå Europa<sup>92</sup> i åndelegskap og mentalitet og dersom landet prøver å underkasta seg europeiske normer og verdiar, vil landet verta åndeleg og sjeleleg ufritt.<sup>93</sup> Nistad skriv at framtida til Russland måtte, ifylgje dei slavofile, tuftast på dei russiske tradisjonane og deira eigen kultur (Nistad 2004: 61). Spørsmålet er kva slags kultur. Tolz hevdar at "even if we assume that the old Russian cultural tradition was strong, we have to remember that it was purely religious" (Tolz 2003: 71). Ikkje uventa er kyrkja som eining og den russisk-ortodokse trua viktig for dei slavofile.

Dei slavofile meinte at Russland måtte bryta med Vesten og tufta utviklinga av landet på landets eiga historie og eigen kultur (Nistad 2004: 103) Dei byrja å leita etter det som var unikt for Russland og meinte at det ikkje var naudsynt å kopiera vestlege institusjonar på russisk jord, slik det vart gjort under tsar Peter den Store.<sup>94</sup> I staden burde ein søkja etter dei

<sup>91</sup> Pjotr Tsjaadajev (1794–1856) var ein russisk tenkjar som i perioden 1829–1830 skreiv totalt åtte filosofiske brev. Det fyrste brevet kom nærmast ved ein glipp på trykk i tidsskriftet *Teleskop*. Innhaldet i teksten vakte furore og på direkte ordre frå tsar Nikolaj I vart Tsjaadajev erklært som gal, kasta i husarrest og fekk livsvarig skriveforbod. Det vart jamvel forbode å nemna namnet hans offentleg (Nistad 2004: 55).

<sup>92</sup> Hjå slavofilane og i litteraturen på feltet nyttast omgrepa Europa og Vesten meir eller mindre synonymt.

<sup>93</sup> Krag skreiv sin definisjon i 1932 og merka seg at dei slavofiles ynske og lengt hadde med Sovietunionen gått i oppfylling, men Krag legg til: "Om resultatet *for øvrig* svarer til de gode gamle russeres ønsker er jo en helt annen sak" (Krag 1932: 6, originalens kursiv).

<sup>94</sup> Tsar Peter den Store (1672–1725) reformerte både den russiske hæren og statsbyråkratiet, grunnla St. Petersburg i 1703 og i 1712 slo han svenskekongen Karl den tolvte i slaget ved Poltava. Han ynskte å knytta Russland sterkare til Europa og pressa adelen til å leva meir i tråd med vestlege manerar.

opphevlege russiske tradisjonane frå tida føre tsar Peter, særleg i Moskva-riket på 1600-talet. Institusjonane frå denne tida var, ifylgje dei slavofile, overlegne dei europeiske (Tolz 2003: 81–82). Det eksisterte ei oppfatning av at den åndelege og organiske russiske sivilisasjonen var overlegen den vestlege rasjonalistiske og materialistiske sivilisasjon (Nistad 2004: 68). Dimed er det lett å skjøna kvifor Russland burde gå sin eigen veg, den russiske Sonderweg, utan å fylgja i hælane på Vesten. Såg dei slavofile russisk stordom i framtida? Ja, Erik Krag skriv: "Saken er at slavofilene var en slags tilbakeskuende utopister. Deres Utopia het – "det gamle Russland". Det stiger op av deres fatasi som en sagnets sukne by av havet" (Krag 1932: 78). Dei såg til fortida for å oppnå stordom i framtida.

Dei vestvendte var på fleire punkt kritiske til dei slavofiles framstilling av russisk kultur og historie, mellom anna til påstanden om at alt hadde vore så mykje betre på 1600-talet. Eit anna stridstema var verdien av individuell fridom. Dei slavofile meinte at denne fridomen var ein skadeleg styggedom importert frå Vesten og kom i strid med fellesskapets beste. For dei vestvendte, derimot, var menneskeverdet knytt til nett den individuelle fridomen. "Derfor var det nødvendig å bekjempe slavofilenes teorier om det russiske folks religiøse, kollektivistiske og ikke-politiske natur" (Nistad 2004: 86). Dei vestvendte meinte at Russland måtte kopiera dei vestlege institusjonane, skikkane og teknikken for å overleva som ein nasjon (Nistad 2004: 61). Motsetnadene var altså skarpe.

Dei vestvendte påstod, i motsetnad til dei slavofile, at Russland ikkje var meint å fylgja sin eigen veg og at Russland ikkje har noko å læra bort til resten av verda, (Tolz 2003: 93). Dei slavofile, derimot, hevda at Russland var den einaste rette arvtakaren etter Bysants og at Russland og det russiske folk var vald ut "med det opdrag å bevare den sanne kristendom for hele verden" (Krag 1932: 14). Dei slavofile såg på Russland som ein verdsfrelsar, men Messias-rolla til Russland, messianismen, var dei vestvendte framand. I gjennomgangen av *Nasjis* politiske program vil eg koma tilbake til fleire detaljar og nyansar som kan sporast tilbake til både den slavofile og vestvendte idéar, særleg dette om Russland som ein verdsfrelsar, messianismen.

#### 4.2.2 *Nasji* og slavofile idéar

*Nasji* hevdar at Russland er eit rettferdig land, der alle har lik sjanse til å realisera seg sjølve, men rørsla reknar òg med at alle skal ta ansvar: "Gratis utdanning er ikkje berre ein borgarrett, men òg ei plikt til å taka ei utdanning som ikkje berre er i eiga interesse, men som òg er i

fellesskapet interesser"<sup>95</sup> (Nasji 2005: 31). Idéen om det kollektive ansvaret og russarane som eit kollektivt folkeslag, ligg djupt forankra i det slavofile tankegodset. Den slavofile Aleksej Khomjakov<sup>96</sup> hevda at "alt stort som fullbringes i historien skyldes et helt folks felles anstrengelser" (Krag 1932: 101). Den russiske idéhistorikaren og tenkjaren Nikolaj Berdjajev<sup>97</sup> argumenterer for at russarar er sosialistar i tydinga som det mest kollektivt innretta folket i verda. Han meiner at sedar og skikkar vitnar om dette. Den russiske gjestfridomen, til dømes, er eit utslag av omsuta for fellesskapet (Berdjajev 2012: 146). Då Putin kom til makta uttalte han at kollektivismen, ikkje individualismen, er typisk for Russland (Putin 1999 i Kolstø 2004: 2). Ved å ynskja at alle skal realisera seg sjølve, men på "ein nyttig måte" er Nasji godt innafor ein tankegang om kollektivismen og ser ut til å kunne kvila på både eldre slavofile idéar og nyare Kreml-fråsegn.

Russland bør nemleg, ifylgje Nasji, verta verdsleiande innafor felt som økonomi, teknologi, kulturelle verdiar og politiske ideal, slik at landet kan vera med å setja dagsorden og utfordra USA og Vesten (Nasji 2005: 7). Globaliseringa av verda vert omtala som eit prosjekt som stadfestar hegemoniet til USA, men Russland kan ikkje gøyma seg for globaliseringa. Landet må inn i prosessen, verta ein del av honom og inntaka ein viktig posisjon (Nasji 2005: 4–5). Rørsla hevdar nemleg at etter mongolinvasjonen på 1200-talet har Russland og Europa gått kvar sin veg og har sidan den tid utkjempa fleire krigar mot kvarandre. Vesten har styrt verda i fleire hundreår. "Dette regimet nådde toppen i kolonitida, då vestlege land gjorde nesten heile resten av verda om til sine koloniar"<sup>98</sup> (Nasji 2005: 8). Vesten har med andre ord allereie vore på topp, jamfør fortidsforma til verbet, noko som skulle tyda på at nedgangstida er nær føreståande eller allereie i gang.

Tanken om at Vesten har nådd sitt høgdepunkt, er ikkje ny i russisk idéhistorie. På slutten av 1800-talet vaks tanken om *panslavismen* fram. Han uttrykkjer kort sagt draumen om ei sameining av dei slaviske folka. Den fremste representanten for panslavismen var Nikolaj

<sup>95</sup> Original: Бесплатное образование – не только право гражданина России, но и обязанность распорядиться этим образованием не только в своих интересах, но и в интересах общества.

<sup>96</sup> Aleksej Khomjakov (1804–1860) var ein russisk aristokrat og slavofil. Han var oppteken av dikt, historie og teologi, der særleg det sistnemnde interessefelta resulterte i verk av betyding. Dei måtte gjevest ut i Vesten grunna motstand frå den russisk-ortodokse kyrkja (Nistad 2004: 79–80).

<sup>97</sup> Nikolaj Berdjajev (1874–1948) var ein russisk tenkjar, forfattar og idéhistorikar. Han vart i 1922 utvist frå SSSR og er kan hende den russiske filosofen som er best kjent i Vesten (Berdjajev 2012: 9)

<sup>98</sup> Original: Пика это господство длистало в эпоху колониальной системы, когда западные страны превратили почти весь остальной мир в свои колонии.

Danilevskij<sup>99</sup> som i 1869 hevda at den europeiske sivilisasjonen er i ferd med å avkrefta, men han påstod at utarminga av Europa er skuggelagt av den teknologiske framgangen i Vesten (Nistad 2004: 182–187). Eg meiner at *Nasji* vidarefører denne idétradisjonen, rett nok i ein mindre direkte variant i 2005-manifestet, men i 2010-manifestet skriv *Nasji* at "[den] siste økonomiske krisa viser klårt og tydeleg [at] verda allereie har passert toppen av vestleg makt og i tilknyting til dette [har verda òg passert toppen av vestleg] geopolitisk, økonomisk og ideologisk leiarskap"<sup>100</sup> (*Nasji* 2010: 8). Rørsla ser ut til å meina at tida no har kome til Russland og at landet fortener ein større del av den globale kaka.

Eit viktig punkt for dei slavofile var den ortodokse kyrkja: "Folk og kirke utgjorde en enhet, og kunne ikke forstås uavhengig av hverandere. Russerne var et ydmykt folk som hadde knyttet sin skjebne til realiseringen av det kristne brorskapsideal" (Nistad 2004: 69). Hjå *Nasji* er det skrive påfallande lite om den ortodokse kyrkja i manifesta. Religiøs toleranse vert presentert som ei viktig haldning og det at Russland er ein stad der fleire religionar fredsålt har levd side om side, vert trekt fram som noko positivt. Utover dette er det ingen spesifikke fråsegn om religion generelt og den russiskortodokse kristendomen spesielt. Kan hende vert ikkje kyrkja oppfatta som ei sak som kan samla støttespelarar, men ei undersøking frå 2010 syner at helvta av russisk ungdom trur på Gud (Sjegeri 2010: 27). Heilt tyst om religion er det likevel ikkje. Mellom anna var *Nasji* til stades på ein internasjonal konferanse i 2008 og publiserte ein artikkel om dette under overskrifta "Ortodoksi – ein religion for ungdom"<sup>101</sup> (*Nasji* 2008<sup>B</sup>). Dette skulle tyda på at rørsla om ikkje anna freistar å overtyda ungdom om at religion ikkje *berre* er for gamlingar. Kan hende ynskjer ikkje *Nasji* å leggja for mykje vekt på den ortodokse kyrkja for å ikkje støyta frå seg potensiell støtte frå andre trussamfunn.

Berdjajev åtvarar mot brorskap utanfor kristendom, og skriv at tanken om brorskap menneske mellom, vert forgifta når han vert lausrive frå kristendomen. Dette gav seg til syne i kommunismen, hevdar han (Berdjajev 2012: 182). Det at *Nasji* meiner at folk må skaffa seg god utdanning og nyttig arbeid, til det beste for landet, må kunne oppfattast som eit slags

<sup>99</sup> Nikolaj Danilevskij (1822–1885) var ein russisk adelsmann. Han gjorde ein strålende karriere som vitkapsmann. Hovudverket hans, *Russland og Europa*, vekte i 1869 lite merksem. Dei reviderte utgåvene frå 1888 og 1895 vart meir populære. I denne boka hevdar Danilevskij at Russland ikkje er ein del av Europa, men ein del av ein slavisk sivilisasjon (Nistad 2004: 183–191).

<sup>100</sup> Original: [П]оследний экономический кризис отчётливо показывает [, что] мир уже прошёл пик западного могущества и связанного с ним геополитического, экономического и идеологического лидерства.

<sup>101</sup> Original: Православие – религия молодых.

brorskap og det kan sjå ut til at kristendomen får ein plass i dette, men han spelar ikkje fyrstefiolin.

#### 4.2.3 *Nasji* og vestvendte idéar?

Det er etter mi meining vanskeleg å finna direkte teikn på vestlegvendt tenking hjå *Nasji*. Det kanskje klåraste teiknet er det faktum at *Nasji* ikkje ser ut til å ynskja å kasta vrak på dei vestlegliberalistiske reformene som vart innført i Russland etter at SSSR kvarv i 1991. Eg finn ingen teikn til at rørsla ynskjer å utvikla eit alternativ til den marknadsøkonomiske modellen, men dette kan neppe tolkast som ein vestlegvendt idé, men snarare som ein aksept av dei politiske realitetane, noko dei sjølv òg skriv: "Alle folk og alle land er nøydde til å taka del i [...] konkurransen"<sup>102</sup> (*Nasji* 2005: 5). Dette vert tema i kapittel 4.3.4 og 4.3.5.

Det som kan hende er mest vestlegvendt blant *Nasjis* idéar og argument, er deira positive syn på tsar Peter den Store. Tsaren vert trekt fram som eit døme på ein person som var med på å modernisera Russland (*Nasji* 2010: 6). Her er det vanskeleg å finna grunnlag for å hevda at *Nasji* skulle vera inspirert av dei slavofile, av di sistnemnde meinte at Russland hadde hatt ei harmonisk utvikling fram til Peter den Store. Dei slavofile påstod at Peter underordna kyrkja inn under staten og oppretta eit undertrykkande byråkrati og gjorde på denne måten Russland om til Vestens haleheng (Nistad 2004: 70). Trass i dei slavofiles syn, eksisterer det "a widespread perception of Peter as the sole creator of the modern Russian state" (Tolz 2003: 23). Berdjajev hevdar attpåtil at utan reformene til Peter den store, kunne ikkje Russland ha gjort seg gjeldande i verda (Berdjajev 2012: 39). Dette harmonerer godt med dei vestvendtes syn, men det at *Nasji* har eit positivt syn på Peter den Store åleine gjer ikkje ungdomsrørsla vestvendt. Det kan verka som om rørsla plukkar, på litt vilkårleg vis, førebilete som har vore med på å utgjera ein skilnad i den russisk historie, ein skilnad rørsla ser på som positiv.

Særleg synet på Peter den Store leier tankane over til *Den offisielle nasjonalismen*. Han skilde seg både frå slavofil og vestvendt tankegang og er namnet på statsideologien under tsar Nikolaj den fyrste<sup>103</sup> frå kring 1840. Den ideologiske retninga vart utforma av

<sup>102</sup> Original: Каждый народ, каждая страна вынуждены участвовать в [...] конкуренции.

<sup>103</sup> Tsar Nikolaj den fyrste (1796–1855) kom til makta i 1825 og var kjend for sitt despotiske styre. Han var ein sterk motstandar av revolusjonar og tilbydde militærstøtte til fleire europeiske statar for å slå ned interne opprør.

undervisningsminister Sergej Uvarov.<sup>104</sup> Denne retninga kan òg sjåast på som eit svar på Tsjaadajevs spørsmål i dei filosofiske breva. Her vart Peter den Store omtalt i positive ordelag og "hyldet som skaperen av den moderne russiske staten" (Nistad 2004: 113). *Pravoslavije, samoderzjavie og narodnost'*<sup>105</sup> er tre nykelpunkt i den offisielle nasjonalismen. Desse orda kan omsetjast til *ortodoks kristendom, autokrati* og *patriotisme* (Nistad 2004: 114). *Narodnost'* kan òg omsetjast til *folkekarakter*. Omgrepet inneber, ifylgje Uvarov, at styresmaktene styrte utifrå den russiske folkesjela, eller folkeånda, og historia til folket, slik at makta og folket utgjorde éi eining (Myklebost 2010: 72–73). Det tsaristiske eineveldet og den sterke staten skulle danna grunnlaget for stordomen og makta til Russland. Denne ideologien skilde seg frå slavofilien ved å hylla Peter den Store som skaparen av den moderne russiske staten, men òg frå dei vestvendte ved å sjå på Vesten som "ein roten stad". Det var ei viss usemje om tolkinga av omgrepet patriotisme. Nokon meinte at dette betydde at folket skulle lyda styresmaktene, andre meinte at det her var snakk om ei tru på det russiske folket (Nistad 2004: 112–114). Når det gjeld denne usemja her, kan det sjå ut til at *Nasji* trekk vekslar på båe: I folket skal det vera lyndad ovanfor Putin og hans politiske plan, men *Nasji* viser ein stor tillit til potensialet i medborgarane sine.

Det er altså ikkje slik at den tilsynelatande positive haldninga til Peter den Store skal tilskrivast idéar frå vestvendte tenkjarar, men bør heller oppfattast som ei vidareføring av den tsaristiske statsideologien. I 2005-manifestet skildrar *Nasji* Peter den Store som den fyrste modernisatoren i Russland. Han lukkast i mykje, meiner rørsla, men ikkje med å etablera dei samfunnstilhøva "som i Vesten sytte for ei aukande bylgje av innovasjonar"<sup>106</sup> (*Nasji* 2005: 14). *Nasji* omtalar Peter den Store som ein modernisator, under honom vart Russland til eitt av dei sterkeste landa i verda, meiner rørsla (*Nasji* 2010: 6–7). Det at ungdomsrørsla i rosande ordelag omtalar Peter den Store treng ikkje berre å vera eit teikn på inspirasjon frå Den offisielle nasjonalismen, men eit døme på at rørsla trekkjer fram personlegdomar som ho hevdar har vore positive for utviklinga av Russland.

---

<sup>104</sup> Sergej Uvarov (1786–1855) var ein russisk statstjenestemann under tsar Nikolaj den andre. I 1832 vart han utnemnd til utdanningsminister.

<sup>105</sup> I talen sin *Russland på grensa til tusenårsskiftet* nemnde Putin tre liknande omgrep: *derzavnost, gosudarstvennost' og patriotizm*. Desse kan omsetjast til *stormaktsdom, statlegdom* og *patriotisme* (Laruelle 2009: 143). Kyrkja spelar inga sentral rolle lenger og er slik sett utelukka, men elles er likskapen slåande med ideologien til Uvarov.

<sup>106</sup> Original: ...которые на Западе обеспечивали нарастающий поток инноваций.

Fleire stader i manifesta sitt skriv *Nasji* om demokrati og slår fast at Russland er eit demokrati: "Demokrati, det er det russiske folkets historiske val"<sup>107</sup> (*Nasji* 2005: 5)<sup>108</sup>. Ein kan spørja seg om det faktisk er slik, men strøymingane som kom til synes under perestrojka, viser at russarane ynskte seg ei anna styreform enn den som rådde i SSSR. Det å nemna demokratiet som ei riktig styreform for Russland er heilt klårt ein vestvendt tanke, men i 2005-manifestet slår rørsla fast at landet er eit suverent demokrati. For *Nasji* inneber dét at "Russland ikkje skal utvikla eit demokrati under påverknad utanfrå. [Landet] skal heller ikkje taka eksamen i demokrati framfor utanlandske professorar og byggja det etter utanlandsk mønster"<sup>109</sup> (*Nasji* 2005: 28). *Nasji* ser føre seg at Russland skal gå sin eigen demokratiske veg. Dimed vert det vanskeleg å sjå at dette fell saman med vestvendte tankar. Opphavleg såg ikkje dei vestvendte føre seg at Russland hadde noko alternativ til den "vestlege vegen". Aleksandr Herzen<sup>110</sup> var ein vestvendt tenkjar, men han var òg blant dei første til å formulera idéen om at Russland kunne gå ein spesiell veg. Det særskilte med denne vegen, var at han ikkje var åtskild frå Vesten, men at han "would allow Russia to surpass the West and teach it a lesson" (Tolz 2003: 93). Dette finn me att klårt og tydeleg hjå *Nasji*. Det suverene demokratiet må seiast å høyra heime her og eg skal koma attende til Russlands Sonderweg i kapittel 4.2.4. Det kan sjå ut til at idéane til rørsla berre tilsynelatande er vestvendte.

#### 4.2.4 *Nasji* og ein russisk Sonderweg

*Nasji* skriv at 90-talet vitnar om at Russland ikkje kan få til ei suksessrik modernisering ved å importera utanlandske verdiar, men med Putin har landet byrja å gjera ting på sitt eige vis:

"Alle land, inkludert Russland, er nøydde til å sökja sin eigen veg mot fornying. [...] Me kan rekna med ei verdig framtid, berre dersom me på organisk vis greier å sameina dei universelle prinsippa om marknadsøkonomi og demokrati med realitetane i Russland"<sup>111</sup> (*Nasji* 2005: 16).

---

<sup>107</sup> Original: Демократия, [...] это исторический выбор народа России.

<sup>108</sup> Kommentar til omsetjinga: Eg forstår det slik at uttrykket "narod Rossii" ikkje siktar til den etniske folkegruppa "russarar", men innbuarane i Den russiske føderasjon. Uttrykksmåten gjev lesaren ei kjensle av at *Nasji* freistar å omtala alle som bur i Russland som eitt folk ved å inkludera alle etniske minoritetar som bur i landet.

<sup>109</sup> Original: Россия не намерена развивать демократию под чьим-то внешним руководством. Она не намерена сдавать экзамен на демократию иностранным профессорам и строить её по зарубежным лекалам.

<sup>110</sup> Aleksandr Hertzen (1812–1870) var ein russisk tenkjar. Han var i byrjinga ein vestvendt radikalar som etter kvart vart revolusjonær. Han såg på Russland som ein "proletarisk nasjon" som kunne gjennomföra ein sosialistisk revolusjon utan å måtte fylgja utviklingstrekka til Vest-Europa. Dette gjekk i mot marxistisk lære. Herzen kjempa for opphevinga av livegenskapen (Nistad: 95–107). Totalt sett er det vanskeleg å klassifisera Herzen som vestvendt eller slavofil.

<sup>111</sup> Original: Каждая страна, в том числе и Россия, обязана искать свой путь обновления. [...] Мы можем рассчитывать на достойное будущее, только если сумеем универсальные принципы рыночной экономики и демократии органически соединить с реальностями России.

På éin måte er denne fråsegna eit tydeleg signal på at *Nasji* ser føre seg ein Sonderweg for Russland, men det heile vert problematisk ved at dei snakkar om universelle prinsipp. Dersom eit prinsipp er universelt, bør det vel ikkje vera naudsynt å tilpassa det? Samstundes kan det vera at det ligg noko realpolitisk i dette på den måten at det er vanskeleg å kasta vrak på eit så gjennomgripande system som marknadsøkonomien. Dessutan kan det å snakka varmt om demokrati, signalisera at *Nasji* ikkje ynskjer seg tilbake til det totalitære SSSR. Det kan liggja realpolitikk i dette òg, jamfør kapittel 4.3.

I 2005-manifestet siterer *Nasji* Putins tale *Russland ved tusenårsskifte<sup>112</sup>* frå år 2000 og ved å sitera honom i eitt av sine politiske program, gjer rørsla hans ord til sine:

"Erfaringane frå 90-talet er eit talande vitnesbyrd om at ei verkeleg suksessrik fornying<sup>113</sup> av vårt Fedreland, som ikkje byr på altfor store kostnader, ikkje kan verta oppnådd ved ei enkel overflytting av abstrakte modellar og skjema, henta fram frå utanlandske lærebøker, til russisk jord. [...] Alle land, inkludert Russland, er pliktige til å søkja sin eigen fornyingsveg"<sup>114</sup> (*Nasji* 2005: 16).

Det kan sjå ut til at *Nasji*, i lag med Putin, ser føre seg ein spesiell veg for Russland. Ungdomsørsla er ikkje åleine. Fleire spørjeundersøkingar viser at tre av fem russarar meiner at Russland bør fylgja sin eigen veg. I 2008 trudde færre russarar på fredsæle band mellom Russland og Vesten enn i 1994 (ned frå 60% til 34% av dei spurde) (Dubin 2010: 8, 11). Tolz skriv at eit viktig spørsmål alt ved byrjinga av 1800-talet var om Peter den Stores import av vestlege verdiar hadde vore gunstig eller øydeleggjande for Russland. Dette var utgangspunktet for striden mellom dei slavofile og dei vestvendte (Tolz 2003: 61) Som me har sett, ser det ikkje ut til at *Nasji* har nemneverdig mykje til overs for Vesten. Det kan sjå ut som at rørsla står seg på haldninga til dei slavofile om at opninga mot Vesten var negativt for Russland. Samstundes må me ha in mente at Peter den Store i *Nasjis* augo er ein stor modernisator. Det er nok difor rørsla heller fokuserer på hendingane på 90-talet, som ho ser ut til å oppfatta som ei tid der ein ukritisk importerte vestlege idéar og ekspertar, utan å taka omsyn til realitetane i Den russiske føderasjon. Dette kan leia oss til å tru at *Nasji* er inkonsekvente og lite gjennomtenkte i sin bruk av historiske førebilete. Jamfør kapittel 1.4 om intensjonalitet, meiner eg at det er lite truleg at rørsla har vore lite gjennomtenkte, snarare tvert om. Mest truleg har rørsla medvitent vald ut førebilete som etter hennar syn kan stå som

<sup>112</sup> På russisk: *Россия на рубеже тысячелетия*. Transkribert: *Rossija na rubezje tysjatsjeletija*.

<sup>113</sup> Der Putin nyttar ordet fornying, nyttar *Nasji* ordet modernisering. Eg ser på dei som synonymer.

<sup>114</sup> Original: Опыт 90-х годов красноречиво свидетельствует, что действительно успешное, не сопряжённое с чрезмерными издержками обновление нашей Родины не может быть достигнуто простым переносом на российскую почву абстрактных моделей и схем, почерпнутых их зарубежных учебников. [...] Каждая страна, в том числе и Россия, обязана искать свой путь обновления.

døme på russisk stordom i fortida, døme på menneske som har utgjort ein positiv skilnad for landet.

I kapittel 4.2.3 nemnde eg tanken til Herzen om at Russland hadde ein spesiell veg å gå. Her skal det seiast at Herzen var ein sosialist som ynskte ein revolusjon til Russland. Han skreiv i 1851 at "[d]en russiske stat er Europas største undertrykkelsesmaskin" (Nistad 2004: 109). Vidare hevda han at Russland var langt meir primitivt enn statane i Vest-Europa og at det fellesskapsorienterte synet på eigedom gjer det langt lettare å gjennomføra ei sosialistisk omdanning av samfunnet i Russland. "Russlands tilsynelatende tilbakeliggjenhet i forhold til Vest-Europa kan [...] ifølge Herzen vise seg å være en kilde til fremtidig storhet" (Nistad 2004: 111). Herzen nemnast av *Nasji* som ein representant frå éin av dei "historiske generasjonane" på 1800-talet. Både Pusjkin og Tolstoj med mange fleire vert nemnde i lag med Herzen som døme på menneske som har vore med på å utføra store historiske hendingar eller prosessar (*Nasji* 2005: 2). Rørsla skriv mange stader om at det er trond for å modernisera og at Russland bør inntaka ei leiarrolle i verda, men innrømmer at landet ikkje er verdas midte (*Nasji* 2005: 10). Altså kan ein få ei forståing av at rørsla ikkje reknar Russland som eit land som er like velutvikla som mange av landa i Vesten. Samstundes, som me har sett, skin det fleire stader gjennom at *Nasji* ser føre seg ei stor framtid for Russland. Er det Herzens tankar om fordelane ved at Russland er litt tilbakeliggjande samanlikna med Europa som ligg bak her? Mykje kan tyda på det, men rørsla nemner ikkje denne idéen konkret sjølv.

Som nemnd ynskjer *Nasji* at Russland skal verta verdsleiande innafor felt som økonomi, teknologi, kulturelle verdiar og politiske ideal. I 2010-manifestet kjem dette langt meir direkte til uttrykk. Framtida til Russland må russarane skapa sjølve. Dette vil ifylgje *Nasji* føra til at ein må taka både risiko og ansvar. "Er du budd til dette? Då er du på lag med oss. ME er ein generasjon av PRAKTISKE DRØYMARAR"<sup>115</sup> (*Nasji* 2010: 8, originalens kapitalar). Freistar *Nasji* å skapa ein ny type menneske? I SSSR eksisterte konseptet "det sovjetiske folket", ein idé om at alle etniske grupper skulle kunne leva fredfullt saman. Dette har òg vorte kalla *homo sovjeticus*, "whose creation was proclaimed to be the government's eventual goal" (Tolz 2003: 182). Er det dette *Nasji* freistar å gjera ved å byggja opp ein hærskare av "drøymarar". Er det det eit *homo russiskus*, som støttar Putins politikk, dei ynskjer å skapa?

---

<sup>115</sup> Original: Ты готов к этому? Тогда нам по пути. Мы – поколение ПРИКЛАДНЫХ МЕЧТАТЕЛЕЙ.

Dette vil eg koma tilbake til i kapittel 4.3.1, då i samanheng med kraftpatriotismen til *Nasji* og i kapittel 4.4.3, då sett i ljós av utopisme.

*Nasji* brukar ein del plass på å seia at Russland bør gå sin eigen veg. Panslavisten Danilevskij meinte at for å overleva, måtte Russland frigjera seg frå Europa (Nistad 2004: 247–248), men for ungdomsrørla er isolasjon uaktuelt. Panslavismen kan definerast som ei populistisk vidareføring av Den offisielle nasjonalismen under Uvarov. Danilevskij meinte at den europeiske sivilisasjonen var i ferd med å avkrefast og at den slaviske sivilisasjonen ville verta den mest fullkomne nokosinne (Nistad 2004: 182–187). *Nasji* nyttar ikkje ord som panslavisme, det slaviske folket og liknande i manifesta sine. I 2008 var delar av rørla på ein venskapsvisitt til Serbia og hylla serbarane som eit broderfolk av russarane (*Nasji* 2008<sup>A</sup>), noko som kan tyda på eit visst fokus på det slaviske folket. I dei nære grannelanda derimot, særleg i Ukraina og Baltikum, er rørla mest oppteken av situasjonen for russisk språk. Episoden med krigsminnesmerket Bronseryttaren i Estland, nemnd i kapittel 3.3, tyder på at Den store fedrelandskrigen og minna om honom er sentrale for *Nasji*, sjølv i utlandet.

Hovudmålgruppa til rørla er innbyggjarane i den russiske staten, deira ve og vel. Og det er altså ikkje berre dei etnisk russiske som *Nasji* vil ha med her: "Det er naudsynt å ha klårt føre seg at kulturelt mangfold er eit viktig fortrinn for Russland i den moderne verda"<sup>116</sup> (*Nasji* 2005: 19). Dimed vert helsinga til det slaviske broderfolket i Serbia litt uforståeleg, ja nærmast motseiande i høve til dette med kulturelt mangfold. *Nasji* vitja i Serbia både minnesmerke frå andre verdskrigen, men såg òg på resultata av NATO-bombinga på 90-talet (*Nasji* 2008<sup>A</sup>). Slik sett kan turen til Serbia tolkast både som ein studietur, med tanke på *Nasjis* interesse for Den store fedrelandskrigen, men òg som eit ynske om å sjå Vestens øydeleggingar gjennom NATO. I tillegg kunne rørla visa ein gest overfor serbarane.

### 4.3 *Nasji* og uttrykk for realpolitiske tilhøve

Det kan argumenterast for at *Nasji* er viljug til å utfordra Vesten på vestlege premiss. Rørla hevdar at moderniseringa må gjera Russland konkurransedyktig i ei global verd. Dette krev ei viss tilpassing til vestlege institusjonar og konkurransevilkår, men det er vanskeleg å hevda at dette kan reknast som vestlegvendt tankegang. Kan hende er dette heller eit uttrykk for real- og maktpolitisk medvit? Her skal eg prøva setja fem kjernekriterium inn i ein

<sup>116</sup> Original: Нужно ясно понимать, что культурное многообразие – важное преимущество России в современном мире.

større samanheng. Fyrst vil eg ta føre meg patriotismen til rørsla, deretter fiendebiletet hennar og, i tur og orden, tre viktige omgrep for rørsla: modernisering, suverenitet og leiarskap.

#### **4.3.1 Kreml-venleg kraftpatriotisme**

Som me har sett, ynskjer *Nasji* at Russland skal verta verdsleiande innafor økonomi, teknologi, kulturelle verdiar og politiske ideal (*Nasji* 2005: 3). Dette vil krevja ei modernisering av landet, noko som berre er mogleg å få til ved å endra på tankesettet innafor politikken, økonomien og administrasjonen i Russland. Hovudelementa i den nye tankeganen er, ifylgje *Nasji*, patriotisme, historisk optimisme, framtidstru, det å stå for sine val i møtet med samfunnet og det å vera ein leiar (*Nasji* 2005: 40–41). Rørsla etterlyser ein ny elite som er moralsk og patriotisk. Det er viktig med innovasjon og nyskaping på leiarnivå. Ein må gå vekk i frå kopiering og til nyskaping. Ein må erstatta "oppløysingseliten"<sup>117</sup> med "utviklingseliten".<sup>118</sup> Rørsla spesifiserer ikkje kven som inngår i desse gruppene. Elitar skal føra landet framover, hevdar ho, men i laupet av 90-talet byrja eliten å tenkja på korleis han sjølv kunne verta rikare (*Nasji* 2005: 32). Slik eg forstår det, må dette vera "oppløysingseliten". "Utviklingseliten" bør vera driven av moral og patriotisme (*Nasji* 2005: 32). "Denne erstatninga bør gå føre seg på naturleg vis, det vil seia at ei målretta styrking av samfunnet og dei politiske leiarane, fyrst og fremst Vladimir Putin, er uunngåeleg"<sup>119</sup> (*Nasji* 2005: 33). Det ser ut til at *Nasji* i 2005 meinte at "utviklingseliten" enno ikkje var skapt. Ungdomsrørsla ynskjer å forma ein ny elite som kan vera med og dra lasset i same retning som henne og Putin.

Ungdomsrørsla *Nasji* ynskjer at Russland skulle verta ei slags bru mellom verdssivilisasjonane (*Nasji* 2005: 17).<sup>120</sup> For å verta den sivilisasjonsbrua må Russland vera ope og sterkt. Dersom Russland isolerer seg, vil landet verta svakt, påstår rørsla og trekker fram Japan på 1600-talet som eit døme.<sup>121</sup> Russland må taka i bruk konkurransefortrinna sine for å verta ein verdsleiar og det er "[...] oppgåva til vår generasjon"<sup>122</sup> (*Nasji* 2005: 17–18).

---

<sup>117</sup> Original: Элита распада.

<sup>118</sup> Original: Элита развития.

<sup>119</sup> Original: Такая смена должна происходить естественным путём, то есть необходимы целенаправленные усилия общества и политических лидеров, прежде всего Владимира Путина.

<sup>120</sup> Eg kjem attende til dette i kapittel 4.4.2, då sett i ljós av utopiar og den russiske *Sonderweg*.

<sup>121</sup> Det er som nemnd ikkje mi oppgåve å påvisa feil eller manglar i opplysningane som *Nasji* presenterer som fakta i manifesta sine, men Japan var ein periode svært isolert. *Nasji* hevdar at denne isolasjonen gjorde landet svakt og freister å argumentera for at det same kan skje med Russland i tilfelle isolering.

<sup>122</sup> Original: [...] задача нашего поколения.

Som nemnd oppmodar rørsla grasrota til å samla seg for å gjera Russland sterkare, mellom anna ved å velja riktige yrke, men òg på eit meir kvardagsleg plan:

"HUGS: HELSA DI OG DITT LANGE LIV ER IKKJE BERRE EIT SPØRSMÅL OM DEG. Det er eit spørsmål om konkurrendsugleiken til nasjonaløkonomien, det er eit spørsmål om tryggleiken til landet vårt, det er eit spørsmål om å verna om det russiske språket og framhalding av den russiske historia.

DIN SJUKDOM er eit problem for familien din, han er ein skade for økonomien til landet, ei ekstra påkjenning for landets sosialtrygdesystem. Tenk: har du i det heile teke opparbeida deg rett til å vera sjuk? Foreldra dine, bestefedrane og bestemødrene dine heilt klårt 'Ja', Du heilt klårt 'Nei'.

Det å vera patriot i dag, betyr først og fremst å vera eit sunt menneske eller i alle fall å prøva på å vera det"<sup>123</sup> (Nasji 2010: 11, originalens kapitalar).

Dette står å lesa i 2010-manifestet til *Nasji*. Dette er eit tydeleg døme på det eg vil kalla kraftpatriotisme. I fylge ungdomsrørsla er det å halda seg frisk og å leva lenge er rett og slett patriotisk. Den personlege helsa vert for ungdomsrørsla eit spørsmål om Russlands tryggleik og jamvel om den framtidige eksistensen til landet.

*Nasjis* kraftpatriotisme er ikkje retta direkte mot Putin, dersom ein skal tru rørsla. "NASJI skal skapa støtte for Putin. Dette skal ikkje verta støtte til personen Putin, men støtte for den politiske kurSEN hans"<sup>124</sup> (Nasji 2005: 38, originalens kapitalar og kursiv).<sup>125</sup> Indirekte her nemnar rørsla det som ofte vert kalla Putins plan. Uttrykket vart første gong nytta av Boris Gryzlov<sup>126</sup> i partiet *Det sameinte Russland*. Han omtalte termen som ny, men konseptet som gamalt. Kva går så planen ut på? "Putin's plan [...] is whatever Putin thinks and wants" (Gaddy og Kuchins 2008: 117–118). Slik blind støtte til statsleiaren, kan verka som ei gjenoppliving av Hitler-Jugend, men Marlène Laruelle hevdar at den Kreml-venlege patriotismen ikkje er ei form for fascism, men ein type nasjonalisme (Laruelle 2009: 3–7).

<sup>123</sup> Original: ЗАПОМНИ: ТВОЁ ЗДОРОВЬЕ И ДОЛГОЛЕТИЕ – ЭТО НЕ ТОЛЬКО ТВОЙ ВОПРОС. Это вопрос конкурентоспособности национальной экономики, это вопрос безопасности нашей страны, это вопрос сохранения русского языка и продолжения российской истории.

ТВОЯ БОЛЕЗНЬ – это проблемы для твоей семьи, это ущерб для экономики страны, это дополнительная нагрузка на неё систему социального обеспечения. Подумай: вообще заработал ли ты право на болезнь? Твои родители, твои дедушки и бабушки определённо "Да", Ты – определённо "Нет".

Быть патриотом, сегодня, означает, прежде всего, - быть здоровым человеком или, во всяком случае, стремиться быть таковым.

<sup>124</sup> Original: НАШИ будет осуществлять поддержку Путину. Это не будет поддержка личности Путина, но поддержка его политического курса.

<sup>125</sup> Vidare nemnar *Nasji* kva som inngår i den politiske kurSEN til Putin: vern av landets suverenitet, verkeleggjering av landets økonomiske og politiske modernisering, mogglegjering av landets stabile og ikkjevaldelege utvikling, det å oppnå landets globale leiarskap i framtida (Nasji 2005: 38).

<sup>126</sup> Boris Gryzlov (1950–) er ein russisk politikar. Han er éin av leiarane i partiet *Det sameinte Russland*.

Difor meiner eg at det er grunn til å hevda at *Nasji* driv på med nasjonsbygging, men dette kan problematiserast, noko eg gjer i kapittel 4.3.3.

Fyrst litt meir om Putins plan. Implementeringa av denne planen inneber mellom anna at ein i Statsdumaen har "godkjente 'opposisjonsparti'"<sup>127</sup> og at det eksisterer ein idé om at maktpartiet *Det sameinte Russland* skal styra landet i fleire tiår framover. Dette synet vert hevda av ein elite, fødd på 50- og 60-talet, som ser det som heilt naturleg at dei skal styra Den russiske føderasjon til 2030. Stabiliteten i politikken er for dei ikkje noko som kan overlastast til demokratiske kreftar (Gaddy og Kuchins 2008: 121–122). Slik sett kan det sjå ut til Putins plan og det suverene demokratiet er to sider av same sak. No skal det seiast at *Nasji* snakkar varmt om demokrati, men dei nyttar helst uttrykket det suverene demokratiet, ei uttrykksform som er typisk for undertrykkande regime, jamfør kapittel 2.2.3. Her ser me at ungdomsrørsla og Putin er på line med kvarandre, der *Nasji* nærmast utgjer ei rørsle for ukritisk støtte til det sitjande regimet.

Dei som er i mot Putin og hans politikk vert av *Nasji* omtala som fascistar. I 2010-manifestet skriv rørsla i samband med etableringa av eit fungerande sivilsamfunn i Russland at tidlegare, i 2005, var heile sivilsamfunnet organisert mot styresmaktene: "I dag ser me eit anna bilet. No har tusenar av ungdom samla seg for å vera nyttige for landet. [...] Tusenvis av ungdom har sameint seg for å stå i mot fascism og aggressiv nasjonalisme. Ungdomen har byrja å tru på den russiske staten, den russiske staten har byrja å tru på ungdomen"<sup>128</sup> (*Nasji* 2010: 2).<sup>129</sup> Det vert sett likskapsteikn mellom det å støtta staten og vera nyttig for staten. Samstundes utpeiker *Nasji* alle motstandarane som fascistar og nasjonalistar. Her ser me dessutan at ordet nasjonalisme har ein negativ valør for rørsla. Hjå dei er det patriotismen som gjeld, trass i at den òg kan oppfattast som nasjonalistisk. Skilnaden mellom dei to omgrepa, slik eg forstår

<sup>127</sup> Opposisjonsverdien i Statsdumaen kan diskuterast. Etter 2011–valet kom det inn fire parti i parlamentet. Eitt av dei var *Eit rettferdig Russland* (*Spravedlivaja Rossija*). Partiet har kome med mild kritikk av *Det sameinte Russland*, men vart oppretta av Kreml (Remington 2012: 178). Eit anna parti som kom inn i 2011 var *Det liberaldemokratiske partiet* (*Liberal'no-demokratischeskaja partia Rossija*). Trass i namnet, er partiet eit nasjonalistparti som ynskjer eit autoritært regime i Russland. Skal ein døma etter korleis partiet har røysta i Dumaen, er dette partiet svært regimevenleg (Remington 2012: 175). Det einaste partiet som utgjer ein reell opposisjon er *Kommunistpartiet* (*Kommunistitsjeskaja Partija Rossijskoj Federatsii*), men partiet har lenge opplevd ein nedgang i talet på veljarar.

<sup>128</sup> Original: Сегодня мы видим совсем другую картину. Сегодня тысячи молодых людей объединились, чтобы быть полезными для страны. [...] Тысячи молодых людей объединились, чтобы противостоять фашизму и агрессивному национализму. [...] Молодёжь поверила в российское государство, российское государство поверило в молодёжь.

<sup>129</sup> I kapittel 2.2.4 derimot, kom det fram at ungdom flest ikkje lit på statlege strukturar.

*Nasji*, er at nasjonalismen ikkje støttar opp om planen til Putins, medan patriotismen gjer det og motarbeider dei som ikkje støttar planen, jamfør kapittel 2.2.2.

Kraftpatriotismen til *Nasji* er altså ein type nasjonalisme og ifylgje Marlène Laruelle er den russiske nasjonalismen eit studie av Russlands Sonderweg (Laruelle 2009: 7). Er den russiske nasjonalismen ei form for einvegskommunikasjon? Nei, meiner Marlène Laruelle:

"Nationalism [...] cannot be understood as a phenomenon forcibly imposed from *above* without the consent of those *below*: on the contrary, it can be argued that the movement went in the opposite direction, since the authorities themselves were seeking to find a language in common with society and came to interpret societal demands in terms of a need for identity. This at least partially explains the population's vote of allegiance to Vladimir Putin" (Laruelle 2009: 193).

Den russiske nasjonalismen er ifylgje Laruelle ein måte som styresmaktene svarar grasrota på. Eg forstår henne dit at folk flest er på leit etter ein nasjonalidentitet. Dette freistar Kreml å gjeva eit svar på. Trass i at det ikkje ser ut til å eksistera formelle band mellom *Nasji* og Kreml, men fleire uformelle, jamfør kapittel 3.4, kan det sjå ut som at ungdomsrørsla er ein del av Kremls nasjonsbyggingsprosjekt og eit responsforsøk på russaranes leiting etter ein nasjonalidentitet.

*Nasji* definerer ikkje kva verdiar som er russiske og kva som kjenneteiknar den russiske kulturen, men den russiske kulturen er viktig for rørsla.<sup>130</sup> Rørsla nyttar både Lev Tolstoj, Fjodor Dostojevskij, Nikolaj Gogol<sup>131</sup> og andre forfattarar som døme på store personlegdomar innanfor den russiske kulturen og nett desse er store leiatarar av verdskulturen, ifylgje rørsla. Ho ynskjer å underbyggja eit fundament for folks skaparverk til bruk i kulturelle dialogar for at millionar skal kunne gjera seg kjende med kulturen (*Nasji* 2005: 9). Dette minner på sett og vis om ei form for kulturimperialisme. *Nasji* er ikkje konkret, men det er tydeleg at rørsla meiner at den russiske kulturen bør verta leiande på global basis. Dette er kan hende eit uttrykk for kraftpatriotismen til rørsla. Dessutan nyttar ho omgrepet *rossijskaja kul'tura*, ikkje *russkaja kul'tura*, noko som kan skapa eit inntrykk av at rørsla ser på kulturen i Russland som einskapleg. Som nemnd i kapittel 4.2.4, det å laga éin nasjonalitet av dei ulike etniske gruppene i landet er ikkje noko nytt. I SSSR freista ein å skapa *homo sovjeticus*, medan *Nasji*

<sup>130</sup> Her nyttast på russisk adjektivet *rossijskij*, som gjerne nyttast om det som er knyt til landet Den russiske føderasjon og som er ein motsetnad til adjektivet *russkij* som heller omtalar det som er knytt til det etnisk russiske. Som kjent bur det fleire etniske folkegrupper i Russland, ikkje berre russarar.

<sup>131</sup> Nikolaj Gogol (1809–1852) var ein russisk forfattar. Han er kjent for å nytta satirisk og grotesk humor, mellom anna i verka *Revisoren* og *Nesen*.

no prøver på å skapa det eg kallar eit *homo russiskus*. Dette vert òg tema om litt, i kapittel 4.4.3.

I 2005-manifestet skriv *Nasji* at dei set verdset det kulturelle mangfaldet i Russland og meiner at det er eit viktig fortrinn for landet. Rørsla vil stogga fascismen, den aggressive nasjonalismen, religiøs intoleranse og separatisme av di det kan truga den nasjonale einskapen (Nasji 2005: 17–20). Her ser det ut at førestillinga om Russland som eit land utan ein ende kjem til uttrykk. Denne førestillinga vart etablert alt på 1700-talet og vidareutvikla gjennom det neste hundreåret. Den geografiske storleiken vart framheva som ei kjelde til nasjonal byrgskap. Forfattaren Nikolaj Gogol gav i romanen *Døde sjeler* frå 1842 eit inntrykk av at Russland var eit land utan klåre grenser. Område som tidlegare hadde vore koloniar, vart ein del av Det russiske imperiet, som til dømes Sibir, og skapte eit inntrykk av at Russland stadig vart større (Tolz 2003: 162–163). *Nasji* er påpasseleg med å påpeika at Russland er verdas største land og hevdar at opptil helvta av naturressursane i verda høyrer Russland til (Nasji 2005: 10). Eit land utan klåre geografisk grenser er òg eit land utan klåre kulturelle grenser, kan det sjå ut til. Rørsla ynskjer å unngå kulturell og religiøs separatisme for å verna om storleiken til landet. Ungdomsrørsla oppmodar tydelegvis til nasjonalbyrgskap der storleiken til Russland ser ut til å spela ei rolle og utgjera ein fordel i den moderne verda.

Tidlegare har eg slått fast at dei som er i mot Putins plan er, ifylgje *Nasji*, fascistar og i det førre sitatet ser me at ungdomsrørsla vil stogga dei som trugar den nasjonale einskapen. All motstand skal ryddast av banen. Nasjonsbyggingsprosjektet som rørsla er ein del av, skal vera med på å skapa eit "Putin-venleg" samfunn. Berre dette samfunnet vil kunne inntaka ei leiarrolle i verda. Det spelar inga rolle kven du er, så lenge du støttar Putin og hans politikk. Alle dei andre er fascistar. *Nasjis* kraftpatriotisme er tett knytt opp til måla om modernisering og fornying, mål som er tufta på ei oppfatning om at Russland per no ikkje er så sterkt som det bør vera.

Russland er eit rettferdig land, hevdar *Nasji*. For dei betyr ikkje eit rettferdig samfunn berre eit samfunn med like mogleskapar, men òg eit samfunn med likt ansvar. *Oligarkkapitalismen*<sup>132</sup> er "eit samfunn [...] der det rådar ein alles kamp mot alle [...] som ei

---

<sup>132</sup> Omgrepet *oligarkkapitalisme* ser ut til å vera den nemninga Nasji nyttar om dei økonomiske vanskene på 90-talet. Sjå òg kapittel 2.1.4 for meir om oligarkane.

fortsetjing av dyreverda"<sup>133</sup> (Nasji 2005: 30–31). Rørsla er nådelaus mot oligarkane, mest truleg som eit resultat av Putins oppgjer med nokre av dei. Det kan sjå ut som at denne haldninga skal rettferdiggjera med kollektivistiske tankar om å utføra handlingar til fellesskapets beste. Samstundes er det ikkje til å stikka under stol at kampen mot oligarkane er ein populær kamp, då mange vanlege russarar meiner at desse på ufortent vis har tent seg rike på kostnad av mannen i gata. Til ein viss grad ligg det ei sanning i dette.

#### 4.3.2 Etableringa av eit fiendebilete

For å mana til kamp, opererer *Nasji* med det eg meiner er eit fiendebilete. Fiendane, i fylge ungdomsrørsla sjølv, er dei som ser det som ein fare at Russland styrkar seg, dei som freistar å gjeninnføra styret frå 90-talet og dei som berre tenkjer på sin eigen suksess medan resten av landet er eit kaos. Både utanlandsk kapital og politiske kreftar i utlandet vert sett på som fiendar av Russland. Rørsla skriv at ho er kategorisk i mot blomerevolusjonane i til dømes Ukraina "av di dette var eit geopolitisk prosjekt for etablering av eit ytre styre av landet"<sup>134</sup> (Nasji 2005: 36–37). Vidare skriv *Nasji* at "i dag rett framom augo våre vert det forma ein naturstridig union av liberalalarar, fascistar, vestvendte, ultranasjonalistar, internasjonale pengefond og internasjonale terroristar. Det er berre éin ting som held honom saman – hatet mot Putin"<sup>135</sup> (Nasji 2005: 37). Éin ting er om dette fiendebiletet er reelt eller ikkje, men i denne samanhengen er det fyrst og fremst interessant å finna ut kva *Nasji* har å tena på å spela på og skapa dette inntrykket. Verknaden er som eit tvegga sverd. På den eine sida diskrediterast alle som ikkje er for Putin, for mange ein viktig faktor for stabilitet i Russland etter 2000. På den andre sida skapast det eit inntrykk av at det bak hyrnet lurar kreftar som vil freista å utnytta landet, noko som igjen understrekar kor viktig det er at landet skal verta sterkt og inntaka ei leiarrolle i verda.

Fiendebiletet kan delast i to: eksterne fiendar og interne. Internt er det dei som bur i landet, men som ikkje støttar Putin, eksternt ser det ut til å vera internasjonal terrorisme og Vesten som er dei verste. Som Tolz skriv, er striden mellom Russland og Vesten lang, men det var fyrst med panskavisten Danilevkij at Europa vart til ei form for ævelege fiendar av Russland. Han meinte at det i Vesten fanst ein stadig tilbakevendande *russofobi*. Før Danliveskij meinte

<sup>133</sup> Original: [О]бществ[о] [...], где идёт борьба всех против всех [...] как продолжение животного мира.

<sup>134</sup> Original: [П]отому что это -геополитический (sic!) проект по установлению внешнего управления страны.

<sup>135</sup> Original: Сегодня в наших глазах формируется противостоятельный союз либералов и фашистов, западников и ультранационалистов, международных фондов и международных террористов. Его скрепляет только одно – ненависть к Путину.

dei slavofile at dei kunne redda Europa frå sine "sjukdomar" (Tolz 2003: 84–85). Hjå *Nasji* ser me både retningane, ja, Vesten er ein fiende, men Russland har òg noko stort å visa verda, jamfør mellom anna kapittel 4.2.4.

Ifylgje *Nasji* lurar dei utanlandske, vestlege, farane i til dømes blomerevolusjonane i Ukraina, at NATO spreier seg austover og at EU utvidar seg (*Nasji* 2005: 28). Rørsla skriv at ho er kategorisk i mot ein blomerevolusjon i Russland, mellom anna av di dei vil hindra stabiliteten i landet, men òg opna landet for utanlandsk kontroll, som vil vera skadeleg for Russland (*Nasji* 2005: 37). Dette, samt at *Nasji* ser ut til å meina at alle motstandarar av regimet er fascistar, meiner eg er eit uttrykk for russofobi.<sup>136</sup> Valentina Feklyunina, statsvitar ved Universitetet i Newcastle, har gjort den same observasjonen kring særleg utanrikspolitikken til Kreml:

"The interpretation of *any* criticism as a manifestation of Russophobia is [...] an example of a securitizing move. It logically follows that accepting this narrative signifies viewing any criticism of Russian authorities as a threat to Russia's survival" (Feklyunina 2013: 106).

*Nasji* argumenterer fleire stader på dette viset. I 2010-manifestet skriv rørsla at titusenvis av ungdom har gått saman i kampen mot fascism, for å vera nyttige ovanfor landet. Fem år tidlegare var sivilsamfunnet berre ei partisanverksemeld mot styresmaktene (*Nasji* 2010: 2). Her får vert det tydeleg at kritikk av styresmaktene vert tolka ikkje berre som noko negativt, men òg som unyttig og jamvel farleg for landet. Å omtala motstandarar som fascistar gjev retorikken til *Nasji* eit krigsretorisk preg ved at ein speler på hendingane under andre verdskrigen der eksistensen til Russland verkeleg var truga og landet var under militære åtak frå det fascistiske regimet i Tyskland.<sup>137</sup>

Mellom anna reknast utanlandsk kapital som noko farleg. *Nasji* hevdar at i Brasil gav styresmaktene etter for utanlandske investeringar i bilproduksjonen. Resultatet vart, ifylgje ungdomsrørsla at bilproduksjonen no kontrollerast av utanlandske selskap medan den nasjonale produksjonen knapt finst. *Nasji* set dette i samanheng med globaliseringa, men meiner at globaliseringa er eit prosjekt som stadfestar hegemoniet til USA. Samstundes er det ikkje mogleg å göyma seg for globaliseringa og difor er "vår oppgåve å gjera Russland til ein leiar av globaliseringa"<sup>138</sup> (*Nasji* 2005: 4–5). På sett og vis fell tanken om eit fiendebilete

<sup>136</sup> Terminologien russofobi nyttast ikkje av offisielle styresmakter i Russland (Feklyunina 2013: 98).

<sup>137</sup> I russisk språk nyttast ofte omgrepet fascism om det nazistiske Tyskland.

<sup>138</sup> Original: Наша задача – сделать Россию лидером глобализации.

saman med den om suverenitet, som eg kjem attende til i kapittel 4.3.4. Alle er i mot Russland og ynskjer å utnytta landet. Difor må det vera sterkt for å hevda seg.

Lenin sa at det å importera vestlege idéar ville føra til at Russland vart utnytta av Vesten (Tolz 2003: 106). Dessutan er det verdt å hugsa på at reformene på 90-talet var så upopulære at dei "damaged the prestige of the West in the eyes of the Russians" (Tolz 2003: 128). *Nasjis* motvilje mot Vesten ser ut til å kvila både på det eldre slavofile synet, men også på desse nyare inntrykka. Professor i statsvitenskap ved Emory University Thomas F. Remington viser til ei undersøking frå 2009 som syner at i 37 prosent av russarane trur at Russland står ovanfor ein utanlandsk militær trussel. Ei anna undersøking frå 2007 viser at nesten helvta av russarane meiner at EU utgjer ein trussel mot Russland. Dette kan nok ha ein samanheng med at russarane har eit syn på internasjonale relasjonar som eit null-sum-spel, altså at kvart land først og fremst tenkjer på sine eigne interesser (Remington 2012: 251). Slik sett ser *Nasji* også ut til å spegla eit folkeleg og høgst levande fiendebilete. Så seint som i mai 2013 kom det fram at menneskeretsorganisasjonen Ein offentleg dom<sup>139</sup> av påtalestyresmaktene vart stempla som agentar for utanlandske interesser, skulda for å motteke pengar frå Den norske Helsingforskomité (Barents observer 2013).

Fiendebiletet kjem også til syne på anna vis. *Nasji* meiner at Russland ser på Eurasia som eit viktig strategisk område og kontrollen over dette området er viktig for dei som ynskjer å dominera i Eurasia og i heila verda. Russland dekkjar store delar av Eurasia, men rørsla hevdar at det finst dei som skulle kunne tenkja seg å overtaka kontroll over denne delen av verda. Ingen av grannelanda er fiendar, men *Nasji* hevdar at både internasjonale terroristar og USA freistar å skaffa seg kontroll over Eurasia (*Nasji* 2005: 22–23). At internasjonale terroristar peikast på som ein fare, er kan hende ikkje uventa. Meir uforståeleg er rolla til USA i dette, men slik eg forstår det, er det ikkje snakk om fysisk territorialkontroll, men verdipolitisk og økonomisk kontroll. *Nasji* spesifiserer ikkje om det er snakk om den amerikanske krigføringa i Midtausten eller amerikanske investeringar i sentralasiatiske land. Både USA og terroristar prøver vel på å skaffa seg verdipolitisk og økonomisk kontroll, men det er nok berre sistnemnde som skulle kunne vera interessert i fysisk territorialkontroll. Dei geopolitiske kostnadene ved ein krig mot Russland, ville ha vore nesten utolelege for USA. Når det er sagt, meiner eg at denne tankerekkjja kan vera *Nasjis* synleggjering av og forklaring

---

<sup>139</sup> På russisk: Общественный вердикт. Transkribert: Obsjtsjestvennyj verdikt.

på kvifor Russland bør inneha ei sentral rolle i verda. Av di Russland kontrollerer store delar av området i Eurasia allereie,<sup>140</sup> meiner nok rørsla at landet, implisitt, har ein naturleg rett til påverknadskraft i dette området. Slik kan synspunktet rettferdiggjera både utanriks og innanriks. Dette punktet er òg sterkt knytt til omgrepene suverenitet, noko eg kjem tilbake til i kapittel 4.3.4.

### 4.3.3 Modernisering

Å verna om suvereniteten til Russland er viktig for *Nasji*. I kapittel 1.6 kom det fram at *Nasji* har ein langt vidare definisjon av suverenitet enn det som er vanleg. "Det er det fyrste og viktigaste vilkåret for moderniseringa av landet"<sup>141</sup> (*Nasji* 2005: 38). Kva er så modernisering? Rørsla nyttar tre ord som alle er knytt til dette fenomenet: fornying, innovasjon og sjølvsagt modernisering.<sup>142</sup> Ungdomsrørsla er ikkje veldig spesifikk når det gjeld på kva måte landet skal moderniserast på, men i 2005-manifestet skriv ho: "Nykelen til moderniseringa av landet, etter vår mening, er ei endring i formatet for politisk, økonomisk og administrativ tenking hjå eliten i landet"<sup>143</sup> (*Nasji* 2005: 40). Det er tydeleg at *Nasji* ikkje var nøgd med den dåverande situasjonen i Russland. Vidare skriv rørsla:

"Leiarane som skal verkeleggjera moderniseringa av landet i retning av eit friare, rettferdigare og meir solidarisk samfunn, bør etter vårt syn inneha fylgjande hovudkompetanse: 1) Patriotisme, kjærleik til landet sitt; 2) historisk optimisme, tru på Russlands framtid; [...] 4) sosialt ansvar: det å vera budd til å svara for resultata av sine handlingar føre samfunnet; 5) å vera open for nye ting; 6) [...] evna til å sjå moglegskapar for samarbeid; 7) leiarkvalitetar [...]"<sup>144</sup> (*Nasji* 2005: 40–41).

Punktet om historisk optimisme kan, etter å ha lese manifesta til *Nasji*, oppfattast som "selektiv historielesing". Eg har alt vore innom at valet av førebilete frå den russiske historia, ser ut til å vera knytt til personar og hendingar som vitnar om russisk stordom og kan hende er ei kjelde til nasjonalbyrgskap. Elles ser me av sitatet at moderniseringa vert knytt til patriotisme, jamfør kapittel 4.3.1 om kraftpatriotisme og til leiarskap, jamfør kapittel 4.3.5. Samstundes ser det ut til at moderniseringa er tett knytt opp til globaliseringa, ein prosess som *Nasji* meiner at det ikkje er mogleg å unngå. Her må landet inntaka ein leiarposisjon, verta i

<sup>140</sup> Nasji skriv at Russland utgjer den sentrale militærstrategiske delen av Eurasia (*Nasji* 2005: 22).

<sup>141</sup> Original: Это первое и главное условие модернизации страны.

<sup>142</sup> På russisk, høvesvis: *Обновление, инновация* og *модернизация*.

Transkribert, høvesvis: *obnovlenie, innovatsija* og *modernizatsija*.

<sup>143</sup> Original: Ключом к модернизации страны, по нашему мнению, является смена формата мышления политической, экономической и административной элиты страны.

<sup>144</sup> Original: Лидеры, которые осуществляют модернизацию страны в направлении более свободного, справедливого и солидарного общества, должны обладать, на наш взгляд, следующими основными компетенциями: 1) патриотизм: преданность своей стране; 2) исторический оптимизм: вера в будущее России; [...] 4) социальная ответственность: готовность отвечать перед обществом за результаты своих действий; 5) открытость к новому; 6) [...] умение видеть возможности для затрудничества; 7) лидерские качества [...].

stand til å setja dagsorden og avgjera spelereglane (Nasji 2005: 5–7). Trua på ei lysande framtid og leiarskap er viktig både stader.

For å sparka i gang moderniseringa, må ein setja ein stoggar for oligarkkapitalismen, hevda Nasji i det fyrste manifestet sitt. Dei fører berre til mindre konkurranse og meir korruption (2005: 34). Fem år seinare skreiv dei at oppgåvene med å modernisera landet ikkje er fullførde. Til ein viss grad var nytenkinga i gang, men det er viktig å starta kampen mot dei som ikkje aktivt arbeider for moderniseringa (Nasji 2010: 1–3). Dimed kan det sjå ut til at Nasji ikkje har nådd måla sine. Spørsmålet er korleis dei kan støtta Putins plan, då det under honom har skjedd ei sterkt sentralisering, særleg innan media har konkurransen vorte mindre og korruptionsnivået har skote i vêret, jamfør kapittel 2.2. Samstundes er dette eit teikn på at Nasji ikkje er nøgt med situasjonen i dagens Russland, dei meiner at landet har potensiale til å få til noko meir, verta ei stormakt igjen og setja dagsorden. Likevel fører ikkje dette til kritikk av regimet. Det kan sjå ut som at for denne ungdomsrørsla er det berre den politiske kursen til Putin som kan unngå 90-talskaoset og føra landet inn i ei storlått framtid godt hjelpt av ungdomen i "vår generasjon".

Ifylgje Nasji har Russland fleire gongar sett dagsorden, mellom anna i 1917 med Oktoberrevolusjonen.<sup>145</sup> Mange i verda var eller vart kommunistar på denne tida. Rørsla hevdar at nett dei russiske kommunistane var dei som bestemte seg først for å redusera arbeidsdagen frå tolv til åtte timer, innføra gratis utdanning, allmenn røysterett, velferdsgodar ved arbeidsløyse og sjukdom med meir. "Fyrst etter at bolsjevikane realiserte desse tiltaka i Russland, fylgde andre land etter med liknande tiltak i frykt for ein kommunistisk revolusjon i sine eigne land"<sup>146</sup> (Nasji 2005: 10–11). Nasji ser på revolusjonen som eit døme på russisk stordom og meiner at dette var ei tid då Russland sette dagsorden og var ein verdsleiar, jamvel når det kjem til verdiar som vert sett på som "typisk vestlege". Er det dette Nasji meiner med eit "optimistisk historiesyn"? Vidare skriv rørsla at "[d]et var nett Russland som sigra over Hitler i andre verdskrigene. [...] USA og Storbritannia, samt Frankrike, hjelpte oss i denne krigen"<sup>147</sup> (Nasji 2005: 11). Fyrst må det noterast at oppfatninga om at Russland, det vil seia SSSR, gjorde grovarbeidet under den andre verdskrigene er ganske vanleg i Russland. Når det

<sup>145</sup> Med Oktoberrevolusjonen kom kommunistane, bolsjevikane, til makta i Russland.

<sup>146</sup> Original: Только после того, как большевики реализовали эти меры в России, другие страны из страха перед коммунистической революцией в своих странах пошли на подобные преобразования.

<sup>147</sup> Original: Именно Россия победила Гитлера во второй мировой войне. [...] США и Великобритания, а также Франция, помогали нам в этой войне.

er sagt, er det interessant å leggja merkje til at sjølv det som hendte medan SSSR eksisterte, vert oppfatta som russiske eller Russlands bragder og heltedådar. Det ser ut som at *Nasji* ynskjer å presentera eit glansbilete av historia der ulike hendingar plukkast ut nett for å visa fram Russlands evne til stordom i fortida. Kan hende er det nett slik rørsla ynskjer å få gjennomslag for tanken om at ei stor framtid venter landet?

Vidare trekkjer *Nasji* fram to døme på modernisatorar i Russland, den fyrste er tsar Peter den Store og hans reformer, men ifylge ungdomsrørsla lukkast han ikkje heilt, av di landet etter kvart hamna i bakleksa igjen, samanlikna med Vesten. Den andre modernisatoren er bolsjevikane, som "førde Russland inn blant dei store industristormaktene, og symbolet på dette vart Jurij Gagarins erobring av kosmos"<sup>148</sup> (*Nasji* 2005: 14).<sup>149</sup> Som kjent møtte SSSR og seinare Russland på store problem på 80- og 90-talet, noko som ungdomsrørsla erkjenner. Den neste moderniseringsetappen vert å overkoma kløfta over til det postindustrielle samfunnet (*Nasji* 2005: 14). Igjen ser me at *Nasji* meiner at det er naudsynt med ei modernisering av landet. I den russiske historia er det mogleg å identifisera fleire moderniseringsetappar, både med Peter den Stores reformer som på mange område vestleggjorde den russiske eliten på byrjinga av 1700-talet, med Aleksandr den andres reformer på 1860-talet, mellom anna opphevinga av liveigenskapen, Stalins industrialisering på 1930-talet og Gorbatsjovs perestrojka på slutten av 1980-talet. "[T]hese different attempts at modernisation [...] have led to great transformations as well as major debates on Russia's future trajectory" (Krawatzek og Kefferpütz 2010: 1). Rørsla diskuterer òg framtida til Russland, i aller høgste grad, ikkje berre fortida.

Fleire ting er avgjerande for å få til ei modernisering, hevdar *Nasji*: Nasjonen skal må sterk og konkurransedyktig, staten må vera sterk og demokratisk, økonomien må vera sterk og effektiv. I 2010-manifestet skriv rørsla at den viktigaste oppgåva for dei neste fem åra, er å modernisera landet på grunnlag av den suvereniteten Russland har erverva i laupet av dei føregåande fem åra (*Nasji* 2010: 7). Dette skulle kunne tyda at suverenitet for *Nasji* tyder "økonomisk styrke", men det ligg nok meir i dette. Det kom i perioden 2005–2010 ingen blomerevolusjon til makta og med Putin i førarsetet har korkje opposisjonen eller oligarkane

<sup>148</sup> Original: [Большевики] ввели Россию в великие промышленные державы, символом чего стало покорение космоса Гагарином.

<sup>149</sup> Det bør noterast at *Nasji* innrømmer at det kommunistiske prosjektet i SSSR var eit tøft diktatur som kravde mange ofre. Eit symbol på dei mange ofra på moderniseringas altar, er tvangsarbeidet til millionar av menneske i sovjetiske konsentrationsleiar (*Nasji* 2005: 14). Her kan ein merkja seg at Gulag-leirane vert omtala som sovjetiske, medan det elles var ei modernisering av Russland, ikkje SSSR.

kome til makta. I tillegg til å modernisera Russland, er det, ifylgje rørsla, viktig å modernisera seg sjølv. Ein skal vera patriot, føda mange ungar, prøva å leve lenge. Dette er viktig for konkurranseevna til Russland. Rørsla vil stå klar for å hjelpe dei som er budde til å verta verdas beste innafor sine fagfelt, ha ei verdsleiande utdanning, har vilje til initiativ, anten dei vil byggja ein rombase på Mars, driva med genmodifisering eller vertikalt jordbruk (Nasji 2010: 10–14). Det er ikkje småtteri det er snakk om, noko som gjer at det er mogleg å trekka parallellar til dei tidleg- og førsovjetiske utopiane om ei lysande framtid for Russland. Dette vert tema i kapittel 4.4.

Er det mogleg å definera moderniseringa til *Nasji* som ei form for nasjonsbygging? Vera Tolz skriv at "nation-building can proceed only under certain political, social and economic conditions defined as modernization" (Tolz 2003: 6). Svaret på spørsmålet er ja. I kapittel 1.6 såg me at nasjonsbygging i prinsippet kan vera anten ei politisk nasjonsbygging, etter den franske tradisjonen, eller ei kulturell nasjonsbygging, etter den tyske tradisjonen. *Nasji* siktar, som lesaren nok har sett, ofte til dei russiske verdiane og liknande. Samstundes er det viktig at staten skal vera sterk. Slik sett kan det verka som om *Nasji* gjer som Ole Brum og seier "Ja takk, både delar" til spørsmålet om nasjonsbygginga skal gå føre seg etter det franske eller tyske prinsippet.

I kapittel 1.6 kom det fram at nasjonsbyggingsprosessen i Russland har støytt på ein del problem etter oppløysinga av SSSR. Tolz hevdar at den russiske statsbygginga har stått i vegen for den russiske nasjonsbygginga (Tolz 2003: 14–15). Kva er skilnaden på stats- og nasjonsbygging? Pål Kolstø definerer statsbygging som

"[...] the *hard* aspects of state construction. [...] It includes the establishment of frontier control, securing monopoly of coercive powers, on the state territory, putting into place a system for the collection of taxes and tolls, and so on. Nation-building, in contrast, concerns the *soft* aspects of state consolidation, such as construction of a shared identity and a sense of unity in a state's population, through education, propaganda, ideology, state symbols, and so on" (Kolstø<sup>B</sup> 2004: 8, originalens kursiv).

Hans Rogger skreiv i 1962 at medan dei europeiske statane bygde nasjonar der nasjonalismen medverka til å byggja bru mellom klasse- og religionskonfliktar, noko som førde til at innbuarane i stor grad forlikte seg med staten, skjedde ikkje dette i Russland. Grunnen til dette, ifylgje Rogger, var at i Russland hadde den territoriale konsolideringa vorte fullførd lenge før nasjonalismen vart ein viktig faktor for russarane. Denne konsolideringa førde ingen politiske rettar folket og inga varig kompromiss mellom staten og folket (Rogger i Tolz 2003:

13). *Nasji* ynskjer heilt klårt at staten skal vera sterkt. Dei ser ikkje ut til å vera særleg lystne på å inngå kompromiss med sine politiske motstandarar i og med at dei vert kalla fascistar. Med *Nasjis* forståing av suverenitet in mente, der suverenitet inneber langt meir enn å tryggja grensene til staten, kan det sjå ut som at rørsla fyrst og fremst ynskjer å byggja staten. Samstundes ynskjer dei å auka nasjonalbyrgskapen blant folk og ynskjer å få med seg flest mogleg på politikken sin. Det er vanskeleg å slå eintydig fast at *Nasji* driv på med statsbygging, men kan hende dominerer dette over nasjonsbygginga.

Moderniseringa må etter *Nasjis* syn, vera ei suveren modernisering. Det vil skapa eit fritt samfunn, eit demokratisk styre og ein effektiv økonomi i Russland. Land som ikkje har greidd å modernisera seg, har vorte koloniar. Somme land opplevde ei teknologisk og økonomisk utvikling, men måtte gjeva frå seg suvereniteten sin, til dømes Japan, Sør-Korea og Tyskland etter andre verdskrigen, samt Aust-Europa som hamna under SSSR (*Nasji* 2010: 5–6). Dersom Russland ikkje slår inn på moderniseringsautostradaen, vil landet kunne mista sjølvstenda. Slik knytast fiendebiletet, moderniseringa og idéen om suverenitet saman.

#### 4.3.4 Suverenitet

Å verna om suvereniteten er som nemnd ei hovudoppgåve for *Nasji*. Dette er naudsynt for å lukkast med moderniseringa. For å få til dette må ungdomen stå i mot unionen av liberalalar og fascistar (*Nasji* 2005: 38). Denne unionen er sett saman av dei som ikkje er samde med rørsla.<sup>150</sup> Frå 2005-manifestet til 2010-manifestet peiker ho på ei viktig måloppnåing: "Ivaretakinga av landets suverenitet ser me på som vår hovudsiger frå dei siste fem åra"<sup>151</sup> (*Nasji* 2010: 1). Ynsket om suverenitet fungerer hjå *Nasji* som ei grunngjeving for at Russland skal vera eit sterkt land. Dessutan kan eit sterkt land lettare stå i mot dei eksterne kreftane i fiendebiletet til rørsla. Samstundes kan suvereniteten knytast til idéen om den russiske Sonderweg. Berre under eit suverent styre, gjerne som ein global leiar, kan landet gå sin eigen veg, utan å måtte underkasta seg vestlege idéar. Dette er i sin tur knytt til den russiske messianismen som eg kjem attende til i kapittel 4.4.2.

<sup>150</sup> *Nasji* innrømer at liberaldemokratiske personar som sjakkspelaren Garri Kasparov og oligarken Boris Nemtsov ikkje er fascistar, men rørsla hevdar at denne gruppa menneske ser på utanlandsk styring av Russland som ein framgang, medan det for *Nasji* er eit nederlag. Likevel omtalast dei som fascistar av di dei ikkje er samde med rørsla.

<sup>151</sup> Original: Сохранение суверенитета страны мы считаем нашей главной победой последнего пятилетия.

Suverenitet er den høgste forma for makt ein kan ha. Det finst ingen styringsorgan over den suverene makta (Nasji 2005: 23). I kapittel 1.6 kom det fram at *Nasji* har ei vid forståing av kva suverenitet inneber. Eit land er suverent dersom det kontrollerer heile territoriet sitt, banksystemet, valutareguleringssystemet, dei væpna styrkane, spesial- og etterretningstenestane, regjeringspolitikken (som ikkje skal vera kontrollert av pengar eller idéar frå utlandet), nasjonale massemedia, infrastrukturen og økonomiske greiner som er viktige for statsbudsjettet. Mange av NATO-landa er ikkje suverene, hevdar rørsla. "[...] Polen, Tsjekkia, Ungarn og Slovakia [...] har overlate utanriks- og forsvarspolitikken til NATO og leiaren av NATO – USA [...]. Djen økonomiske politikken har dei overlate til EU-organa"<sup>152</sup> (Nasji 2005: 25). Ein kan jo spørja seg om det ikkje hadde vore betre å isolera seg, men då må me hugsa åtvaringa om isolasjon der *Nasji* trekkjer fram Japan på 1600-talet som eit skrekkeksempel på eit land som hamna i bakleksa. Men det å gjeva i frå seg suverenitet vil òg føra til nett det same. Rørsla skriv at dei landa som gjev i frå seg suverenitet, noko dei gjer med von om å betra levekåra og tryggleiken i landet, vil òg hamna i bakleksa (Nasji 2005: 26). Dimed er det berre éin veg å gå for *Nasji*: Russland må verta ei stormakt og for å få til det må landet gjennom ei kraftig modernisering og halda på suvereniteten sin.

Det at Russlands suverenitet er viktig for *Nasji*, hindrar ikkje rørsla å blanda seg inn i politikken til grannelanda sine. Rørsla hevdar at både det russiske språket og den russiske kulturen er under press både i Ukraina og Baltikum (Nasji 2005: 26–27). Kan hende er det dei patriotiske tankane på vegne av det russiske som gjer at omsynet til andre lands suverenitet ikkje er så viktig.

*Nasji* tek òg i bruk krigsretorikk, altså formuleringar som indikerer at Russland er i ein krigsliknande tilstand: "Å forsvara vårt lands suverenitet no, slik våre bestefedrar gjorde det for 60 år sidan, er vår generasjons oppgåve"<sup>153</sup> (Nasji 2005: 23). Her siktast det til Den store fedrelandskrigen og han er viktig i dagens Russland. Det russiske samfunnet er på mange vis fragmentert. Det finst ikkje så mange element, felles historiske minne, som kan skapa sosiale band eller ein ideologisk konsensus. Andre verdskrigen spelar ei nykelrolle for å skapa eit felles historisk minne (Laruelle 2012: 75). Det pågår det ein sterk dragkamp i Russland om

<sup>152</sup> Original: [...] Польша, Чехия, Венгрия, Словакия [...] свою внешнюю и оборонную политику передали НАТО и лидеру НАТО – США [...] [. Э]кономическую политику – органам Евросоюза.

<sup>153</sup> Original: Отстоять суверенитет нашей страны сегодня, как его отстояли наши деды 60-лет (sic!) назад, – задача нашего поколения.

tolkinga av historiske hendingar, ikkje minst i politiske debattar. Ved fleire høve spelar *Nasji* ut dette kortet. Det er tydeleg at dei freistar å skapa ein patriotisk konsensus for heile folket tufta mellom anna på dette felles historiske minnet om Den store fedrelandskrigen, eller andre verdskrigen. Ungdomsrørsla er svært varsam og vag når det kjem til andre verdiar og tradisjonar, men krigen nemnar dei fleire gongar. Eit døme på kor lite konkrete dei er finn me i 2005-manifestet: "Russland skal gå den demokratiske vegen og skal gjera det i samsvar med sine nasjonale interesser tufta på sine eigne nasjonale tradisjonar utan å til fordel for abstrakte prinsipp ofra interessene til borgarane sine: interessa for tryggleik, stabilitet og ein høg levestandard (Nasji 2005: 28). Korkje her eller andre stadar står det konkret om kva slags nasjonale tradisjonar det er snakk om. Kan hende er dei vase av di dei ikkje ynskjer å støyta nokon i frå seg. Det er alt lite å samlast om. Difor må ein brukta det ein kan og ein må nytta positive minne, men frå nyare tid er det lite å henta, jamfør kapittel 2.1.6. For *Nasji* ser det ut til at krigen er det sikraste kortet, samt det å unngå oligarkkapitalismen på 90-talet.

Slik eg forstår det, er kampen for suverenitet ein måte å uttrykkja at Russland bør gå sin eigen veg. Kampen om suverenitet ser ut til å vera retta mot at vestlege interesser får makt i Russland. Panslavisten Danilevkij hevda at alt som er negativt i Russland kjem opphavleg frå Europa (Krag 1932: 141–142). *Nasji* går ikkje så langt som Danilevkij, men dei gjev uttrykk for at Vesten og vestleg påverknad førde Russland ut i dei harde 90-åra, ei tid då suvereniteten til Russland var svekt. Ungdomsrørsla skriv at blomerevolusjonane både i Ukraina og andre stader var styrt utanfrå, av vestlege kreftar (Nasji 2005: 28). Danilevkij hevda at Vesten er prega trøngen til å påtvinga andres vilje og tru med makt (Krag 1932: 148). Tolz siterer Lenin som sa at det å importera vestlege idéar vil føra til at Russland vert utnytta av Vesten (Tolz 2003: 106). Fiendebiletet koplast på denne måten saman med trøngen for suverenitet og Vesten peikast ut som ein motstandar og eit hinder for at Russland kan gå sin eigen veg.

#### **4.3.5 Leiarskap**

Hjå *Nasji* er både suverenitet og modernisering knytt opp til omgrepet leiarskap.<sup>154</sup> Særleg i 2010-manifestet får dette uttrykket merksemd. Rørsla meiner at "[d]en globale verda skapar eit rom for global konkurranse, der du anten er ein leiar, ein som vert leia eller eit offer"<sup>155</sup> (Nasji 2010: 5). Ho ser altså på internasjonale relasjonar som eit spel med vinnarar og taparar.

---

<sup>154</sup> På russisk: лидерство. Transkribert: liderstvo.

<sup>155</sup> Original: Глобальный мир создаёт пространство глобальной конкуренции, где ты либо лидер, либо ведомый, либо жертва.

Geir Hønneland skriv at hans studiar av internasjonalt samarbeid i Nord-Europa<sup>156</sup> har overtydd honom om at russarar ser på internasjonal politikk som eit null-sum-spel: "What one state wins, other states loose. It will always be in a state's interest to harm other states, even without the prospect of actually gaining much from the exercise" (Hønneland 2010: 46). Eg meiner at dette er tydeleg òg hjå *Nasji*. Både dette med suverenitet, som for rørsla har ei svært vid betydning, og no leiarskap tyder på at ho fryktar for kva andre statar kan gjera med Russland. Dette er ei form for russofobi. Som eg var inne på i kapittel 4.3.2 og 4.3.4 vert til og med utanlands kapital uglesett, av di dette går på tvers av behova for suverenitet. Regjeringspolitikken skal ikkje vera kontrollert av idéar eller pengar frå utlandet, meiner *Nasji*. I tillegg må Russland verta ein leiar for å ikkje verta eit offer.

*Nasji* hevdar at dei landa som i si tid ikkje greidde å modernisera seg, vart i perioden frå 1500- til 1900-talet til europeiske eller amerikanske koloniar. På 1900-talet greidde nokon land, ifylgje *Nasji*, å modernisera seg, men dei måtte betala for dette med suvereniteten sin.<sup>157</sup> Dette hendte med Japan, Tyskland og Sør-Korea etter andre verdskrigen. Dei oppnådde økonomisk styrke, men måtte tola nærvær til den amerikanske hæren og flåten, skriv rørsla. Med Aust-Europa skjedde nett det same, berre at her var det SSSR som øvde påverknad fram til 1991, etterpå tok USA og EU-byråkratiet over (*Nasji* 2010: 5–6). Her er det interessant å merkja seg at det vert oppfatta som like negativt å avstå suverenitet til USA som til SSSR. For å ikkje lida same lagnad som døma over, må Russland velja det som *Nasji* kallar leiarskapsformularet,<sup>158</sup> ei tydeleg fylgje av synet på internasjonale relasjonar som eit null-sum-spel.

Fleire gongar tidlegare har Russland vald dette leiarskapsformularet, skriv *Nasji*. Både regjeringsstida til tsar Peter den Store, tsar Aleksandr den andre<sup>159</sup> og tsar Aleksandr den tredje,<sup>160</sup> samt SSSR-tida fram til 1970-talet reknast som døme på russisk modernisering, på initiativ frå den russiske staten, støtta av det russiske folket. Dette, hevdar *Nasji*, mogleggjorde bruken av leiarskapsformularet tre gongar: sigeren i 1945, ved å verta nummer

<sup>156</sup> Hønneland har hovudsakleg sett på samarbeid i Barentsregionen og gjennom Arktis råd.

<sup>157</sup> *Nasji* utdjupar ikkje kva dei meiner med dette. Kan hende er det snakk om teknologiimport og utanlandske investeringar dei siktar til.

<sup>158</sup> Original: формула лидерства.

<sup>159</sup> Tsar Aleksandr den andre (1818–1881) var son av tsar Nikolaj den fyrste. Han vart tsar i 1855, midt under Krim-krigen. For ettertida er han mest kjent for å ha oppheva liveigenskapen i 1861. Han vart drepen i eit terrorattentat i 1881.

<sup>160</sup> Tsar Aleksandr den tredje (1845–1894) var son av tsar Aleksandr den andre. Han vart tsar i 1881 og grunna drapet på faren ynskte han å setja ein stoppar for dei liberale kreftane i landet.

to i verda etter økonomisk storleik, og vera fyrste land til "[...] å opna vegen for menneskja ut i verdsrommet"<sup>161</sup> (Nasji 2010: 6–7). For det fyrste, dei tre siste døma viser til SSSR, som nok må seiast å ha vore eit anna land enn dagens Russland. Døma på moderniseringa under tsarane er òg frå ei anna tid. Dette tyder på at for *Nasji* er det ikkje noko prinsipielt skilje mellom Det russiske imperiet, SSSR og dagens Russiske føderasjon. For det andre, dette manifestet vart publisert to år etter at Medvedev tok over som president etter Putin, men rørsla trekkjer ikkje fram regjeringstida til Putin her. I staden skriv rørsla at det no er på tide å igjen velja leiarskapsformularet. Er dette ein indirekte kritikk av Putin og hans politikk? Kan hende, men samstundes skriv jo rørsla at dei støttar den politiske kurset til Putin, noko som kan tyda på at *Nasji* meiner at politikken til det sitjande regimet vil leia mot ei modernisering – på sikt.

"In Russia the claim to be recognized as a great power seems inseparable from national identity"<sup>162</sup> (Lo 2002 i Petersson 2013: 11). Dette er tydeleg hjå *Nasji* som mellom anna viser til at Russland har vald leiarskapsformularet fleire gongar i historia (Nasji 2010: 6–7) og at Russland må ta ein leiarposisjon i den pågåande globaliseringsprosessen (Nasji 2005: 5). Putin har uttalt at Russland anten kjem til å vera ei stormakt eller ikkje eksistira i det heile (Shevtsova 2003 i Petersson 2013: 11). Dette er tydeleg òg hjå ungdomsrørsla: For å kunne inntaka leiarposisjonen, må Russland verta meir konkurransedyktig, men "[d]ersom Russland tapar i konkurransen, kan det vera at [landet] kverv nett som Romerriket, Bysants og Det osmanske riket"<sup>163</sup> (Nasji 2005: 7). Ungdomsrørsla uttrykkjer tankar om Russland som ein berar av verdssivilisasjonen, ei bru mellom aust og vest, men understrekar at dette er berre mogleg dersom Russland vert eit sterkt land, noko *Nasji*-generasjonen skal syta for. Samstundes hevdar rørsla at dersom Russland ikkje vert sterkt, vil heile landet lida same lagnad som dei tre nemnde imperia. Vladimir Solovjov<sup>164</sup> uttrykte på andre halvdel av 1800-talet liknande tankar. Han meinte at det var avgjerande at Russland skulle unngå lagnaden til Bysants og gjennomføra det lagnadsbestemte målet med Russland: Nemleg å sameina Austen og Vesten. Rett nok for Solovjov var det aldri snakk om å skapa eit verdsimperium eller ein sterkt stat, men heller å etablera ein religiøs universalisme. For honom var det sentralt at

<sup>161</sup> Original: [...] открыть дорогу человечеству в космос.

<sup>162</sup> Stormaktstankane er gjerne knytte til slagorda *styrт demokrati* og *suverent demokrati*. I Vesten møter dei motstand i samtidia av di det trenden i dag peikar mot korleis staten kan styra mindre. Difor råder den vestlege oppfatninga av Russland som ein stat som har sett seg fast i historia og ikkje fylgjer med i tida (Neuman 2013: 35).

<sup>163</sup> Original: Если Россия проиграет в конкуренции, то она может исчезнуть подобно Риму, Византии, Османской империи.

<sup>164</sup> Vladimir Solovjov (1853–1900) var ein russisk religionsfilosof som ville sameina gresk-ortodoks, romersk-katolsk, protestantisk og russisk-ortodoks kristendom.

Russland ikkje skulle styra verda, men sameina henne (Østbø 2011: 68–69). *Nasji* ynskjer å sameina Austen og Vesten, men som me har sett ynskjer rørsla at Russland skal verta ein verdsleiar og har slik sett vidareutvikla tankane hjå Solovjov. Samstundes er det religiøse aspektet heilt borte. *Nasji* ynskjer i staden at dei russiske verdiane skal verta grunnlaget for den nye verdssivilisasjonen. Samstundes må det understrekast at rørsla ikkje uttrykkjer ynske om å styra verda. For henne er det mest sentrale at Russland skal verta ei stormakt.

Idéen om at Russland av natur er ei stormakt, er ikkje den einaste som dominerer den politiske diskursen i dag. Det finst òg ein idé om kvifor Russland så mange gongar i laupet av historia ikkje har lukkast med å realisera stormaktpotensialet sitt. Dei stadig tilbakevendande *urotidene*<sup>165</sup> skuldast økonomisk rot på grunn av svake leiarar og ein svak stat som er under påverknad av utanlandske krefter og interne opportunistar som konspirerer med utanlandske krefter, alt til same tid (Solovei 2004 i Petersson 2013: 11–12). Dei to idéane, eller mytane, lever av og byggjer på kvarandre. Putin har lenge prøvd å forfekta myten om Russland som ei stormakt, men samstundes skulda på myten om urotidene og i den samanheng trekt fram Jeltsin-epoken (Petersson 2013: 12). Ein liknande retorikk kjem klårt til syne hjå *Nasji*. Rørsla skildrar 90-talet som ein periode med oligarkkapitalisme og ei tid då vestlege krefter fekk innpass i Russland. I 2005-manifestet omtalar *Nasji* perioden 1985–2005 som ei tid som liknar Den store urotida (Nasji 2005: 33). For ungdomsrørsla er det særskilt viktig at Russland skal framstå som ei stormakt, både gjennom dei historiske døma, men òg ved å jobba for ein stormaktsstatus i framtida.

Ordet leiarskap nyttast òg om Vestens ideologisk, geopolitisk og økonomisk dominerande rolle, men den siste finanskrisa<sup>166</sup> tyder, ifylgje *Nasji*, på at "[v]erda berre har starta på nedturen frå dei amerikanske fjella"<sup>167</sup> (Nasji 2010: 8). Det skin igjennom at *Nasji* ser føre seg at no er det Russlands tur til å gripa roret fatt og føra skuta inn i framtida. Som nemnd kjem Messias korkje frå aust eller vest. *Nasjis* generasjon av praktiske drøymarar må sjølv skapa det nye *homo russikus*. Det utopiske i dette er tema for neste delkapittel.

<sup>165</sup> Omgrepet *urotid* nyttast i fyrste rekke om tida frå då Rurik-dynastiet døydde ut med tsar Fjodor i 1598, son av Ivan den Grusame til då Romanov-dynastiet tok over i 1612. I denne tida marsjerte bondeflokkar mot Moskva, fleire stod fram som tronarvingar, men vart avslørte som svindlarar, svenskane gjekk inn i Novgorod og polakkane härtok Moskva. Denne tida kallast gjerne *Den store urotida* eller *Smuta* (Kolstø 2008: 26).

<sup>166</sup> Manifestet vart publisert i 2010 og det er truleg finanskrisa som byrja i 2008 det visast til.

<sup>167</sup> Original: Мир только начинает спуск с американских горок.

## **4.4 Nasji og førestillingar om eit utopisk samfunn**

Hjå *Nasji* finst det idéar og tankar som er vanskelege å kategorisera, men eg har vald å bruka nemninga "utopi". Kva er så ein utopi? Ein utopi er både ein indirekte kritikk av det noverande og eit von og ei lengt etter noko betre i framtida (Mørch 1997: 11). Rørsla kritiserer i aller høgste grad notida, i alle fall dei delane av samfunnet som er kritiske til Putin og dei elementa som førde til økonomisk kaos etter 1991, då SSSR kvarv. Ho viser òg stor framtidstru, som me alt har sett fleire stader. Denne framtidstrua har mellom anna vorte kategorisert som ein del av den slavofile arva og trua på Russlands Sonderweg. Samstundes må me hugsa på at manifesta til *Nasji* på mange vis er to politiske program og alle slike dokument inneheld vel ei viss form for utopi og von om at dersom måla vert nådde, vil alt verta så mykje betre. Likevel meiner eg at somme av *Nasjis* lovnader er noko meir enn vanlege politiske mål og difor meiner eg at omgrepene utopi kan passa.

### **4.4.1 Utopi i russisk historie**

Det russiske samfunnet har minst éin gong tidlegare vore prega av utopiske idéar. I åra etter 1917-revolusjonane kom industrialiseringa for alvor i gang, ein prosess som "would transform Russia into a paradisiacal landscape, socialist principles would give birth to a new Adam" (Ehre 1991: 601–602). *Den nye Adam* er her ei meir poetisk formulering av omgrepet *homo sovjeticus* som me allereie har vore innom. Russland har sidan Gorbatsjovs perestrojka på andre halvdel av 1980-talet vore gått gjennom store brigde på mange vis. Den prosessen har kan hende ikkje stilna heilt, dersom me tek omsyn til dei mange demonstrasjonane i Russland i samband med presidentvalet i 2012 der Putin tok over embetet til Medvedev og byrja på sin tredje presidentperiode. Avdøde professor i slavisk språk og litteratur Milton Ehre ved universitetet i Chicago har argumentert for at revolusjonære epokar gjev opphav til utopiar (Ehre 1991: 601). Omveltingane sidan 1985 kan omtala som revolusjonære i innhald og resultat, men ikkje i form. Likevel meiner eg at det er grunn til å skildra tida etter 1985 som ei tid då utopiar kunne komma til synes i tråd med Ehres fråsegn. *Nasji*, som vart skipa i 2005, vil dimed vera ein del av denne omveltingsepoken i dagens Russland.

Utopien er òg ein del av den russiske nasjonsbygginga. Richard Stites, professor i russisk historie, skildrar byrjinga av 1900-talet i Russland slik: "Utopianism hovered like a religious aura over a land that was cutting its ties with the old faiths, a glowing myth in a landscape of darkness and struggle" (Stites 1989: 10). Nett som tida etter 1985, var òg byrjinga av 1900-

talet ein periode med store omveltingar i Russland. I både tilfella skulle nye verdiar erstatta dei gamle, først ved å innføra kommunismen, seinare ved å kvitta seg med honom.<sup>168</sup> No freistar Nasji på noko av det same: erfaringane frå 90-talet vert avfeia som oligarkkapitalisme, no må ein sjå framover, meiner Nasji, byggja landet og velja leiarskapsformularet, til dømes i påstanden om at "[landet] ikkje skal gå opp i eksamen i demokrati føre utanlandske professorar"<sup>169</sup> (Nasji 2005: 28). Her viser rørsla 90-talet der ein lèt vestleg ekspertise i stor grad påverka landet. Det må seiast at Nasji ikkje vil kasta heile 1990-talshistoria på skraphaugen, men dei delane av henne der ein ikkje har teke omsyn til det russiske og særlege russiske tilhøve.

#### **4.4.2 Sonderweg, ein utopi om Russland som ein verdsfrelsar**

I kapittel 4.2.4 tok eg opp *Nasjis* tankar om ein russisk Sonderweg. Rørsla skriv om kva stilling ho ser føre seg for Russland i den moderne verda: "I det 21. hundreåret vil Russland verta ei bru som til eitt heile skal sameina økonomien og kulturen til planeten vår"<sup>170</sup> (Nasji 2005: 17). Vidare: "Russland er eit senter for sameininga av verdas sivilisasjonar. austleg og vestleg kristendom, jødedomen, islam, buddhismen; alt har møttes i Russland"<sup>171</sup> (Nasji 2005: 17–18). Ikkje berre skal Russland gå sin eigen veg, landet ser ut til å bera Jordas lagnad på akslene sine, nesten som ein verdsfrelsar eller Messias. Her gjev Nasji uttrykk for Russlands spesielle rolle i verda, som kan sjåast på som ein variant av den russiske Sonderweg. Samstundes meiner eg at dette er uttrykk for utopisme.

Denne idéen er rett nok ikkje ny. Tanken om at russarane er eit utvalt folk stammar frå ei oppfatning om at Russland er arvingen til Bysants. Dette har mellom anna kome til uttrykk i førestillinga om Moskva som Det tredje Rom. Bysants var Det andre Rom. Mytane fortalte at det ikkje ville verta noko fjerde rom av di ortodoksiens<sup>172</sup> ikkje kunne møta slutten føre Kristi oppstode. "Det blev fortalt – og trodd – at selve apostelen Andreas hadde forkrynt evangeliet i Russland, velsignet høiene ved Kiev og forutsagt at i dette land skulle den sanne tro blomstre" (Krag 1932: 12). Berdjajev skriv at nest etter jødane er russarane det folket som er mest prega

---

<sup>168</sup> Det er ei overforenkling å seia at SSSR var eit kommunistisk regime heilt fram til 1991.

<sup>169</sup> Original: [Страна] не намерена сдавать экзамен на демократию иностранным профессорам.

<sup>170</sup> Original: В XXI веке Россия станет мостом, объединяющим в единое целое экономику и культуру нашей планеты.

<sup>171</sup> Original: Россия – центр объединения мировых цивилизаций. Восточное и Западное Христианство, Иудаизм, Ислам и Буддизм – всё сошлось в России.

<sup>172</sup> Ortodoksi betyr "rett lære". På russisk nyttast omgrepene *pravoslavnyj*, som betyr "dei rettarande", altså: dei som ærer Gud på riktig vis.

av den messianske idéen.<sup>173</sup> Det er snakk om et religiøst kall som "er av eksklusiv karakter, og er knyttet til den russiske statens kraft og velde, hvor den russiske tsaren spiller den avgjørende rollen. Den imperialistiske fristelsen er en del av den messianske bevissthet" (Berdjajev 2012: 32–33). Opphavleg var dette knytt til ortodoksen, men *Nasji* ser ut til å ha overført messianismen til moderne tid. Eg meiner det er grunn til å setja tanken om russarane som eit utvald folk i samband med Nasjis kraftpatriotisme, jamfør kapittel 4.3.1.

Hjå *Nasji* er det ikkje den russiskortodokse kristendomen som skal redda verda, men meir truleg dei russiske verdiane eller den russiske folket i form av det som *Nasji* kallar "vår generasjon" i eit sterkt Russland. I 2010-manifestet skriv rørsla at "Messias vil korkje koma frå Vesten eller Austen. Det betyr at me er nøydde til å sjølve tenkja ut og skapa framtida vår"<sup>174</sup> (*Nasji* 2010: 8). Dette er igjen eit uttrykk for at ho ser føre seg ein russisk Sonderweg og kan hende leikar dei her med oppfatninga av Russland som eit utpeikt folk. Det kan verka som om *Nasji* meiner at ingen andre kjem til å frelsa russarane og Russland. Difor må dei sjølv stå for frelsinga og det skadar kan hende ikkje å ta med seg resten av verda i tillegg. Dette er ikkje eineståande for *Nasji*. Professor ved Institutt for utdanning på Det teknologiske universitetet i Kazan' Gulnara Khasanova har gått igjennom fleire historiebøker og funne fråsegn om at Russland inneheld ei spesiell stad i verdshistoria, at fortidas og notidas hendingar i Russland vil påverka lagnaden til alle verdas folk (Khasanova 2004: 277). Det at historiebøkene inneheld slike bodskap, tyder på at desse idéane er høgst levande i det russiske samfunnet, noko som kan forklåra kvifor dei kjem til uttrykk hjå *Nasji*.

Berdjajev hevdar at både idéen om Moskva som Det tredje Rom og Den tredje Internasjonale er knytt til den russiske messianismen, men på ein forvrengt måte. Russland er ikkje eit imperialistisk land, hevdar han, slik Den tredje Internasjonale skulle kunne tyda på (Berdjajev 2012: 291). Er *Nasjis* idéar og ynske for framtida eit vrengebilete av den russiske messianismen? Rørsla ynskjer klårt at russiske verdiar skal spreia omkring i verda og at Russland skal verta ei stormakt. Det vil gjera det lettare for Russland å få gjennomslag for sine saker og dimed vil kan hende dei russiske idéane få eit større nedslagsfelt, noko som er ynskjeleg for *Nasji*, slik eg forstår dei. Suvereniteten og messianismen ser ut til å smelta saman hjå rørsla, av di hennar Sonderweg er det suverene demokratiet som skal føra til at

<sup>173</sup> Dette skulle tyda på at dette ikkje er ein typisk slavofil eller typisk vestvendt idé, han er rett og slett typisk russisk, skal me tru Berdjajev.

<sup>174</sup> Original: Мессия не придет ни с Запада, ни с Востока. А значит – своё будущее мы должны придумать и создать сами.

Russland vel leiarskapsformularet og inntek ein førande posisjon i vera. Dette skal gjera landet i stand til å bera lagnaden til heile verda.

Ein kan her spørja seg om kvifor myten om ei strålande framtid står så sterkt i Russland og russisk idéhistorie, noko som òg skin gjennom i manifesta til *Nasji*. Audun Johannes Mørch skriv at det finst lite kunnskap om korleis den førkristne trua arta seg i Russland. Den russiske myten har vorte kopla saman med den bibelske myten og peiker mot ei tid der Russland vert ein leiar blant alle verdas nasjonar og ein verdsfrelsar (Mørch 1997: 3). Det er utan tvil noko utopisk i dette, dersom me skulle stø oss til definisjonen av ein utopi gjeven tidegare i dette kapittelet. Denne typen tankar er svært tydeleg til stades hjå *Nasji*. Til dømes, som eit ledd i moderniseringa, ynskjer rørsla at lesaren detaljert skal sjå føre seg framtida som han eller ho søker imot og korleis vedkomande ynskjer at Russland skal vera om ti år (altså kring år 2020) (Nasji 2010: 7). Ynskjer *Nasji* å skapa nye utopiar om framtida i tillegg til å fremja dei eksisterande utopiane?

#### **4.4.3 Nasjis generasjon, eit *homo russikus***

I 2010-manifestet legg *Nasji* fram ei rad døme på yrkesnemningar som ungdom bør søkja seg inn mot. Både rombaseomvisar, nanomedisinlar, klimastyrar og forskar på å løysa problemet med dauden nemnast som fornuftige yrke. Nett denne gruppa menneske er 'våre'<sup>175</sup> (Nasji 2010: 9–10). For å finna liknande tankar, må me henta fram ein noko obskur bibliotekar som ved namn Nikolaj Fjodorov.<sup>176</sup> Han var lite akta i samtida si, men seinare har både Fjodor Dostojevskij, Lev Tolstoj og andre uttrykt stor ovundring for honom. Hovudidéen til Fjodorov var å gjera naturen underordna mennesket. Han var ein sterk tilhengjar av vitskap og teknikk, mellom anna meinte han at ein burde ikkje berre passivt venta på oppstoda til mennesket, men løysa spørsmålet vitskapleg (Berdjajev 2012: 281–282). I tillegg til økonomisk og (geo)politisk leiarskap, er, som me har sett, teknologisk leiarskap viktig for *Nasji*. Fjodorovs tankegang kan òg identifiserast hjå dei tidlege sovjetleiarane som ynskte at maskinene skulle sigra over naturen (Stites 1989: 52). Kven står bak maskinene? Mennesket. I tillegg kjem det teknologiske aspektet inn.

---

<sup>175</sup> Her nyttast på russisk ordet *nasji* som betyr "våre", det same som namnet på rørsla.

<sup>176</sup> Nikolaj Fjodorov (1828–1903) var ein russisk bibliotekar og tenkjar som meinte at oppgåva til mennesket var å få naturkreftene til å tena menneskja.

For Fjodorov var det endelege målet å leggja naturen under mennesket på alle plan og i siste instans gjera mennesket til herre over dauden (Berdjajev 2012: 283–284). Som nemnt finn me dette att òg hjå *Nasji*. Både det å skapa ein russisk base på Månen eller gjera Russland verdsleiande på genmodifisert matvarer og vertikalt jordbruk, fremjast av *Nasji* som naudsynte og fornuftige mål (Nasji 2010: 14). Dei utopiske tankane kjem sterkt til syne.<sup>177</sup> Berdjajev meiner at Fjodorov var typisk russisk mellom anna med si djupe interesse for alles ansvar for alle, for felles frelse og oppstode (Berdyaev 1950: 124–125). Rørsla kan med andre ord ha funne inspirasjon andre stader enn hjå Fjodorov, men Berdjajev meiner at idéane til denne bibliotekaren karakteristiske for Russland. Slik sett kviler *Nasji* på ein historiskutopisk arv som hjå den russiske ungdomsrørsla kjem til syne i ei litt meir moderne form.

Det at *Nasji* vil skapa ein generasjon av praktiske drøymarar<sup>178</sup> kan minna om prosjektet med å skapa *homo sovjeticus*. Rørsla ynskjer å skapa eit slags nytt fellesskap, eit fellesskap som skal arbeida i lag til det beste for Russland og leia landet inn i ei vonefull og lysande framtid. Professor i litteratur Elana Gomel ved universitetet i Tel-Aviv skriv at *homo sovjeticus*, sovjetborgaren, skulle vera ein motsetnad til nazistenes *übermensch*. Sovjetaren skulle vera både overmenneskeleg og gjennomsnittleg, han skulle vera både betre enn og det same som ein gjennomsnittleg person (Gomel 2004: 358–359). *Nasji* søker utan tvil noko nytt og betre blant borgarane i Russland. Rørsla ynskjer at "vår generasjon" skal verta leiarar, stå for modernisering, føra Russland til noko stort, verda verdsleiande innan sine felt og så vidare. Det å vera blant dei beste i verda, er nok ikkje mogleg for alle, berre nokre få, men *Nasji* ser ut til å meina at dette bør ein få til, samstundes som at dei ikkje prøver å utpeika sin generasjon av praktiske drøymarar til noko spesielt, dei skal altså vera gjennomsnittlege. Det er nett denne framtidige drøymegenerasjonen som eg vil kalla *Nasjis homo russikus*, ein generasjon som ifylgje ungdomsrørsla skal rusta seg for framtida og føra Russland opp og fram, til ein ny stordomsæra.

Fjodorov meinte at idéen om Det tredje Rom var sentral. Han meinte betydde konseptet ei framtidig sameining av menneskja (Østbø 2011: 69–70). Kan hende skal *Nasji*-generasjonen spela ei samlande rolle for menneskja i framtida? På dette punktet er ungdomsrørsla ikkje

<sup>177</sup> Samstundes skal me vera varsame med å avfeia dette som reine utopiske spekulasjonar. Ingen veit kva framtida bringer og det er ikkje umogleg at vitskapen ein dag utvikler eit "botemiddel" mot dauden. Likevel er vel dette å oppfatta som såpass usannsynleg at det kan seiast at *Nasji* her sirkulerer kring utopiske tankar.

<sup>178</sup> Original: Поколение прикладных мечтателей.

direkte, men dersom Russland, styrt av drøymegenerasjonen, skal spela ei sentral rolle i sameininga av Austen og Vesten i framtida, vil det kunne innebera at *Nasji* ser føre seg noko av det same som Fjodorov, men Jardar Østbø ved Universitetet i Bergen skriv at Fjodorov var sterkt oppteken av den russisk-ortodokse kristendomen (Østbø 2011: 69), noko rørsla ikkje tek opp i stor grad, som me alt har sett.

Førre gong dei utopiske tankane var sterkt til stades i Russland, på byrjinga av 1900-talet, vart mange politiske idéar uttrykte gjennom litteraturen, grunna politisk sensur (Mørch 1997: 3–4). Difor meiner eg at det ikkje er bortkasta å trekkja fram eit lite døme frå den rikhaldige russiske litteraturen og då gjerne frå ein forfattar som *Nasji* sjølv meiner er eit døme på den rike kulturelle arva til Russland, nemleg Mikhail Bulgakov.<sup>179</sup> I eitt av verka sine, *Hundehjertet: En uhyrlig historie*<sup>180</sup> frå 1925, møter me professor Preobrazjenskij som driv med mange eksperiment, mellom anna forynging og gjenoppvekking av dei daude. Han vekkjer mellom anna til live eit menneske ved å transplantera eit hundehjarta inn i kroppen på dette mennesket. Assistenten hans bryt ut etter den vellukka operasjonen: "Professor Preobrazjenskij, De er ein skapar"<sup>181</sup> (Bulgakov 2001). Poenget her er ikkje å koma med ei djup litterær analyse, berre visa at dei utopiske idéane var høgst levande i det russiske samfunnet då boka *Hundehjertet: En uhyrlig historie* vart skiven. Professor i moderne litteratur og kultur ved Universitetet i Richmond Yvonne Howell skildrar professor Preobrazjenskij som ein eugenikar<sup>182</sup> som ynskjer å skapa ein ny type menneske (Howell 2006: 545) og det freistar vel òg *Nasji* på, men ikkje i ein like medisinsk forstand som hjå Bulgakov.

---

<sup>179</sup> Mikhail Bulgakov (1891–1940) var ein russisk forfattar, utdanna lækar. Den mest kjente romanen hans er *Mesteren og Margarita* frå 1966–1967 (omsett til norsk av Erik Egeberg). Han reknast i dag som ein av dei fremste prosaforfattarane frå 1900-talet.

<sup>180</sup> Original: *Собачье сердце* (transkribert: *Sobatsjje serdtse*). Omsett til norsk av Erik Egeberg.

<sup>181</sup> Her skal det seiast at denne fråsegna har ein del komplikasjonar ved seg. Namnet "Preobrazjenskij" betyr noko i nærleiken av "forvandling", men på russisk er dette òg eit uttrykk frå teologien om *Kristi forklåring*, der Jesus omtalar seg som Guds son. Når assistenten kallar professoren for ein skapar, går det på tvers av all kristen lærer som seier at det finst berre éin skapar. Trass i at boka er skiven i ei tid der kristendomen ikkje hadde nokon offisiell plass i samfunnet, er det grunn til å tru at Bulgakov ikkje har vald etternamnet til professoren tilfeldig og at han mest truleg har visst at dette òg er eit uttrykk frå teologien. Professor Preobrazjenskij vert ein slags Gud som kan leika med lagnaden til menneske og avgjera kven som får leva og kven som ikkje får det. Når det er sagt, er ikkje boka korkje ei utvitydig støtte eller ein protest mot dei utopiske idéane i samtida.

<sup>182</sup> Eugenikk: Forsök på å betra helse og/eller intelligens for å minska menneskeleg liding og for å bedra samfunnet (Store norske leksikon 2012<sup>C</sup>).

## 5.0 Oppsummering

Denne masteroppgåva har hatt som mål å avdekkja dei idéhistoriske tradisjonane som ungdomsørsla *Nasji* kviler på ved hjelp av ei kvalitativ teksttolking av dei to manifesta som rørsla har publisert på sin eigen nettstad. Den retoriske analysen har hatt som mål å undersøkja kvifor *Nasji* argumenterer på den måten rørsla faktisk argumenterer. Oppgåva har freista å gjeva innhaldet i manifesta ein kontekst ved å teikna eit omriss av utviklinga i Russland etter 1985 og med eit særleg fokus på regimet slik det utvikla seg under president Vladimir Putin. Hans politiske kurs er høgt akta av *Nasji*. I tillegg har det vore naudsynt med ein breiare presentasjon av rørsla i form, struktur og framferd. Denne oppsummeringa vil bringa fram dei viktigaste funna i alle dei føregåande kapitla.

### 5.1 Om historia og rørsla

I kapittel 2 kom det fram at økonomien i SSSR byrja å skranta. Då Mikhail Gorbatsjov kom til makta i 1985, ynskte han å visa effektiviteten til Kommunistpartiet ved å betra dei økonomiske tilhøva. Dei økonomiske reformene og det som fylgte, skulle få namnet *perestrojka*. Dette vart jamvel namnet på heile perioden frå 1985 til 1991. Trass i reformviljen, vart ikkje økonomien betre og mange byrja etter kvart å murra om at Gorbatsjov ikkje gjekk langt nok, mellom andre Boris Jeltsin som vart den fyrste presidenten i eit postsovjetisk Russland.

1990-talet vart ein periode som byrja med optimisme og tru, men, litt overforenklande sagt, enda med økonomisk og politisk kaos og håpløyse. Grunnlova som vart skiven, vart skiven av presidenten og hans støttespelarar, utan at parlamentet fekk vera med i prosessen. Det var altså slik at bukken passa havreskennen, noko som har gjeve presidentembetet i dagens Russland stor makt. Gjennom heile 90-talet var inflasjonen jamt høg, noko som gjorde livssituasjonen til folk flest svært vanskeleg. I tillegg sokk respekten for lovar og reglar på ei tid då statens valdsmonopol var svekt. Undersøkingar syner at russarar flest hugsar Jeltsin-tida som ei tid då samfunnet på mange vis var på veg til å gå i oppløysing. Nett denne perioden fekk omgrepa marknadsøkonomi og demokrati ei negativ tyding for mange.

Tida etter 2000 har vore prega av ein økonomisk opptur, i alle fall fram til 2008, då ei finanskrisje igjen førde til problem. Den økonomiske oppturen gav Putin stor popularitet i lag

med at han tok opp kampen mot oligarkane, som mange meinte hadde skaffa seg store rikdomar på uærleg vis. Putin la seg ikkje ut med alle oligarkane, berre dei som var regimekritiske. Patriotisme vart sentralt og regimekritikk vart sett på som upatriotisk. Putin gjorde mykje for å styrkja sentralmakta, som gjennom heile 90-talet var relativt svak. På slutten av 90-talet meinte dei fleste kommentatorane at den russiske sentralmakta måtte styrkjast, medan det etter Putins to fyrste periodar herska ei oppfatning av at demokratiet hadde vorte innskrenka.

Det vart innførd nye lover om val og politiske parti. Desse fremja fordelar for store parti. Samstundes dukka det opp fleire maktparti. Deira hovudfunksjon var å vera støttespelaren til presidenten i nasjonalforsamlinga sentralt og parlamenta lokalt. I tillegg fekk presidentadminstrasjonen stadig meir makt. Han dupliserer mange statlege og demokratiske funksjonar, organ og institusjonar, men står ikkje til val, er vanskeleg å få innsyn i og har minimal rapporteringsplikt. På sett og vis kan presidentadminstrasjonen skildrast som ei skuggeregjering. Dette og meir til har opna for bruken av omgrep som styrt demokrati, putinisme og ovanifråstyrt demokrati der det demokratiske elementet, i somme tilfelle, ikkje utgjer mykje meir enn nokre bokstavar på eit papir. Dei autoritære tendensane er langt tydelegare enn dei demokratiske.

Kapittel 3 tok føre seg *Nasji* på eit meir overordna plan. Rørsla vart offisielt skipa våren 2005. Rørsla var meint å skulle hindra ein blomerevolusjon i Russland og vera ein støttespelar for Putin og hans politiske kurs. Ho tok i bruk verkemiddel som tidlegare hadde vorte nytta under Oransjerevolusjonen i Ukraina, men i staden for å støtta opposisjonen, støtta ho det sitjande regimet. Ho brukte med andre ord ei opphavleg opposasjonell uttrykksform til å støtta styresmaktene. Det finst ingen formelle band mellom Kreml og *Nasji*, men mykje tyder på at rørsla vart finansiert av Kreml, anten direkte eller indirekte via statlege fond. I tillegg er det tette politiske band mellom sentralstyresmaktene og ungdomsrørsla.

Kor stor rørsla eigentleg er, har det vore vanskeleg å få på det reine. Det finst inga medlemsliste og aktivistane, stort sett i alderen atten til tjue år, kjem og går som dei vil. Mykje tydar på at rørsla er eit slags nettverk med ei gruppe kjerneaktivistar som kan mobilisera ei stor mengde meir perifere aktivistar når det trengs, til dømes ved store demonstrasjoner som har samla mange tusen aktivistar i Moskva, mellom anna. Ting kan tyda

på at rørsla har ein del aktivistar som ikkje er særleg lojale, då det er kjent at mange har fått materielle gode for å vera med på demonstrasjonane.

I 2008 vart rørsla omorganisert og gjekk over til prosjektarbeid. Mange lokalkontor vart lagt ned. Rykte skal ha det til at dette hendte som fylgje av at Kreml ynskte å kvitta seg med *Nasji*. Rørsla heldt likevel fram med å eksistere fram til 2013, då det igjen kom fram opplysningar om at ho skulle gjennomgå brigde og døypast om til Det allrussiske ungdomsforbundet. Seinare forsking vil kunne avdekkja kva lagnaden til *Nasji* vert.

## 5.2 Frå manifesta: Om russisk stordom

Ein meir omhyggjeleg gjennomgang av funna frå kapittel 4 vil vera på sin plass. Fyrst såg eg på korleis det er mogleg å plassera innhaldet i manifesta i høve til tankar om Russlands eigenart og trong til å utvikla seg på ein spesiell måte, Sonderweg, men det var òg eit siktemål å identifisera vestvendte eller slavofile trekk ved manifesta. Nokre slavofile idéar fann eg, mellom anna tanken om at Vesten hadde nådd sitt høgdepunkt, ein tanke som skriv seg bak til mellom andre panslavisten Nikolaj Danilevskij. Dessutan er det mogleg å identifisera ein kollektiv ånd i manifesta. Innbyggjarane i Russland skal, ifylgje *Nasji*, ikkje berre gjera ting som er til personleg nytte, men noko som samstundes gagnar fellesskapet. Idéhistorikaren Nikolaj Berdjajev har argumentert for at den kollektivistiske tankegangen er typisk for russarane. Det at ungdomsrørsla hyllar tsar Peter den Store kan leia tankane inn på Den offisielle nasjonalismen frå 1840-talet, men det er meir truleg at den positive oppfatninga av denne tsaren skuldast at han var ein tsar som ifylgje rørsla var med på å gjera Russland til ei stormakt.

Det som glimrar med sitt fråvere i både manifesta er tankar rundt stillinga til den russiskortodokse kyrkja. Dei slavofile på 1800-talet meinte at ortodoksien hadde ein sentral plass i Russland, der folk og kyrkje utgjer éi eining, men hjå *Nasji* er det stilt omkring dette og difor er det vanskeleg, ja om ikkje umogleg, å klassifisera ideologien til *Nasji* som slavofili. Årsaka til at rørsla ikkje nemner den russiskortodokse kristendomen spesielt kan skuldast ei frykt for å støyta andre religionar frå seg. *Nasji* legg nemleg stor vekt på at det er ein fordel at Russland er eit multikulturelt og fleirreligiøst samfunn. Rørsla meiner at det er sentralt å halda landet samla og unngå etnisk og religiøs separatisme.

Analysen i kapittel fire synte at det er vanskeleg å finna klåre døme på vestvendt tenking hjå *Nasji*. Det einaste teiknet er at rørsla ikkje er viljig til å gå bort ifrå marknadsøkonomien og dei andre vestlegliberalistiske reformene som vart gjennomførde på 1990-talet. Dette meiner eg er heller ein aksept av dei politiske realitetane enn vestvendt tankegang.

På fleire punkt kjem det fram at *Nasji* ser føre seg ein russisk Sonderweg, men truleg ved at Russland fylgjer Vesten for seinare å gå forbi. Det er mogleg å setja dette i samband med Aleksandr Herzens idé om at Russland kan verta som Vesten, om ikkje betre for deretter å "læra honom ei lekse". Dette er mindre knytt til vestvendte idéar, men hjå *Nasji* ser denne tanken ut til å vera knytt til den russiske messianismen i sterk grad. Rørsla meiner til dømes at Russland skal verta verdsleiande innafor felt som økonomi og teknologi, på kulturelle verdiar og politiske felt, men ikkje ved å isolera seg. I staden hevdar rørsla at det er heilt naudsynt at Russland tek del i globaliseringa, ein prosess rørsla hevdar at Vesten og USA har vore leiari til no. Ho ynskjer å gjera Russland konkurransedyktig gjennom det rørsla kallar ei suveren modernisering innafor rammene til det suverene demokratiet. Målet til rørsla på vegne av Russland er at landet skal verta eit knutepunkt, om ikkje ein leiar for heile verdskulturen og verdsøkonomien. Dette punktet er særleg tydeleg i 2005-manifestet. Dette er ingen tvil om at *Nasji* ser føre seg eit sterkt og mektig Russland i framtida. Dette meiner eg kan samanliknast med det Berdjajev omtalar som den imperialistiske freistunga og det vart vist til at denne freistunga er ein del det messianske medvitet der Russland står fram som ein verdsfrelsar. Dette er ein del av tankane om Moskva som Det tredje Rom og messianismen.

*Nasji* gjev uttrykk for det eg omtalar som kraftpatriotisme. Dette kjem til syne på fleire vis, mellom anna i 2010-manifest der det hevdast at god helse er ikkje berre eit gode for individet, men òg for heile nasjonen. Det at alle tek vare på helsa si, vil gjera Russland sterkare, hevdar rørsla. Dette kan òg skildrast som slavofil kollektivisme. Kraftpatriotismen kjem òg til uttrykk i form av skarp språkbruk mot meiningsmotstandarar. Dei som ikkje er for Putin, vert omtala som fascistar. Kraftpatriotismen kan definerast som ein type nasjonalisme og i kapittel 4 kom det fram at den russiske nasjonalismen må oppfattast som eit studium av den russiske Sonderweg. Slik sett kan det sjå ut til at ungdomsrørsla forsøker seg på nasjonsbygging, men hennar fokus på betydinga av Russland som ein sterk stat kan definerast som statsbygging. Samstundes freister rørsla å byggja opp ein nasjonalbyrgskap og skapa felles minne om Russland som ei stormakt ved å visa til døme på tidlegare russisk stordom.

Med til kraftpatriotismen høyrer *Nasjis* fiendebilete, somme gongar formidla ved noko åla krigsretorikk. Fiendane av Russland er både dei som ser ein fare i at Russland styrkjar seg, dei som berre tenkjer på sitt eige ve og vel, import av vestlege idéar og utanlandske investeringar som fører til tap av økonomisk suverenitet. Dette har eg identifisert med det som allereie av Danilevskij vart omtalt som russofobi. Han meinte at folk i Vesten er redde for Russland og ynskjer å svekkja landet. *Nasji* ser ut til å vera av same oppfatning. Om frykta faktisk eksisterer er ikkje relevant. Rørsla ynskjer å skapa eit inntrykk av at somme fryktar Russland og særleg eit sterkt Russland. Dette grepet nyttar rørsla for å forsvara ideologien sin. Krigsretorikken uttrykker tankar som til dømes at det no er på tide å forsvara landet slik som forfedrane til dagens russiske ungdom gjorde det under Den store fedrelandskrigen. Importen av vestlege idéar knytast både til erfaringane frå 90-talet, men òg til blomerevolusjonane, som ifylgje *Nasji* vart kontrollert av utanlandske kreftar.

Russofobien til *Nasji* heng truleg saman med eit tradisjonell oppfatning av verdspolitikk som eit null-sum-spel. Dette leier rørsla til å argumentera for at Russland må vera sterkt slik at landet kan inntaka ei leiarrolle i verda. Landet må, ifylgje rørsla, vera sterkt for å unngå å mista suvereniteten sin eller kverva. Difor må Russland vera sterkt, ein stormaktstanke som lenge har vore sentral i nasjonalidentiteten til landet. Dette er tydeleg hjå *Nasji* som ser ut til å kombinere denne idéen med lagnaden om Russland som ein berar av verdssivilisasjonen.

*Nasji* viser etter mitt syn tydelege teikn på utopisme. Dette er sjølvsagt ein del av alle politiske program, men som kapittel 4 synte, kan tida etter 1985 oppfattast som ei så omskiftande tid at utopiar har fått fotfeste, nett som eitt hundre år tidlegare. Rørsla ser føre seg ei lys framtid for Russland. Dessutan ber ho ungdomen om å retta seg inn mot yrke som er knytte til kosmos, nanomedisin, vertikalt jordbruk, genmodifiserte matvarer og yrke som kan løysa "problemet med dauden". Eg identifiserte dette som eit ynske om å leggja naturen under menneskeleg kontroll på alle plan og bibliotekaren Fjodor var kan hende ein av dei fyrste som bringa desse tankane på banen. Som nemnd, Berdjajev meiner at Fjodorovs interesse for frelsa og oppstoda til alle menneske var typisk russisk. *Nasji* kviler her tydeleg på ein historiskutopisk arv.

Dei som skal få til alt dette er, ifylgje *Nasji*, det rørsla kallar generasjonen av praktiske drøymarar. Dette leia tankane inn mot konseptet *homo sovjeticus* frå SSSR-tida, eit sovjetisk motstykke til det nazistiske *übermensch*. Den sovjetiske varianten skulle vera både

gjennomsnittleg og samstundes overmenneskeleg. *Nasji* oppmodar ungdomen til å verta verdsleiande på fagfeltet sitt, verta gjennomprofesjonell og framifrå på alle vis. Dette høyrast i eit daglegtale språk ut som noko overmenneskeleg, men *Nasji* gjev inntrykk av at dette skal verta norma. Slik sett vert denne overmenneskelege drøymegenerasjonen gjennomsnittleg. Difor har eg kalla *Nasjis* ungdom for *homo russikus*, ein framtidig supergenerasjon som kan føra Russland til stordom og leiarskap på verdsbasis og oppfylla Messias-rolla til Russland. *Nasji* ynskte på sett og vis å skapa eit nytt fellesskap som i lag skulle arbeida til det beste for Russland. Trådane tilbake til SSSR-tida med liknande idéar, er openberre i mine augo.

Hovudfunnet i tekstanalysen er at manifesta til *Nasji* byggjer på eit idéhistorisk grunnlag om russisk stordom i fortida. Dette utgjer grunnlaget, i lag med somme andre faktorar, for russisk stordom òg i framtida. Dette funnet har vore særstaktydeleg der *Nasji* kjem med døme på vellukka modernisering og døme på tidspunkt der Russland har vald det rørsla omtalar som leiarskapsformularet tidlegare i historia. Det er mogleg å tolka det idéhistoriske grunnlaget som *Nasji* byggjer på som ei form for nasjonsbygging, men eg meiner, slik det kom fram i kapittel 4.3.3 at det òg er grunn til å omtala verksemda som ei form for statsbygging. Sentralt i dette er suvereniteten som skal stogga fiendane og syta for, og forklåra kvifor Russland bør inntaka posisjonen som ein verdsleiar. Han er knytt til messianismen som framstiller Russland som ein verdsfrelsar, noko som er tydeleg i manifesta til ungdomsrørsla *Nasji*.

Heilt til slutt kan det vera interessant å setja det heile i perspektiv. I Noreg er ein svært oppteken av å identifisera seg med vikingane og vikingtida, trass i at skilnadene mellom dagens norske samfunn og vikingsamfunnet er store. Sosialantropolog Thomas Hylland Eriksen sa våren 2013 i eit intervju med NRK at alle folk treng å finna røtene sine. Vikingtida er det som gjer oss spesielle, litt annleis enn andre. Identifiseringa med vikingtida teiknar eit bilet av ei fortid der nordmenn var frykta i heile Europa og folk leitar fram dei minna om fortida som dei vil taka med seg vidare (Eriksen 2013). Òg i Noreg er me selektive kring dette med nasjonsbygging. Det er ikkje mykje frå unionstida som i årmenta vert trekt fram i dagens Noreg når nordmenn skal leita fram røtene til Noreg. Tida då landet hadde ei sterk stilling i Europa er òg hjå oss ovundra. Det er stordomstida vår me hyllar. Nett det same gjer *Nasji*. Denne samanlikninga set sjølv sagt ikkje likskapsteikn mellom Noreg og *Nasji*, men stordomsminneperspektivet er sentralt i både tilfella. Skilanden ligg mellom anna i at den russiske ungdomsrørsla ser vel så mykje framover som attende i tid.

## 6.0 Litteraturliste

Der ikkje anna er opplyst, er alle nettlenker vitja siste gong 10/5-2013.

Atwal<sup>A</sup>, Maya: "Вперёд! Exploring the Dialectic between Continuity and Transformation in the Development of the Pro-regime Russian Youth Organisation Nashi" s. 86–99 i Bhambry, T., Griffin, C., Hjelm, J. T. O., Nicholson, C., og Voronina, O.G.: *PERPETUAL MOTION? Transformation and Transition in Central and Eastern Europe & Russia*. School of Slavonic and East European Studies, University College London (UCL), 2011

– Nettlenke: [http://discovery.ucl.ac.uk/1322980/1/Atwal\\_Chapter\\_Seven.pdf](http://discovery.ucl.ac.uk/1322980/1/Atwal_Chapter_Seven.pdf)

Atwal, Maya: "Evaluating *Nashi*'s Sustainability: Autonomy, Agency and Activism" s. 743–758 i *Europe-Asia Studies*, årgang 61, nummer 5. Routledge 2009

– Nettlenke: <http://dx.doi.org/10.1080/09668130902904878>

Atwal<sup>B</sup>, Maya: *Investigating the democratic effects of state-sponsored youth participation in Russia: Nashi and the Young Guard of United Russia*. Doktorgradsavhandling levert ved University of Birmingham 2011

– Nettlenke: <http://etheses.bham.ac.uk/2842/>

Atwal, Maya og Bacon, Edwin: "The youth movement Nashi: contentious politics, civil society, and party politics" s. 1–11 i *East European Politics*, årgang 28, nummer 3, 2012.

– Nettlenke: <http://dx.doi.org/10.1080/21599165.2012.691424>

Bacon, Edwin: *Contemporary Russia*. Palgrave MacMillian, andre utgåve, New York 2010

Bacon, Edwin og Renz, Bettina: *Securitising Russia. The domestic politics of Putin*. Manchester University Press, Manchester 2006

Barents observer: "Norwegian cash triggers one more 'foreign agent'", publisert på nettstaden *Barents observer* 8/5-2013

– Nettlenke: <http://barentsobserver.com/en/society/2013/05/norwegian-cash-triggers-one-more-foreign-agent-08-05>

BBC: "Russian youth 'hound UK envoy'", publisert av *BBC* 8/12-2006

– Nettlenke: <http://news.bbc.co.uk/2/hi/europe/6162033.stm>

Berdjajev, Nikolaj: *Den russiske idé. Grunnleggende problemer i russisk tenkning på 1800-talet og begynnelsen av 1900-tallet*. Omsett at Torgeir Böhler. Solum forlag, Oslo 2012

Berdyaev, Nicholas: "N. F. Fedorov" s. 124–130 i *Russian Review* årgang 9, nummer 2, 1950

– Nettlenke: <http://www.jstor.org/stable/125457>

Blakkisrud, Helge: "Russian Regionalism Redefined? Nation-Building, Values, and Federal Discourse" s. 239–268 i Kolstø, Pål og Blakkisrud, Helge: *Nation-Building and Common Values in Russia*. Roman & Littlefield Publishers, Inc, Oxford 2004

Blum, Douglas W: *National Identity and Globalization. Youth, State, and Society in Post-Soviet Eurasia*. Cambridge University Press, Cambridge 2007

Borusjak, Ljubov': "Nasji": kogo i kak utsjat spasat' Rossiju" s. 17–29 i *Vestnik obsjtsjestvennogo mnenija. Dannye. Analiz. Diskussii*, årgang 13, nummer 79, 2005  
– Nettlenke: [http://www.levada.ru/sites/default/files/vom\\_2005.579.pdf](http://www.levada.ru/sites/default/files/vom_2005.579.pdf)

Buchacek, Douglas Robert: *NASHA Pravda, NASHE Delo: The mobilization of the Nashi generation in contemporary Russia*. Masteroppgåve levert ved The University of North Carolina at Chapel Hill, 2006

– Nettlenke: [http://cgi.unc.edu/uploads/media\\_items/nasha-pravda-nashe-delo-the-mobilization-of-the-nashi-generation-in-contemporary-russia.original.pdf](http://cgi.unc.edu/uploads/media_items/nasha-pravda-nashe-delo-the-mobilization-of-the-nashi-generation-in-contemporary-russia.original.pdf)

Bulgakov, Mikhail A.: *Sobatsje serdtse*.<sup>183</sup> Til dømes: Bristol Classical Press. London 2001

Byzov, Leontij: "Ulitsjnaja politika", publisert av *VTsIOM* 2/4-2007  
– Nettlenke: <http://wciom.ru/index.php?id=266&uid=4317>

Dafflon, Denis: "Youth in Russia – The Portrait of a Generation in Transition".

Granskingsrapport frå Swiss Academy for Development (SAD), Bern 2009

– Nettlenke: [http://www.stiftung-drja.de/fileadmin/user\\_upload/Dokumente/Russland/sad-youth-in-russia.pdf](http://www.stiftung-drja.de/fileadmin/user_upload/Dokumente/Russland/sad-youth-in-russia.pdf)

Der Spiegel: "SPIEGEL Interview with Kremlin Boss Vladislav Surkov: 'The West Doesn't Have to Love Us", i *Der Spiegel*, 20/6-2005

– Nettlenke: <http://www.spiegel.de/international/spiegel/spiegel-interview-with-kremlin-boss-vladislav-surkov-the-west-doesn-t-have-to-love-us-a-361236.html>

Dievskij, Aleksej: "Novoe molodjozjnoe dvizjenie dolzno stat siloj, kotoraja budet protivostojat revoljutsii". Intervju med Viktor Militarjov, opphavleg publisert av Kreml, men no tilgjengeleg på heimesidene til partiet Nasjonalbolsjhevikane

– Nettlenke: <http://www.nbp-info.ru/244.html>

Diuk, Nadia M.: *The Next Generation in Russia, Ukraine, and Azerbaijan. Youth, Politics, Identity, and Change*. Rowman & Littlefield Publishers, Inc, Lanham m. fl. 2012

Dubin, Boris: "Osobyj put" i sotsial'nyj porjadok v sovremennoj Rossii" s. 8–18 i *Vestnik obsjtsjestvennogo mnenija. Dannye. Analiz. Diskussii*, årgang 17, nummer 103, 2010

– Nettlenke: [http://www.levada.ru/sites/default/files/vom\\_2010.1\\_103.pdf](http://www.levada.ru/sites/default/files/vom_2010.1_103.pdf)

Egeberg, Erik: "Erik Krag og Kampen mot Vesten". Forord til ei nyopptrykt utgåve av Krag, Erik: *Kampen mot Vesten i russisk åndsliv*. Universitetsforlaget, Oslo 1990

Egge, Åsmund: *Fra Aleksander II til Boris Jeltsin. Russland og Sovjetunionens moderne historie*. Universitetsforlaget, Oslo 1993

---

<sup>183</sup> Boka er òg mogleg å finna på norsk, omsett av Erik Egeberg: *Hundehjertet: en uhyrlig historie*. Russisk tittel: *Собачье сердце*.

Ehre, Milton: "Olesha's Zavist': Utopia and Dystopia" s. 601–611 i *Slavic Review* årgang 50, nummer 3, 1991

– Nettlenke: <http://www.jstor.org/stable/2499856>

Encyclopedia Britannica: "Leonid Kuchma", publisert hjå *Encyclopedia Britannica Online Academic Edition* i 2012

– Nettlenke: <http://www.britannica.com/EBchecked/topic/324312/Leonid-Kuchma>

Eriksen, Thomas Hylland: Intervju i NRK-programmet "Arkeologene: Vikingen – superhelt og bonde", sendt fyrste gong på *NRK1* 28/4-2013

– Nettlenke: <http://tv.nrk.no/serie/arkeologene/dktt46000511/sesong-1/episode-5>

